

Noregs miljø- og
biovitenskaplege
universitet

Masteroppgåve 2017 30 stp.
Fakultet for Landskap og samfunn

Formgjevingsprinsipp som hjelpemiddel til å planleggje og utforme utandørs møteplassar i sentrum av mindre, vestnorske tettstadar i rurale omgjevnadar

Ingvild Fossheim
Master i Landskapsarkitektur





Formgjevingsprinsipp som
hjelpemiddel til å planleggje
og utforme utandørs møteplassar i
sentrum av mindre, vestnorske
tettstadar i rurale
omgjevnadar



BIBLIOTEKSIDE

Tittel:

Formgjevingsprinsipp som hjelpemiddel til å planleggje og utforme utandørs møteplassar i sentrum av mindre, vestnorske tettstadar i rurale omgjevnadar

Title:

Design principles as an aid to plan and design outdoor meeting places in smaller towns in rural environments

Forfatter:

Ingvild Fossheim

Hovudrettleiar:

Agustin Sebastian

Oppgåvetype:

Masteroppåve i landskapsarkitektur, 30 studiepoeng

Publisert:

6. juni 2017

Format:

Kvadratisk A3, 297x297 mm

Sidetal:

114

Font:

Calibri Light og Source Sans Pro

Opplag:

6

Nøkkelord:

Verktøykasse, formgjevingsprinsipp, utandørs møteplassar, rural, tettstad.

Keyword:

Toolbox, design principles, outdoor meeting places, rural, small town.

Illustrasjonar og foto:

Der ikkje anna er nemnt har eg sjølv teke bilete eller laga illustrasjonane.

Alle kart har eg sjølv framstilt basert på kartgrunnlag eg har fått frå Gloppen kommune.

FORORD

Denne masteroppgåva set eit endeleg punktum for mine fem år som landskapsarkitekturstudent hjå Fakultetet for Landskap og Samfunn hjå Noregsmiljø og biovitenskaplege universitet.

Det var lenge klårt for meg at eg ville skrive master om noko som kunne gagne heimstaden min, Sandane, og Gloppen kommune kom med i møte med store smil og valdsamt engasjement då eg sa eg gjerne ville skrive for dei.

I samråd med Birte Fossheim, planleggjar i Gloppen kommune, vart vi samde om at oppgåva skulle handle om korleis ein kan utforme gode utandørs møteplassar i mindre tettstadar, slike som Sandane. Det hadde vist seg å vere vanskeleg å finne slik informasjon. Dermed ville ei masteroppgåve om dette emnet kunne bidra med verdifull kunnskap både i arbeidet med å fornye Sandane sentrum, men òg potensielt hjelpe andre distriktskommunar i deira utviklingsarbeid.

Mitt håp for denne oppgåva er sjølv sagt at Gloppen kommune kan gjere seg nytte av innhaldet. Men i tillegg håpar eg at ho kan vere med å setje fokus på kor viktig det er å tilføre kunnskap om utvikling i distrikta som er basert på kunnskap derifrå, heller enn overført kunnskap frå større byregionar.

Eg vil takke Birte, som har vore min kontaktperson i kommunen, for alle idear, hjelp og støtte, samt eit særskilt smittande engasjementet. Takk til Gloppen kommune som ga meg tilgang på kartgrunnlag og økonomisk stønad til reise slik at eg fekk gjennomført fleire synfaringar.

Særskilt rettar eg ei stor takk til rettleiaren min, Agustin Sebastian, for alle faglege innspel og for at han aldri ga meg opp og pusha meg vidare då eg sjølv var like ved å gjere kaste inn handkleet.

Stor takk til Aurora, Inger Beate og mamma som har korrekturlest oppgåva og kome med nyttige tilbakemeldingar. Takk til alle eg har fått låne bilete av, og til alle eg elles har vore i kontakt med i samband med dette arbeidet.

Til slutt vil eg takke kjæraste og alle venar og medstudentar for all støtte og gode stundar gjennom desse fem åra! Utan dykk er det ikkje sikkert det ville blitt noko av denne masteren her.



Ås, 6. juni 2017
Ingvild Fossheim

SAMANDRAG

Litteraturen som handlar om kva det er som gjer byrom og møteplassar gode, er basert på og retta mot urbane tettstadar og byar. Er då denne kunnskapen direkte overførbar til mindre, vestnorske tettstadar i rurale omgjevnadar? Ikkje berre er folkesetnaden her mykje mindre og dessutan spreidd, tettstadane har òg heilt andre utfordringar og styrker enn kva byane har.

Denne oppgåva stiller difor spørsmålet: Kva for formgjevingsprinsipp bør liggje til grunn for utforming av utandørs møteplassar i sentrum av mindre, vestnorske, rurale tettstadar? Sandane sentrum har vore case for oppgåva.

For å svare på dette spørsmålet har eg sett på nasjonale føringar for utvikling i distrikta, og teke føre meg kjend byroms- og bylivslitteratur. Dette har eg stilt opp mot styrker og utfordringar som kjenneteiknar typiske mindre, rurale tettstadar på Vestlandet, samt erfaringar og registreringar eg har gjort i Sandane sentrum.

Hovudlærdomen frå arbeidet med denne oppgåva er at det ikkje nyttar tenkje utforming av møteplassar isolert sett. Til det er grunnlaget mange slike tettstadar har å jobbe med for svakt til at folk flest har lyst til å bruke tid der. Ein må med andre ord jobbe for å styrke sentrum som ein heilskap slik at det vert ein attraktiv stad å vere. Difor vil eg hevde at det å lage gode møteplassar i slike sentrum handlar minst like mykje om sentrumsutvikling som om den fysiske utforminga av møteplassane.

Resultatet er blitt ei verktøykasse med prinsipp som bør liggje til grunn for planlegging og utforming av møteplassar i sentrumsområda i mindre tettstadar i rurale område på Vestlandet. Men dette er berre eit verktøy. Det er avgjerande at kvart prosjekt vert tilpassa kvart enkelte tilfelle, basert på medverknad frå den lokale folkesetnaden og kunnskap om utfordringar og styrker dei aktuelle tettstadane står ovanfor.

ABSTRACT

The literature that describes what makes city spaces and meeting places good, are based on and targeted towards urban villages and cities. Is this knowledge directly transferable to villages in western Norway (Vestlandet) in rural environments? The populations in these areas are lower and more spread geographically, in addition to having different challenges and strengths than cities.

This paper therefore asks the question: What design principles should be the foundation for creating outdoor meeting places in centers of small, rural villages in Vestlandet? The example village used for this paper was Sandane village in the municipality of Gloppen.

To answer this question, I have looked at national guidelines for district development, and researched city space and city life literature. I've compared this to strengths and challenges that are characteristics typical of small, rural villages in Vestlandet, in addition to personal experience and surveys I have done in Sandane.

The main takeaway from this paper is that designing meeting places in isolation is not good enough. The foundations for meeting places in the villages are too weak to make people want to spend time in them. It is necessary to work holistically to strengthen the village center to make it an attractive place to be. My claim is therefore that creating good meeting places in village centers is as much about development of the village center as it is about the physical design of the meeting places.

The result is a toolbox of design principles that should serve as a foundation for planning and designing meeting places in the rural village centers of Vestlandet. But this is just a tool. It is paramount that projects are tailored to the individual cases, based on cooperation with the local population and knowledge about the relevant strengths and challenges of the village.

INNHALDSLISTE

INNLEIANDE

1	FRAMSIDE
6	BIBLIOTEKSIDE
7	FORORD OG TAKK TIL
8	SAMANDRAG
9	ABSTRACT
12 - 13	OMGREPSDEFINISJON
14 - 19	INTRODUKSJON
16	Bakgrunn for val av tema
17	Problemstilling og mål
18	Avgrensing
19	Metode og oppbygging av oppgåva

DEL 1: TEORI

22 - 29	1.1: UTVIKLING TILPASSA DISTRIKTA
24	Likeverdige levkår kvar enn ein bur
25	Kompakt sentrum på bygda òg
25	Omsyn til eit klima i endring
26	Fysisk aktivitet
27	Friluftsliv
27	Tilgjenge
28 - 29	Oppsummering
30 - 45	1.2: OM MØTEPLASSAR
32	Korleis vi opplever rom
33	Romdannande element
34	Landskapet
35	Rom vi trivst i
36	Kvifor treng vi utandørs møteplassar?
37	Korleis avgjere om ein møteplass er god?
38	Eit felles utgangspunkt
39	Gehl sine 12 kvalitetskriteria
40	Opphald
41	Forholdet mellom ute og inne
42 - 43	Eit felles utgangspunkt
44 - 45	Ein god møteplass

DEL 2: EMPIRI

48 - 61	2.1: DEN MINDRE, RURALE TETTSTADEN
50 - 51	Klima
52 - 54	Veiskapar og utfordringar
55 - 59	Styrker og moglegheiter
60 - 61	Oppsummering
62 - 81	2.2: SANDANE
64	Midt i Nordfjord
65	Klima og landskapet
66	Sandane i dag
67	Betring i vente
68 - 69	Bilbasert
70 - 71	Fotgjengar i sentrum
72	Noverande reguleringsplan
73	Lite liv i sentrum
74 - 75	Grønstruktur
76	Glopparane
77	Kven er i sentrum
78 - 79	Tenester og tilbod
80 - 81	Få utandørs møteplassar

DEL 3: DISKUSJON

84 - 89 **DISKUSJON**

- 84 Dei grunnleggjande behova er dei same
- 85 Kva prinsippa er basert på
- 86 Utgangspunktet er ikje godt nok
- 87 Hovudlærdom
- 88 - 89 Føresetnadar for vellukka møteplassar

DEL 4: VERKTØYKASSA

92 - 103 **VERKTØYKASSA**

- 94 - 95 Del 1
- 96 - 103 Del 2

AVSLUTNING

106 **KONKLUSJON**

- 107 **REFLEKSJON**
- 108 - 110 **KJELDELISTE**
- 111 **FIGURLISTE**

OMGREPSDEFINISJON

TETTSTAD:

Tettstad er i dag eit veldig vidt omgrep. I følgje Statistisk sentralbyrå sin definisjon, er alle førekomstar av busetnadar med minimum 200 innbyggjarar og normalt mindre enn 50 meter mellom kvart hus, tettstadar (Statistisk sentralbyrå 2016). Det vil til dømes seie at både Oslo og Otta er tettstadar, men karakteren og storleiken er særskilt ulik og dei kan mest ikkje samanliknast.

Det finnast ikkje noko godt norsk ord som syner nyansane mellom tettstadane. I denne samanhengen har eg difor for enkelheitsskuld valt å nytte tettstad synonymt med det som er interessant for oppgåva mi: *mindre tettstadar* i Distrikts-Noreg. Med det meiner eg tettstadar i *rurale omgjevnadar* med mellom 1000 og 3000 innbyggjarar knytt til tettstaden.

Busetnadar med færre innbyggjarar kjem eg til å kalle *bygder* sjølv om det er nyansar innanfor dette omgrepet òg, samt *små tettstadar*. Har busetnadane derimot fleire enn 3000 innbyggjarar, kjem eg i denne oppgåva til å kalle dei for *større tettstadar*, *småby* og *storbyar*. Alle storleikane er relative omgrep, men siktar her til norske høver.

UTANDØRS MØTEPLASSAR:

Med *utandørs møteplass* meiner eg i denne samanhengen ein utandørs plass eller eit område som er spesielt tiltenkt og tilrettelagt som ein stad ein kan opphalde seg på over lenger tid og som alle har tilgang til og er frie til å bruke. Dette er ein *uformell* plass ein oppsøker anten i håp om å tilfeldig treffe nokon ein kjenner, for å treffe nokon (t.d. ven/venner) etter avtale, eller for å passivt observere andre og "sjå på livet" rundt seg.

Når eg vidare i oppgåva snakkar om *møteplassar* er det altså møteplassar *utandørs* eg siktar til. Dersom eg meiner *innandørs* møteplassar vil det vere tydeleg presisert.

MØTE:

I denne samanhengen er det å *møte* nokon, snakk om uformelle møter mellom menneskje, anten dei kjenner kvarandre eller ei. Det kan vere avtalte møter, eller tilfeldige møter mellom folk, men alle er uformelle. Her vil altså ordet møte ha same tyding som det å *treffe* nokon.

MÅLPUNKT:

Om målpunkt har eg valt å bruke same definisjon som Kommunal- og moderniseringsdepartementet nyttar i handboka Byrom – Ei Idéhåndbok:

"...dei viktigaste stadane folk oppheld seg på og oppsøker i kvardagen: til dømes heimen, skulen, og barnehagen – og butikkar, offentlege og private servicestadar som kafear og spisestadar, frisør og treningsstudio, i tillegg til attraksjonar" (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2016, s. 101).

DISTRIKT:

I denne oppgåva har *distrikt* tydinga "landleg område, gjerne med forholdsvis spreidd busetnad..." (Distrikt: landlig område 2009), og er ei "... generell nemning på, og skildring av eit geografisk område utan direkte kopling til landet sine forvaltningsmessige inndelingar. ... omgrepet [har] hatt politisk relevans som nemning på dei rurale eller snarare ikkje-urbane delane av landet" (Distrikt 2013).

**PÅ BYGDA:**

Bygda har i denne sammenhengen same tyding som *distrikt* og siktar ikkje til éi spesifikk bygd. Eg kjem her etter til å nytte ”i distrikta” og ”på bygda” synonymt.

RURAL:

Rural er eit anna ord for ”landleg” eller ”bondsk” (Kunnskapsforlaget u.å.). I denne oppgåva nyttar eg ruralt om eit geografisk område, t.d. ein kommune eller eit fylke, som i hovudsak er prega av landbruk. Sjølv om sentrum kan ha visse trekk og kvalitetar ein finn att i byar, er busetnaden forholdsvis spreidd.

INNVANDRAR:

I denne oppgåva er innvandrar definert som ”ein person som er fødd i utlandet av to utanlandskfødde foreldre, og som på eit tidspunkt har innvandre til Noreg. Omgrepet innvandrar seier ikkje noko om årsaka til innvandring. Innvandrarbakgrunn omfattar både innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre.” (Meld. St. 30 (2016 – 2017), s. 8).



Utsyn frå Daurmålsnibba i Gloppen

INTRODUKSJON

I denne delen presenterer eg bakgrunnen for val av tema, problemstilling og mål, samt metoden for korleis eg har gjennomført oppgåva.



BAKGRUNN

FOR VAL AV TEMA

PERSONLEG MOTIVASJON

Som vestlending, vekst opp på Sandane i Gloppen, ein landbrukskommune i Distrikts-Noreg, har eg somme tider tenkt at det verkar som om alt fokuset på utvikling i Noreg i hovudsak må konsentrere seg om byane og dei større, meir sentrale tettstadane.

Alt oppstyret om kommunesamanslåing, sentralisering av viktige funksjonar som til dømes skule- og helsetilbod, og fokus på utvikling i sentrale byar som til dømes Oslo, gjer at ein kan byrje å tru at distrikta ikkje er så viktige. Eg er truleg heller partisk, og har nok langt frå det fulle og heile biletet, men som lokal frå ein mindre tettstad, verkar det for meg som om vi vert litt gløymt.

Eg kan sjølv sagt ikkje snakke for alle, men personleg har eg ikkje noko ynskje om å bli buande verken i Oslo-regionen eller tilsvarande byar heile mitt yrkesaktive liv. Eg vil attende til heimtraktene på Vestlandet, men for at dette skal vere mogeleg, må eg vere trygg på at desse stadane ikkje vert nedprioritert i konkurransen med "viktigare" stadar. Eg må vere viss på at utviklinga av Distrikts-Noreg får så stort fokus som det bør ha, og at distriktskommunane ikkje berre har vilje, men òg god nok kompetanse i bakhand til å drive utviklinga i riktig veg.

Målretta utvikling vil kunne gje meir arbeidskraft i form av fleire folk, og fleire folk gjev ytterlegare større kapasitet for at utviklinga skal halde fram. Ein må altså syte for at det distrikta tilbyr er godt nok til at dei fastbuande vel å bli verande, og at aktuelle tilflyttarar vel å busetje seg.

Staden må vere attraktiv nok. Ein må kunne bu utan at det går på kostnad av ulike tilbod og kvalitetar ein ynskjer seg av ein buplass. Dette handlar mellom anna om jobbtillbod, bustadstadstilbod og –kvalitet, funksjons- og aktivitetstilbod, skule- og helsetilbod, samt innbydande og inkluderande omgjevnadar for å nemne noko.

Som landskapsarkitekt er det på sistnemnde punkt, omgjevnadane utandørs, eg i størst grad kan bidra, og det er nettopp det eg ynskjer å gjere med denne masteroppgåva.

Sandane ligg meg tett til hjartet, og eg støttar opp om Gloppen kommune sitt ynskje om å "styrkje Sandane som kommunesenter", og som "handels- og kultursenter for kommunen og for den nære regionen" (Gloppen kommune 2009, s. 20 og 25). Reint personleg vil den vidare utviklinga av tettstaden ha mykje å seie for om det vert aktuelt å flytte attende eller ei. Difor ynskjer eg å gjere mitt for at kommunen skal nå måla sine.

Eg meiner at den beste måten eg kan gjere det på, er ved å bidra med noko som Gloppen kommune kan gjere nytte av mot slutten i prosessen med fornyinga av kommunesenteret som pågår no. Når kommunen har vedteke ny sentrumsplan og alt skal planleggjast meir presist og detaljert, heller enn konseptuelt, vil eg bidra med kunnskap.

LITE INFORMASJON RETT MOT MINDRE

TETTSTADAR

Gjennom studiet i landskapsarkitektur har eg sett at det finnast mykje kunnskap som seier noko om kva som gjer byrom og møteplassar gode. Men dette er kunnskap som stort sett omhandlar byar og større, urbane tettstadar, og eg har ikkje funne noko som er direkte tilspissa til mindre tettstadar eller bygder for den del.

Problemet slik eg ser det, er at det ikkje nødvendigvis er gitt at denne kunnskapen er overførbar til tettstadar med mindre og meir spreidd folkesetnad. Det er ikkje tvil om at det er skilnadar mellom urbane og rurale strøk.

For meg er det viktig at planleggjarar i kommunar i Distrikt-Noreg òg har tilgang på retningsliner og kunnskap som er tilpassa stadane dei planlegg for. Berre slik kan dei få eit best mogeleg grunnlag å basere seg på når dei skal utforme møteplassar som egnar seg på stadar der det ikkje berre er færre folk, men òg heilt andre føresetnadar i høve til byane. Då vert sannsynet for å få ein vellukka møteplass størst.

Av di inviterande og gode uterom og offentlege møteplassar i sentrumsområda er særskild viktig for trivsel i nærmiljøet og kor attraktiv ein stad opplevast, vil eg forsøke å lage ei verktøykasse med prinsipp for utforming av slike møteplassar i sentrum av mindre, vestnorske tettstadar i rurale omgjevnadar.

Mitt håp er at ikkje berre planleggjarar i Gloppen, men òg planleggjarar i tilsvarande distriktskommunar, kan ha nytte av denne verktøykassa.

PROBLEMSTILLING:

Kva for **formgjevingsprinsipp** bør liggje til grunn for utforming av utandørs møteplassar i sentrum av mindre, vestnorske, rurale tettstadar?

MÅL:

Lage ei **verktøykasse** med prinsipp som planleggjarar i distriktskommunar kan bruke til å planleggje og formgje utandørs møteplassar i sentrum av mindre, vestnorske, rurale tettstadar.

AVGRENSING

MINDRE, RURALE TETTSTADAR

I denne oppgåva er ein “mindre, rural tettstad” definert som ein tettstad som har mellom 1000 og 3000 innbyggjarar og som ligg i landlege (rurale) omgjevnadar. Dei er med andre ord “mindre” i norsk samanheng, men ville til dømes vore veldig små i Europeisk samanheng. Eg har gjort dette utvalet av di tettstaden Sandane fell inn i denne kategorien.

MØTEPLASSAR I SENTRUM

Fokuset i denne oppgåva er utandørs møteplassar i sentrum av tettstadane som er opne for ålmenta.

LITTERATURUTVALET

Eg har valt å ta utgangspunkt i byroms- og bylivslitteratur som i norsk samanheng er godt kjend: Jan Gehl, Erik Lorange, Ola Bettum og Peter Butenschøn.

I tillegg har eg nytta litteratur av Christopher Alexander mfl. og Matthew Carmona mfl. (sjå kjeldelista).

SANDANE SENTRUM

Eg har brukt Sandane sentrum som eit døme på eit sentrum i ein typisk, mindre og rural tettstad, og har sett på korleis sentrumsstrukturen er i dag.



DEN VESTNORSKE TETTSTADEN

For å redusere omfanget av oppgåva mi noko, har eg valt å avgrense ho til i hovudsak å omhandle vestnorske tettstadar. Eg seier vestnorske av di Sandane ligg på Vestlandet og at generell informasjon om slike tettstadar difor er relevant for Gloppen kommune.

Så kva legg eg i nemninga vestnorsk? Eg tek hovudsakleg utgangspunkt i landsdelen Vestlandet, altså fylka langs Noreg sin vestkyst frå og med Møre og Romsdal til og med Rogaland. Men sjølv dette området famnar om landskap med store variasjonar.

Når eg her snakkar om eigenskapar som er felles for vestnorske tettstadar, **tek eg difor særskilt for meg tettstadar som ligg i eit landskap som er omkransa av fjell og med nær tilknytning til ein fjord og som difor er prega av eit maritimt klima.**

Eg tek altså sikte på å finne eigenskapar ein må ta omsyn til for å lette arbeidet med å lage gode møteplassar i slike tettstadar. Men det må seiast at det ikkje nødvendigvis er slik at dei eigenskapane eg snakkar om er *unike* for vestnorske tettstadar åleine.

METODE

TEORETISK OG EMPIRISK TILNÆRMING

Denne oppgåva er både teoretisk og empirisk forankra. Resultatet er eit framlegg til ei verktøykasse med prinsipp som bør liggje til grunn i av planlegging og utforming av offentlege møteplassar utandørs i sentrum av mindre tettstadar i rurale omgjevnadar.

Eg har føretatt ein dokumentgjennomgang av rapportar, statlege meldingar og rettleiarar, gjennomført litteraturstudie, samt fysisk stadanalyse og synfaring av Sandane sentrum. I tillegg har eg hatt uformelle samtalar med nokre av innbyggjarane og brukarar av Sandane sentrum.

I utarbeidinga av grunnlaget som oppgåva baserer seg på, har eg brukt mykje av mi eiga erfaring og kunnskap om korleis det er å bu i ein mindre, rural tettstad på Vestlandet, og kva det er som kjenneteiknar slike tettstadsentrum og som dei har til felles.

OPPGÅVA SI OPPBYGGING

INNEDELING

Oppgåva er delt inn i 5 delar. Del 1 og 2 utgjer kunnskapsgrunnlaget eg har utarbeidd verktøykassa frå. I del 3 diskuterer eg meg fram til kva det er prinsippa bør basere seg på, og presenterer so desse i del 4. Deretter følgjer konklusjonen i del 5 etterfølgd av ein refleksjon.

GRUNNLAGET FOR VERKTØYKASSA

- 1 TEORI**
Den fyrste delen tek føre seg teorigrunnlaget for oppgåva med nasjonale føringar for utvikling i Distrikts-Noreg etterfølgd av litteraturgjennomgangen.
- 2 EMPIRI**
Del to er ein empirisk del der eg tek føre meg styrker og utfordringar hjå den typiske mindre, vestnorske tettstaden i rurale omgjevnadar.

Deretter følgjer mine eigne registreringar og analyser av Sandane sentrum.

DISKUSJON OG RESULTAT

- 3 DISKUSJON**
Her tek eg føre meg det eg har tilegna meg av kunnskap i del 1 og 2 og argumenterer for kva det er prinsippa i verktøykassa bør basere seg på.
- 4 VERKTØYKASSE**
- 5 AVSLUTNING**
Her presenterer eg konklusjonen min og avsluttar deretter med ein refleksjon.

DEL 1: TEORI

I denne delen forsøker eg å danne meg eit teoretisk grunnlag som eg skal bruke for å utarbeide prinsippa i verktøykassa.

Eg byrjar med å sjå på kva det er Regjeringa seier om utvikling i Distrikts-Noreg.

Deretter tek eg føre meg litteraturen som omhandlar møteplassar, byrom og byliv.







1.1: UTVIKLING

TILPASSA DISTRIKTA

I dette kapitlet ser eg nærare på kva Regjeringa har å seie om kva det er som gjer ein stad attraktiv å bu på, samt kva nasjonale føringar som ligg til grunn for planlegging og etablering av uterom generelt, og kva dette kan ha å seie for mindre tettstadar i distrikta.

I Meld. St. 18 (2016 – 2017) *Berekraftige byar og sterke distrikt* ytrar Regjeringa eit ynskje om å sikre "berekraftig utvikling og vekstkraft i alle byar og tettstadar, distrikt og regionar" (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 5).

Tradisjonelt, slik det vart lagt fram i Brundtlandkonvensjonen i 1987, har ein knytt *berekraft* saman med *klimavenleg* utvikling. I dag er omgrepet utvida til å omfatte berekraftig utvikling i både *sosial* og *økonomisk* samanheng, i tillegg til det klimavenlege aspektet. Som følgje av at stadig fleire av Noreg sin folkesetnad bur i byar og tettstadar, er det difor eit viktig nasjonalt mål å utvikle attraktive og klimavenlege byar og tettstadar som det er godt å bu og leve i.

Denne utviklinga har lenge teke utgangspunkt i erfaringar frå byar og store tettstadar, noko som ikkje nødvendigvis er så enkelt å overføre til mindre busetnadar i distrikta (Gehl architects og Distriktssenteret 2016, s. 3).

Ein balansert folkesamansetnad er grunnlaget for å drive utviklinga framover. På Vestlandet er det derimot ein god del kommunar som har ein ubalansert folkesamansetnad, i tillegg til å ha eit generelt lågt folketal. Talet på eldre i høve til folk i arbeidsfør alder er mykje høgare i tynt folkesette områda enn i sentrale strøk (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 104).

Desse distrikta står med andre ord overfor ein del utfordringar (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 119) i høve til utviklingsarbeidet. Det er difor viktig å finne løysingar på korleis ein kan planleggje på ein god måte som er tilpassa dei tynt folkesette områda.

Ved å syte for at desse stadane stiller sterkare i konkurransen mot større urbane byar og tettstadar, kan ein motverke straumen av unge menneskje som flyttar frå dei mindre sentrale tettstadane i distrikta. Til det er det avgjerande å vere medvitne om skilnadane mellom sentrale storbyområde og mindre tettstadar i rurale omgjevnadar.

LIKEVERDIGE LEVEKÅR KVAR ENN EIN BUR

For å motverke flyttestraumane av dei unge må ein syte for å gjere sentrumsområda på bygda attraktive og levande (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 73). I likskap med urbane område, må bygda òg kunne by på eit fullgodt tilbod av moglegheiter og livsutfaldingar for enkeltmennesket.

For å trekke til seg gode idéar, arbeidskraft og kapital må stadane tilfredsstillende menneskja sine grunnleggjande behov. Dette er ”*næring, tryggleik, tilhørsle, individuell anerkjenning og utviklingsmoglegheiter*” (Miljøverndepartementet 2009, s. 19). Det må vere godt å bu og leve i dei rurale tettstadane (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 84) og dette har mykje å gjere med korleis sentrum er utforma.

Korleis dei fysiske omgjevnadane våre ser ut har mykje å seie for livet til kvar enkelt av oss (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 7). Omgjevnadane er med å styre korleis vi lever livet vårt og om vi trivst eller ei. Regjeringa ynskjer at alle menneskje skal ha mogelegheit for å delta i lokalsamfunnet (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 86). Dette forutset trygge og gode omgjevnadar som folk kjenner seg vel i og som ein del av.

Hovudansvaret for dette fell på kommunane. Dei har gode føresetnadar som pådrivarar i samfunnsutviklinga gjennom at dei både har lokalkunnskap og moglegheit for direkte kontakt med innbyggjarar og næringsdrivande (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 5).

Medverknad frå lokalsamfunnet i planarbeidet er ikkje berre lovpålagd gjennom Plan- og bygningslova, men òg essensielt for å lage planar som er forankra hjå dei det vedkjem (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 152). For å få eit sterkt plangrunnlag som er tilpassa staden og dei som held til der, må det vere ein dialog mellom kommunen og folkesetnaden. Kommunen kan soleis vere med å styrke både eigarskapskjensla og stadstilhørsle hjå innbyggjarane.



Utsyn over Breim, eit dalføre i Gloppen kommune, kring 15 min køyretur frå Sandane sentrum.

Regjeringa løfter fram særleg tre element som verkar positivt inn på både menneskja sine levekår og på ei klimavenleg utvikling. Dette er...

- 1 **... god kvalitet på dei bygde omgjevnadane,**
- 2 **... at sentrum er aktivt, levande og inviterande,**
- 3 **... samt at alle menneskje vert inkludert i eit lokalsamfunn og har likeverdige moglegheiter og levekår.**

(Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 86)

Desse punkta gjeld for alle bustadområde anten dei er urbane eller rurale. Når målet er å ”førebyggje einsemd og fremje sosial inkludering” (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 7), er det særst viktig å syte for at stadane folk bur har eit tilfredsstillande utval av ”gode offentlege rom og møteplassar” (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 7).

Møteplassar er vesentlege for å ”fremje kontakt mellom menneskje og det sosiale livet på staden” (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 7), og verkar soleis vidare inn på livskvaliteten til innbyggjarane.

KOMPAKT SENTRUM PÅ BYGDA ÒG

For å oppnå levande sentrum er det å konsentrere busetnaden eit av dei viktigaste grepa ein gjer. Det er minst like viktig å byggje kompakt i mindre tettstadsområde i distrikta som det er i byane. Den største skilnaden ligg kanskje i at medan ein i byområde fortettar i allereie eksisterande busetnad for å *hindre tap av naturområde* og å *reduere klimagassutslepp* ved å korte ned avstandar (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2015, s. 19), så byggjer ein kompakt på bygda for å *samle menneskje*.

Det er *menneskja* som gjer ein stad levande og attraktiv. Der folkesetnaden er låg, må ein syte for at ein klarer å samle dei få menneskja som finnast på éin stad. Det gjer ein ved å lokalisere bustadar, viktige tenester, handel- og kulturtilbod i og i nærområda til eitt sentrum. Aktiviteten aukar i eit kompakt sentrum og gjer dessutan kvardagen til folk flest enklare (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2015, s. 21).



OMSYN TIL EIT KLIMA I ENDRING

Klimaet vårt er i endring og all planlegging og utvikling må ta omsyn til dette og tilpassast der etter. I "Klima i Norge 2100"-rapporten frå 2015 kjem det fram at det er særskild to endringar som kan skape store utfordringar for Noreg. Det er *auka mengde nedbør* samt *aukande havnivå* (Norsk klimaservicesenter u.å.).

Kor store endringane vert er avhengig av kor mykje vi klarer å redusere klimagassutsleppa våre. Likevel er vi komne so langt at sjølv om vi klarer å redusere utsleppa til det minimale, vil vi i framtida framleis stå ovanfor eit forsterka utfordringsbilete i høve til klima og naturen (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2015, s. 14).

Vêret vert stadig varmare, våtare og meir ekstremt. Dei siste 50 åra har ein til dømes observert at det har blitt stadig fleire og meir intensive nedbørsperiodar som varer frå 1-10 dagar, særleg vest- og sørvest i landet (Miljødirektoratet 2016a).

Vestlandet er ein av landsdelane som vil kjenne desse endringane sterkast. Ei årsak er at Vestlandet generelt allereie no er særns nedbørrikt. Dei midtre strøka av Vestlandet er av dei mest nedbørrike områda i Europa (Norsk klimaservicesenter 2015, s. 49). Her har ein målt dei største verdiane for nedbørsperiodar med ein varigheit frå 12 timar og oppover. (Norsk klimaservicesenter 2015, s. 55).

Ein reknar med at denne tendensen berre vil halde fram, og at nedbøren generelt i Noreg vil bli både meir intens og kome oftare (Miljødirektoratet 2016a). Endringane kjem til å vere størst på Vestlandet og i Midt-Noreg (Norsk klimaservicesenter 2015, s. 103).

Ei anna årsak er at sjølv om Noreg framleis gjennomgår ei landheving, er ikkje denne så stor langs kysten av Vestlandet. Havnivået stiger på grunn av bresmelting og at vatnet utvidar seg

som følge av høgare temperaturar (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap 2016, s. 10). Dermed vil ein merke den relative havnivåendringa mest langs Vestlandet, samt langs Sørlandet, Lofoten og Finnmark (Kartverket 2017).

Eit stadig stigande havnivå kombinert med hyppigare og meir intens nedbør vil auke førekomen og alvorsgrada av flaum (Norsk klimaservicesenter 2015, s. 124), både regnflaum og stormflo. Konsekvensen av dette vil bli stadig større i framtida og stadar som no opplever regelmessig stormflo vil få enda meir (Miljødirektoratet 2016b).

Det vil seie at byar og tettstadar som ligg langs kysten av Vestlandet, anten det er ytst ved kysten eller inni ein fjord, står overfor ein del utfordringa i samband med uteområda og livet i sentrum. Vatn kan forårsake mykje skade, men ein kan samstundes bruke det som ein ressurs. Ein må berre vete korleis dette skal gjerast.



FYSISK AKTIVITET

Nasjonal transportplan fokuserer mykje på at all persontransportveksten i byområda skal takast med kollektiv, sykkel og gange (Meld. St. 33 (2016 – 2017), s. 13). Dette er ikkje mogeleg i distrikta der avstandane er så store at det ikkje er hensiktsmessig å fjerne bilbruken, men fysisk aktivitet er ikkje mindre viktig her og det er mogleg å legge tilhøva betre til rette for alternative transportmidlar.

Fysisk aktivitet i kvardagen er særskild viktig for å fremje helsa, men i dag sit kvar ein av oss berre meir og meir i ro i både jobb, studie og eigen heim, og ein observerer ei negativ utvikling generelt i befolkninga (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 86). I Folkehelselova (2011) er det fastsett at kommunane skal fremje folkehelse gjennom planlegging, forvaltning og tenesteyting. Dette inneber at...

“...kommunen skal fremje både trivsel, gode sosiale og miljømessige høve, førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, og utjamne sosiale helseskilnader, og verne innbyggjarane mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa” (Folkehelselova 2011, § 4).

Det vil mellom anna seie at kommunen gjennom planlegging og utforming av dei fysiske omgjevnadane våre skal legge til rette for behovet folk har for fysisk aktivitet. Med andre ord skal omgjevnadane oppmode oss til å la bilen stå mest mogeleg og til å gå og sykle meir i kvardagen. Der det til dømes er laga gode sykkelåser og sykkelparkering i staden for gateparkering for bil har ein sett at ei kraftig auke i talet på syklande (Miljødepartementet 2009, s. 15).

Dette samsvarar òg med målet om ein meir berekraftig og miljøvenleg transportutvikling i tillegg til at mindre bilbruk gjev mogelegheit for å frigjere område til å utvikle eit levande sentrumsmiljø med attraktive møteplassar og omgjevnadar (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 73).



Hovudmåla i Nasjonal gåstrategi (Statens vegvesen 2012a, s. 16) er at fleire skal gå meir samt at det skal vere attraktivt å gå for alle. I tillegg skal ein fremje sykkelen som framkomstmiddel og betre framkomsten og trafikktryggleiken for syklistar (Statens vegvesen 2012b, s. 6).

Kvaliteten på dei fysiske omgjevnadane har mykje å seie for kor aktive folk er i kvardagen. Trivelege og trygge omgjevnadar gjer det lettare for folk å vere ute enn uoversiktlege og keisame omgjevnadar. Det er dermed viktig å sikre gjennomgåande god kvalitet over alt ein ynskjer at folk skal opphalde seg og ferdast, både som gåing som transportform og som rein kvardagsleg aktivitet.

Regjeringa forventar at det vert lagt til rette for desse transportformene slik at ein sikrar eit samanhengande gang- og sykkelsamband (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2015, s. 23). Lysta til å vere utandørs både til fots og på sykkel aukar om dei offentlege romma er tiltalende og knytt saman i eit heilskapleg og trygt nettverk med kort avstand mellom sentrale målpunkt (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 75).

FRILUFTSLIV

Regjeringa ynskjer at fleire jamleg skal drive med friluftsliv (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 86). I distrikta ligg turmogelegheitene nær dei mindre tettstadane og talet på innbyggjarar som driv eit aktivt friluftsliv er difor gjerne generelt høgt. Likevel er det alltid ein del av folkesetnaden som ikkje er aktive i naturen. Mange innvandrarar har ikkje noko kultur for å nyttegjere seg av han, medan naturen ofte er utgjengeleg for dei med nedsett funksjonsevne.

Hovudmålgruppene for *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv* (2013) er difor personar som generelt er lite fysisk aktive, deriblant personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne, samt born og unge (Miljøverndepartementet 2013, s. 3).

Å drive med friluftsliv har ein stor helsefremjande effekt (Miljøverndepartementet 2013, s. 2), men ein må ikkje vere ute i skog og mark for at det skal ha positiv innverknad på helsa. Regjeringa nyttar eit vidt omgrep av friluftsliv, og så lenge naturopplevinga er eit mål i seg sjølv, at aktiviteten ikkje er konkurransbasert, samt at den “går føre seg i naturen og har innspel av fysisk aktivitet” (Miljøverndepartementet 2013, s. 7) kan ein rekne det for å vere ein friluftslivaktivitet.

Dermed fell aktivitetar ein gjer i grønstrukturen i byar og tettstadar òg innanfor friluftsomgrepet (Miljøverndepartementet 2013, s. 7). Friluftslivaktivitetar vert soleis eit lågterskeltilbod som stort sett alle kan vere med på.

Grøntområde i og i nærområda til tettstaden aukar trivselskjensla samt å bidra til eit meir inkluderande miljø å bu i (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 87), og er soleis eit særst viktig element for å få fleire folk til å vere meir fysisk aktive.

Ved å opparbeide gode ferdselsårer og vise med tydeleg skilting korleis ein kjem seg frå grønstrukturen i tettstaden til naturområda som

ligg utanfor, kan ein dessutan utvide området det er mogeleg å drive med friluftsliv. Gjennom å gjere naturen meir tilgjengeleg for folk flest kan ein oppmode fleire til å vere fysisk aktive utandørs.

I kor stor grad grønstrukturen bidreg positivt til rekreasjon, livskvalitet og fysisk og mental folkehelse avheng av *kvaliteten* på han, kor *mykje* som finnast og korleis han er *sett saman* (NOU 2013: 10, s. 14). Det er difor viktig at utandørs areal og utrom er av høg miljøkvalitet (NOU 2013: 10, s. 14). Kommunen må altså syte for at tettstaden har ein samanhengande grønstruktur, opne vassdrag (der slike finnast), og nærleik til område for leik, idrett og rekreasjon (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 87).



Friluftslivaktivitetar treng ikkje berre gå føre seg i skog og mark.

TILGJENGE

Planlegging kan bidra til integrering og tilhøyrse ved at ein legg til rette for at innbyggjarane kan delta i det sosiale og kulturelle livet på heimstaden sin gjennom gode og felles møteplassar (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2015, s. 21). Målet er å motverke einsemd og sosiale ulikskapar og jobbe mot eit samfunn der alle har moglegheit for å delta (Meld. St. 18 (2016 – 2017), s. 84). Då er det særst viktig at alle har det same grunnlaget for å engasjere seg i samfunnet og bidra til utviklinga.

Alle menneskje har likeverd og for å hindre diskriminering av enkelte grupper, må det vere lett for alle å navigere og bevege seg i omgjevnadane, anten dei har svekka syn, mobilitetsvanskar, ikkje kjenner kulturen og/eller har språkvanskar, og so bortetter. Tilgjenge er alfa og omega for at menneskje skal ha moglegheit for å kunne nytte dei ulike tilboda og tenestene som finnast på staden, samt å bli ein del av eit sosialt nettverk. Trygge og praktiske omgjevnadar er med å bidra til dette. Dette er òg noko Regjeringa forventar av kommunane (Kommunal og moderniseringsdepartementet 2015, s. 23).

Tilgjenge er eit relativt omgrep. Ulike menneskje vil ha ulik oppfatning av kva som er lett tilgjengeleg. Alle offentlege rom, anten dei er utandørs, inne eller på internett, må likevel planleggjast og utformast etter ein tanke om at folk flest skal ha tilgjenge til dei. Det vil mellom anna seie at alt må baserast på universell utforming, og alt det dette inneberer, så langt som råd er.

OPPSUMMERING

LIKEVERDIGE LEVEKÅR KVAR ENN EIN BUR

For å sikre utvikling i distriktskommunane òg, må ein klare å få folk til å ville flytte hit. Menneskja må oppleve at dei grunnleggjande behova deira vert tilfredsstilt for at dei skal ha lyst til å bli verande ein stad. I den samanheng er det særskild viktig at sentrum av tettstaden er levande og attraktivt.

For at sentrum skal utviklast på ein måte som er tilpassa staden og dei som bur der, må kommunen leggje til rette for **medverknad frå innbyggjarane**. Når menneskja får lov til å bidra og kome med synspunkt og forslag, vert eigarskapskjensla styrka. Dette kan vere fremjande for engasjementet og lysta til å bruke sentrum meir. Medverknad kan auke stadstilhøyrsla.

Det er særskild viktig å opparbeide eit varmt og inkluderande lokalsamfunn for at folk skal kjenne at dei høyrer til. Ingen likar å vere utanfor. Då må ein syte for at det finnast mange og gode nok sosiale møteplassar for ulike brukarar.

KOMPAKT SENTRUM PÅ BYGDA ÒG

Ved å byggje kompakt oppnår ein lettare kjensla av at sentrum er levande. For å samle dei få folka som finnast må ein òg konsentrere funksjonar og møteplassar i eitt sentrum heller enn å fordele dei ut over eit større område. Dette gjer òg folk sin kvardag enklare.

OMSYN TIL EIT KLIMA I ENDRING

Det kan kanskje vere vrient å sikre eit levande sentrum i omgjevnadar der klimaet kan seiast å gjere motstand. Kraftig regn over lange periodar, vind og få soldagar kan ofte gjere det ubehageleg å vere i sentrum. Dette må ein ta særskild omsyn til når ein planlegg sentrumsstrukturen og utandørs møteplassar.

Ein må difor skaffe seg innsyn i korleis lokal- og mikroklimaet er i sentrum før ein byrjar å planleggje slik at ein best mogeleg kan syte for tilfredsstillande vern mot elementa. Ein må likevel ikkje gløyme at nedbør òg kan nyttast som ein ressurs, i til dømes utsmykkinga av dei utandørs møteplassane.

Nærleiken til fjorden er òg ein viktig ressurs til glede for mange og som må utnyttast. Faren for at områda nærast fjordfronten vert fløymd over kan likevel vere problematiserande for kva ein kan plassere her. Dette må anten tole å vere fløymd over, eller så må ein byggje slik at vatnet ikkje kjem i kontakt med konstruksjonane. Då må ein ta omsyn til det stadig stigande havnivået og stormfloa som følgjer der etter.

FYSISK AKTIVITET

Folkehelsa skal fremjast ved mellom anna å oppmode til meir fysisk aktivitet. For at folk skal ha lyst til å gå og sykle meir må det etablerast eit heilskapleg og trygt nettverk av møteplassar og ferdselsårer som knyter dei ulike delane av tettstaden saman. Ikkje berre inn til sentrum, men òg inn og ut av tettstaden. Det er viktig å sikre gjennomgåande god kvalitet. Ved å gjere det enklare å gå og sykle enn å køyre bil i sentrum, kan ein oppmode fleire til å droppe bilen. Slik aukar ein attraktiviteten til tettstaden.

FRILUFTSLIV

Friluftslivaktivitetar omfattar òg aktivitetar ein gjer i grønstrukturen i tettstaden. Eit mål for friluftslivaktiviteten kan like gjerne vere daglegvarebutikken som hytta på støylen. Ein kan dermed gjere det enklare for til dømes innvandrarar utan kultur for å bruke naturen som aktivitetsområde, personar med nedsett funksjonsevne, samt andre som generelt driv lite med friluftsliv, å ta del i aktivitetar i eit naturliknande miljø.

Ved å syte for at grønstrukturen i sentrum og elles i tettstaden er samanhengande og variert, av høg kvalitet og at det er nok av han, kan ein oppmode fleire til å drive eit aktivt friluftsliv. God bruk av skilting vil gjere det enklare for folk å orientere seg fram til både utsiktspunktet oppi fjellsida, samt hovudparken i sentrum.

TILGJENGE

For at folk skal kjenne seg vel ein stad, må ein kjenne seg som ein del av lokalsamfunnet. Alle skal ha likeverdige mogelegheiter for å delta i dei sosiale aktivitetane på staden og å bidra til utviklinga av samfunnet ein er ein del av. Då er det viktig å skape gode, offentlege møteplassar der folk kan vere i lag med kvarandre. Dette fremjar kontakt mellom menneskja. Desse plassane må vere utforma på ein slik måte at ingen kjenner seg utanfor eller diskriminert, og dei må vere lett tilgjengelege for folk flest.



Foto: Ola Nyhagen



1.2:

OM MØTEPLASSAR

I dette kapitlet tek eg føre meg teori om møteplassar og korleis menneskje opplever omgjevnadane sine for å betre forstå kva det er som gjer ein vellukka møteplass til ein god stad å vere.

KVA ER EIN MØTEPLASS?

Kva trengs for at noko skal kunne kallast ein møteplass? **Menneskje.**

Dermed kan ein møteplass vere so mangt. I vid forstand siktar ikkje omgrepet til noko konkret fysisk form. Det kan vere ein enkelt gjenstand som til dømes ein spesifikk telefonkiosk eller ein benk, det kan vere torget eller hovudgata i sentrum, det kan vere eit innandørs lokale som eit bibliotek eller ein butikk, eller det kan vere ein organisasjon eller eit lag som til dømes ein sjakkklubb.

Same kva møteplass ein snakkar om, så er det gitt at det er menneskje til stades. Sjølve omgrepet møteplass har å gjere med mellommenneskelege interaksjonar på eitt eller anna plan. Møteplassar er arenaer for sosiale aktivitetar (frå eigen tekst i tidl. oppg. 2016) anten det er snakk om direkte eller indirekte kontakt mellom menneskje.

I og med at eg i denne masteroppgåva tek for meg møteplassar i *utandørs sentrumsområde* i mindre tettstadar i rurale, vestnorske omgjevnadar, har eg valt å snevre omgrepet inn.

I denne samanhengen er difor møteplassar **"uformelle, klårt definerte stadar utandørs og imellom sentrumsbusetnaden som er opne og tilgjengelege for ålmenta, der føremålet med stadane er at menneskje skal ha moglegheit for å treffast og opphalde seg der over tid"**.

KORLEIS VI OPPLEVER ROM

Som Jan Gehl (2010, s. 43) so fint seier det, er mennesket “[...] *eit lineært, frontalt og horisontalt orientert gådyr*”. Saneapparatet vårt er med andre ord retta framover, utvikla og tilpassa ein langsam, horisontal ferdsel rett fram.

For romopplevinga er **synet** den viktigaste sansen vi har. Medan dei andre sansane våre først kjem i spel for fullt ved avstandar frå sju til null meter, gjer synet oss i stand til å ta innover oss omgjevnadar på sær lange avstandar. Til dømes er vi allereie ved 300-500 meter i stand til å skilje menneskje frå andre objekt, rett nok ikkje i detalj (Gehl 2010, s. 44 og 45).

Gehl skildrar vidare det han kallar **det sosiale synsfelt som omfattar ein radius på 100 meter** rundt oss. Ved 100 meters avstand er vi i stand til å oppfatte rørsler og kva kroppshaldning andre personar har. Mellom 100 og 25 meter er det stort sett dei grove trekka ved omgjevnadane vi ser. Fyrst ved 25 meter byrjar vi å kunne oppfatte kjensler og ansiktsuttrykk. Deretter vert det raskt enklare di nærare ein kjem å sjå detaljar samt å høyre og å halde samtalar gåande. Frå 7 meter kan ein byrje å føre nyanserte samtalar utan å anstrenge seg (Gehl 2010, s. 45).

Synet vårt er i hovudsak retta framover og gjerne litt nedover for å kunne oppdage hindringar når vi går (Gehl 2010, s. 49). Skal vi sjå oppover må vi bøye hovudet bak, noko som ikkje er behageleg i lengda. Dermed vert hovudfokusset vår retta mot det som er nærast oss sjølv.


Det som er på bakkeplan og i dei første etasjane oppover i eit bygg har dermed alt å seie for korleis vi opplever ein gitt situasjon. Kor mykje vi ser av omgjevnadane har dessutan mykje å gjere med augehøgda vår. Altso har vaksne gjerne heilt andre opplevingar enn kva born har (Lorange 1984, s. 57).

KONVEKSE OG KONKAVE FORMAR

Dei fysiske elementa avgjer korleis vi opplever romma vi finn oss i ved å sperre for utsynet vårt. Romopplevinga varierer alt etter i kva retning utsynet vert sperra, og om hindringane er nære eller langt vekk (Lorange 1984, s. 66). Desse veggane oppfatar vi anten som konvekse eller konkave formar, **alt etter kvar vi står i høve til dei.**

Konkave formar omsluttar oss om dei er store nok og det er i hovudsak desse som gjev oss ei kjensle av å vere i eit rom. Det kan til dømes vere fjella rundt ein dal eller ein hekk som går rundt parken vi er i.

Konvekse formar derimot er objekt som sperrar for sikta vår og som meir eller mindre hindrar oss i å bevege oss framover, til dømes ein åskolle, ei bossbytte eller eit frittstående hus. Lorange (1984, s. 66) skildrar dei som “[...] avslutta enkeltvolum eller kroppar [som] kvelvar seg mot oss [...]”. Vi veit likevel at vi som regel kan kome oss rundt dei og inn i romma bak desse formane.




Figuren illustrerer korleis ei form kan opplevast både konvex og konkav alt etter kvar observasjonspunktet vårt er.

DIMENSJONAR, PROPORSJONAR OG LYS

Samspelet mellom breidde, lengde og høgde er òg avgjerande for korleis vi opplever romma vi er i (Lorange 1984, s. 60). Altso vil det morfologiske uttrykket til busetnaden, variasjon i avstanden mellom bygga og korleis dei står vinkla i høve til kvarandre, har alt å seie for romopplevinga (frå eigen tekst i tidl. oppg. 2016).

Lystilhøva har òg innverknad på korleis vi kjenner oss i eit rom. Ute har himmelen og sola, kva posisjon ho har og om ho synast i det heile, om det er klårvêr eller skya, mykje å seie for om vi føler rommet er ope eller trangt og trykkjande (Lorange 1984, s. 60).


Kor mykje vi faktisk ser av himmelen og kva fasong dette taket har spelar òg inn på opplevinga av eit rom. Nede mellom høge bygg der berre ei smal glipe av himmelen synast, kan ein til dømes kjenne seg innestengt, men det er ikkje alltid tilfelle. Avhengig av korleis det ser ut nær bakkeplan kan denne negative kjensla bli snudd til det motsette (Lorange 1984, s. 61).



Prinsipsnitt som illustrerer forholdet mellom avstand og høgde på bygg og korleis det påverkar rommet mellom dei. Sola har her fått ein tenkt (fiktiv) posisjon og syner at mengda direkte sollys som kjem ned i romma òg er avhengig av breidda på golvet i høve til bygningane.

ROMDANNANDE ELEMENT

Det er tre store romdannande element. Bakken vi står på er golvet, omgjevande vertikale og skråstilte strukturar er veggane, medan den tenkte sfæren av himmelen dannar taket (Carmona mfl. 2010, s. 176).



Veggane i romma kan like gjerne vere ei klyngje med vegetasjon, ein bakke eller ein fjellknaus, som det kan vere ei lang trapp eller dei faktiske veggane på bygningane rundt. Mellom byggverk er det gjerne lettare å avgjere når golvet sluttar og veggane byrjar enn i eit naturlandskap.

”TOMROMMET” MÅ FORMAST


Alt som vert bygd, om det so er murar, høge eller låg bygg, vil påverke dei romlege høva som eksisterte på staden frå før. Det er difor særst viktig at ein tenkjer lenger enn berre til det eine byggverket som vert reist (Lorange 1984, s. 70). Busetnaden oppstår som ein *sum* av bygningar og luftvoluma mellom dei.

Erik Lorange (1984, s. 71) framhevar kor viktig det er å sikre gode uterom og overgangar dei imellom i all byplanlegging. **Det er i uteromma bylivet eksisterer** og det er dermed særst viktig å planleggje desse godt.

Då bør ein i staden for å konsentrere seg om å gje form til kvart enkeltbygg heller **formgje ”tomromma” mellom bygningane**. Slik har ein betre oversikt over korleis alt heng saman i det større biletet.


Både Lorange (1984, s. 69) og Christopher Alexander mfl. (1977, s. 518) peikar på at uterom kan tolkast som anten **negative** eller **positive** rom.

POSITIVE ROM



Desse romma har ein klårt definert form og grensar og kantar er lette å sjå. Veggane er lett fattbare og ein får ei klår kjensle av kva som er “inne” og “utanfor”. Forma på kringliggande bygg er like viktig som forma på sjølve plassen.


NEGATIVE ROM



Her er kantane vanskelege eller umogelege å sjå slik at romma vert formlause. I mange tilfelle kan ein påstå at rommet ikkje er lenger.


Det er i hovudsak to måtar bygningar stiller seg til dei opne romma rundt seg på (Carmona mfl. 2010, s. 77):

BYGGA SJØLV DEFINERER ROM



Bygga er ein del av større bygningskroppar som meir eller mindre omsluttar det utvendige rommet.

BYGGA STÅR SOM FRITTSTÅANDE OBJEKT MIDT PÅ STØRRE, OPNE OMRÅDE



Samanhengen mellom bygg og omgjevnad vert dårleg, og vi kan oppfatte dei som “eigenrådige” objekt som ikkje har vore planlagt som eit større heile, men som enkeltbygg. Slike bygg bidreg sjeldan med noko positivt til omgjevnadane.

LANDSKAPET

GAMLE IDEAL

I gamle Europeiske byar som t.d. Roma eller Venezia, er bygningsstrukturen, det urbane, særskilt kompakt. Bygga står tett i tett i kvartal av ulike storleikar. Ovanfrå kan vi tydeleg sjå byromma som positivt rom. Dei er knytt saman med gater og passasjer eller leiar direkte inn i kvarandre. Dette er den tradisjonelle måten å byggje byar på.




ROMMA GJEKK I OPPLØYSING

I moderne byar har derimot det tette og kompakte uttrykket blitt meir og meir oppløyst. Bygget som frittstående enkeltobjekt i rom har dominert planlegginga.

Med dette forsvann tanken om at bygningane og fasadane skulle kommunisere med rommet utanfor. Forholdet til omgjevnadane vart dermed berre eit biprodukt, ikkje eit mål i seg sjølv og kvaliteten på uteromma fall deretter (Carmona mfl. 2010, s. 85).

Avstanden mellom bygga vart større og større slik at romma ikkje lenger var like tydeleg definerte. Dermed er det blitt vanskelegare å skilje mellom offentlige byrom og det som berre er ubygde plass eller plass som er til overs etter anna planlegging. Sistnemnde går ofte under namnet SLOPE (space left over after planning).



Figur 2: Svartplan over Saint-Dié (Frankrike). Det finnast nesten ikkje noko tydeleg avgrensa rom mellom busetnaden. Dimensjonane er for store (Carmona mfl. 2010, s. 78).

TRENDEN HAR SNUDD IGJEN

Heldigvis har denne utviklinga snudd og den kompakte byen kjem meir og meir i fokus att.

I høve til romkjensla er det viktig å tenkje kompakt. Diverre kan det verke som om dette tankesettet ikkje er kome like langt i rurale omgjevningar.

Frå by til bygd er ser vi ein gradvis overgang frå kompakte strukturar der bygg og rom står tett inntil kvarandre, til meir og meir spreidd busetnad. I og med at bilen i lang tid har fått råde på bygda i alt for stor grad, er grensene mellom kvart einiskilde uterom i sentrum i stor grad viska ut. Bygningane er spreidd utover for å gje plass til parkeringsplassar som sklir ut i store asfaltflater og det kan vere vanskeleg å peike ut noko rom i det heile.

Men her er det kanskje mogeleg gjere negative rom om til positive ved å løfte blikket til landskapet rundt og definere eit mykje større rom?

ROM I ROM

I følgje Lorange (1984, s. 14) er menneskja si oppleving av byar og bygde omgjevningar avhengig av både dei romdefinerande elementa i byane og **korleis byane stiller seg i høve til det kringliggjande naturlandskapet.**

Lorange (1984, s. 63) peikar på eit hierarki av romforløp. Frå det heilt overordna landskapsrommet til mindre lokale einingar og heilt ned mellom bygga i byane. Dei mindre romma er alltid *delar* av større rom, og til saman utgjer desse eit *heilskapleg landskapsbilette*.

Han er klår på at sjølv om det avgjerande for romkjensla i byområda er dei menneskeskapte konstruksjonane, so er det viktig å hugse på byane òg ligg i eit naturlandskap. Naturfenomen som fjellknausar, steinrøyser og klyngjer med tre og buskar i samspel med bygningar dannar òg rom. Hovudformene i landskapet må takast med i planlegginga av byen og vere bestemmende for byen sin form og funksjon (Lorange 1984, s. 64).

LANDSKAPET MÅ TREKKAST INN I BYEN...

Eit meir kupert landskap har større innverknad på byen sin form enn eit flatt landskap. Det vil òg kunne ha mykje meir å seie for korleis dei små byromma på bakkeplan opplevast. Det overordna landskapet kan tilføre desse romma "verknadsfulle tilleggseffektar" (Lorange 1984, s. 65), og slik gjere opplevinga av å ferdast i byen rikare. Sterke kontrastar er ofte appellerande.

Somme stadar opnar byane seg opp slik at det menneskeskapte bylandskapet vert fletta saman med dei naturlege landskapsformane. Eit tydeleg døme på dette er ved hamna der byen møter fjorden.

... OG I TETTSTADEN

So i staden for å seie at dei små einingane i romhierarkiet i den typiske mindre tettstaden gradvis forsvinn, kan ein kanskje heller seie at det store landskapsbiletet har kome tydelegare fram? Det er då særskilt viktig å spele på lag med og byggje opp under det kringliggjande landskapet og framheve særpreget og dei kvalitetane desse stadane har.

Når det er sagt so er det framleis like viktig å tenkje at ein skal forme positive rom med bygningane i tettstadane. Ein må tenkje at ein skal **knyte saman nære og fjerne romopplevingar** (Lorange 1984, s. 65).

ROM VI TRIVST I

HALVT LUKKA MED UTSYN


Camillo Sitte (referert til i Alexander mfl. 1977, s. 520) hevdar at dei **byromma folk trivst best i** har to fellesnemnarar:

- 1 Romma er **delvis omslutta**.
- 2 Romma **leier inn i kvarandre**.

Clare Cooper (referert til i Alexander mfl. 1977, s. 521) har sett noko av det same i studiet hennar av parkar: **folk søker seg til område som verken er for lukka eller for opne**.

Dette heng truleg saman med *primitive menneskelege instinkt* (Alexander mfl. 1977, s. 520 og 521). Har vi utsyn nok til å få oversikt over kva som skjer i omgjevnadane, samstundes som vi har vern i ryggen, føler vi at vi har kontroll på situasjonen og slappar difor betre av.

Dette stemmer som regel for mindre, menneskeskapte rom. For det store landskapsrommet er det derimot ikkje alltid naudsynt å ha ryggdekning. Det er t.d. ikkje ubehageleg å stå fullt eksponert midt på ei opa strand ved havet (Alexander mfl. 1977, s. 520) eller eit flatt viddelandskap.



Prinsipp som viser to heilt lukka rom og to rom som har opningar i fleire retningar og leier inn i kvarandre. Den siste varianten er å betre.


KANTEN

Dette med at menneskje vil kjenne seg trygg i ryggen er noko vi òg ser att i kvar folk plasserer seg i eit rom. Det er sjeldan dei går og set seg midt på ein tom plass. Dersom ein ynskjer å bruke tid ein stad, *søker folk flest seg til kantane av rommet*

Gehl snakkar om dette som **kanteffekten** (2010, s. 147- 149), altså at ein ser ei opphoping av folk langs kantane. Frå kantane kan folk *observere* aktivitetane som skjer i rommet i midten utan stå i vegen for andre, samtidig som dei har *kontroll over sin eigen rygg*. Det er òg ofte eit *betre mikroklima* langs kantane. Til dømes kan ein kant gje vern mot vind i eit elles eksponert rom, eller den kan forsterke nokre sparsame solstrålar.

Eit anna viktig faktum er at **kantane byr på gode moglegheiter for å halde seg fast i eller støtte seg til noko, både fysisk og mentalt**. Dei færraste ynskjer å signalisere at dei ventar åleine. Difor er eit fast haldepunkt ein tryggleik av di det tyder på at ein "har ei meining med å vere der" ei tryggleik.

Gehl viser til at byrom som til dømes er omringa av trafikkerte vegar, utan kontakt med nokon kant, sjeldan gjev god grobotn for noko byliv av di opphaldsmoglegheitene er sterkt redusert (Gehl



Enkel illustrasjon på kantsone med trapper og pullertar som byr på noko å støtte seg til, samt tre og overbygg som kan betre komforten dersom det t.d. er regn eller steikande sol.

2010, s. 147). Med andre ord bør eit rom som er tiltenkt for opphald ha *direkte kontakt* med *minst éin vegg* for å gje folk desse moglegheitene.

Kantsona strekker seg eit lite stykke ut i romma, og dei beste opphaldssonene er der fasadar og denne sona fungerer saman. Det er ikkje nok at rommet har kontakt med kanten. Ein heilt einsformig og glatt fasade innbyr ikkje til opphald.

Dei kantane som fungerer best har over korte avstandar stor variasjon og mange detaljar innan material og form.

Slike kantar stikk til dømes ut i rommet somme stadar, og andre stadar går dei litt inn att og dannar nisjar. Det vert større overflate og fleire vinklar å forholde seg til. Slik kan folk velje kor synlege dei skal vere i rommet. Gode kantsoner har òg mange flater å sitje på, til dømes vindaugskantar og trapper.

MINDRE ROM

Vi trivst best i rom som opplevast folksame. Alexander peikar på at eit rom byrjar å kjennast folketomt dersom der er meir enn kring 27 m² per person. Det vil seie at ein plass med ein diameter på 30 meter vil byrje å kjennast tomt dersom der er færre enn 33 personar (Alexander mfl. 1977, s. 311- 312).

Det er derimot meir sannsynleg at det til dømes alltid er 12 personar ein stad, heller enn 33, og då er det nok med eit rom med ein diameter på 18 meter. Dersom ein lurar på kor store rom ein skal lage, er det dermed lurt å spørje seg sjølv kor mange menneskje det sannsynlegvis kjem til å vere på plassen samtidig til ei kvar tid, og planleggje storleiken ut frå dette talet.

Romma bør lagast mindre enn ein først trur. **Alexander (mfl. 1977, s. 313) hevdar at lengda på kortsida i romma normalt bør liggje mellom 13-18 meter, og aldri overstige 21 meter. I slike rom er folk framleis i stand til å kommunisere komfortabelt på tvers av romma dei er i.**

KVIFOR TRENG VI UTANDØRS MØTEPLASSAR?

Alle menneskje, uavhengig av alder, kultur og etnisitet, og so bortetter, har eit grunnleggjande/ibuande behov for kontakt med andre menneskje. Allereie for over 1000 år sidan vart det i Hávamál (eddadikt, referert til i Gehl 2010, s.33) konstatert at "menneskje er menneskja si største glede". Ei enkel, men særst treffande utsegn som dei fleste kan kjenne seg att i.

Folk trivst generelt betre stadar der det er andre menneskje, heller enn stadar der det om lag er folketomt. Ein trekkast mot områder ein ser har menneskeleg aktivitet, om ikkje anna so berre for å "sjå på livet" rundt seg.

Romma mellom husa, dei uformelle møteplassane, er arenaer der kven som helst kan kome og vere saman med andre menneskje sjølv utan å kjenne nokon av dei frå før. Det er eit tilbod alle kan nytte seg av uavhengig av til dømes kultur, etnisitet, inntekt, alder eller religion. Møteplassen krev ingenting. Her er eit menneskje nettopp det, eit menneskje.

Møteplassen er ein stad der ein kan kjenne seg som ein del av eit samfunn, ein større heilskap. Sjølv om ein ikkje kjenner nokon frå før, kan dette for nokon vere springbrettet som gjer at ein til slutt tør å inngå nærare kjennskap med andre (jf. Gehl 2003, s.13-15). Frå det heilt små ved først å passivt høyre og sjå kvarandre, til kanskje å vere på hels med eit nikk. Sidan tør ein kanskje å veksle nokre ord, og til slutt har det kanskje til og med oppstått eit nytt venskap mellom to som elles aldri ville møtt kvarandre om det ikkje var for møteplassen.

Sjølv om det er viktig å ha eit variert og godt tilbod av funksjonar inne i bygga i sentrum, er det minst like viktig at ein prioriterer det som skjer utanfor dei. Det må finnast ein overordna plan over korleis bygg i sentrum vert organisert slik at dei best mogeleg gagnar romma ute.

Dei utandørs romma og møteplassane er viktige for korleis ein opplever å bu der, for stadstilhørsla og samhaldet mellom dei busette, samt at dei

utgjer ein vesentleg del av førsteinntrykket ein får av ein stad. Kor aktive romma er, om det er mange eller få menneskje å sjå utandørs, vil ha mykje å seie for om ein opplever staden som interessant og levande eller daut. Trivselskjensla vil følgje der etter.

Er møteplassane nøye planlagde og godt utforma vert sannsynet større for at folk vel å bruke desse i staden for å til dømes alltid treffast heime med kvarandre. Fleire folk kjem til syne i romma mellom husa. Slik kan dei utandørs møteplassane vere ein uvurderleg inngangsport for tilflyttarar som kanskje ikkje kjenner nokon enda, til å stifte nye kjennskap og mot å bli inkludert i lokalsamfunnet.

ROM DER MENNESKJE MØTAST

Planleggjaren sitt mål er å skape møteplassar der folk verkeleg ynskjer vere og å bruke tid på. Då er spørsmålet korleis ein får dette til?

Som planleggjarar kan vi ikkje garantere at ein stad vil fungere godt som ein møteplass. Staden oppstår først *etter* at menneskje har byrja å ta rommet i bruk (Bettum og Butenschøn 1997, s. 1.1), og det er ikkje opp til oss om folk faktisk vel å bruke eit område eller ei. Strengt tatt kan ein altså berre planlegge *rommet* der ein ynskjer at menneskje skal *møtast* (frå eigen tekst i tidl. oppg. 2016), men vi kan auke staden sitt *potensial* (Carmona mfl. 2010, s. 123).

Vi kan auke *sannsynet* for at rommet skal lukkast som ein møteplass ved å planlegge rommet grundig med menneskja sine behov i tankane og syte for at utforming og gjennomføring er av høg kvalitet. Det er likevel viktig å vere klar over at prosessen frå eit *rom* til ein god *møteplass* tek tid. Det er mange personar involvert, både deltakarar og folk som tek avgjerdsjar, og det er ikkje alt vi kan kontrollere (Bettum og Butenschøn 1997, s. 1.1).



KORLEIS AVGJERE OM EIN MØTEPLOSS ER GOD?

TRE FORMAR FOR AKTIVITET


I følgje Gehl (2010, s. 30 og 31) kan all menneskeleg rørsle i eit byrom grovt sett kokast ned til tre formar for aktivitet basert på ein skala av kor *naudsynte* aktivitetane er. Gehl har identifisert desse tre formane som *naudsynte*, *valfrie* og *sosiale* aktivitetar. I kor stor grad kvar av desse formane aktivitet er representert i kvart einskilde byrom, er avhengig av korleis rommet opplevast å vere i (sjå figur 3).

Eit rom som ikkje er inviterande eller behageleg å opphalde seg i, vil ikkje fungere godt som nokon møteplass. Menneskja som beveger seg her vil i all hovudsak vere fokusert på å utføre **naudsynte aktivitetar**, som til dømes å stå medan ein ventar på bussen, handle eller gå til og frå skulen. Det er *daglegdagse aktivitetar* ein er *tvungne til å gjennomføre* uavhengig av utforminga av uteromma.

Ettersom romma vert meir og meir innbydande og behagelege å vere i, vil talet valfrie og sosiale aktivitetar stige. **Valfrie aktivitetar** er til dømes det å stoppe opp litt, kan hende setje seg ned ein stund, for å sjå på utsikta, eller det kan vere at ein stoppar opp for å sjå og høyre på småfuglane ved fontena. Slike aktivitetar er *rekreative og lystbetonte* og er i særskild avhengig av kvaliteten på rommet og av at dei fysiske høva er innbydande.

Etter kvart som aktiviteten aukar og fleire og fleire menneskje samlast på same stad, vil det følgjeleg òg gå føre seg **sosiale aktivitetar** i stadig aukande grad. Dette er *alle formar for kontakt menneskje har seg imellom*, anten det berre er passiv observasjon gjennom å sjå og å høyre, eller meir aktive der menneskje faktisk snakkar med kvarandre.

Ved å sjå på *korleis folk nyttar ein stad* kan ein få ein peikepinn på om rommet vert oppfatta som godt å vere i. Hastar folk flest gjennom rommet, eller set dei seg ned og vert verande der over tid? Er det mange tilfelle av valfrie aktivitetar, er det truleg eit godt rom å vere i. Slik kan ein altså vurdere om eit rom kan seiast å vere vellukka eller ei.



Figur 3: Figuren syner samanhengen mellom kvaliteten på den fysiske utforminga av eit rom og dei tre formane aktivitetar. Eit rom av høg kvalitet gjev langt fleire valfrie aktivitetar enn ved låg kvalitet, og dei sosiale aktivitetane kjem etter som ei følgje av fleire folk. Mengda naudsynte aktivitetar er konstant då dei stort sett er uavhengige av korleis rommet ser ut (Eigen framstilling basert på Gehl 2010, s. 31).

Målet er med andre ord å få folk til å opphalde seg i uteromma over lang tid. Først då kan vi snakke om eit godt byliv.

For at dette skal bli tilfelle må ein difor lage plassar som oppmodar og innbyr til valfrie aktivitetar. Dette aukar vidare innslaget av sosiale aktivitetar på staden. At det er eit yrande folkeliv i uterommet er ein sjølvforsterkande prosess (Gehl 2010, s. 75). Folk kjem dit det er andre menneskje.

EIT FELLES UTGANGSPUNKT

”GOD KVALITET” ER SUBJEKTIVT

Å svare på korleis ein god møteplass ser ut er i utgangspunktet litt vrient. Det vi kan seie er at om ein stad skal fungere som ein møteplass, må den ha visse kvalitetar ved seg som folk synast er tiltrekkande. Kva som oppfattast som god kvalitet vil det derimot alltid vere subjektive meiningar om, samt at det i tillegg vil variere over tid (Bettum og Butenschøn 1997, avsnitt 1.1).

FELLES UTGANGSPUNKT


Likevel kan ein peike på nokre ”generelle idear om kva som er attraktivt og kva som bør vere til stade” (frå eigen tekst i tidl. oppg. 2016) i dei utandørs romma for å auke sannsynet for at folk tek dei i bruk.

Butenschøn skriv i *Norske gater og plasser* (Butenschøn og Dahl 2012, s. 311 og 312) at ein kan dele menneskja sine krav til sosiale uterom i tre:

Behovet for *vern* og *komfort* samt at romma må vere forma med *menneskja i tankane* og dimensjonert deretter.

Det siste punktet om at ein må ha menneskja i tankane har å gjere med noko danskar kallar ”*herlighet*” og som siktar til at ein møteplass meir skal kunne *nytast*, heller enn at staden skal fokusere på *nytteverdi*.

Butenschøn seier at dette handlar om ”*god design, fine detaljar omsorgsfull materialbruk, om tre og planter og vatn som gjer omgjevnadane venlege og levande*”. I tillegg er vedlikehald særskilt viktig for at ein stad skal halde fram med å vere innbydande over tid.



MENNESKELEG SKALA

Dei tre kvalitetskategoriane er henta frå Gehl (jf. Gehl 2010, s. 249). Desse vert igjen delt inn i 12 kvalitetskriterier (sjå figur 4) som alle tar utgangspunkt i det Gehl kallar **den menneskelege skala**.


Gehl understrekar kor viktig det er at all planlegging vert gjort med omsyn til korleis menneskja opplever omgjevnadane sine. Berre med dette for auget kan ein lukkast med å skape liv i romma mellom bygningane.

For at menneskja skal trivast må alt dimensjonerast i høve til det menneskelege sanseapparatet (Gehl 2010, s. 42-69), **og tilfredsstillende behova våre**. Dersom romma ikkje gjer det, spelar det inga rolle kor estetiske og storslagne dei er. Menneskja vil ikkje byrje å bruke ein stad der det ikkje er godt å vere.

Gehl sitt fokusområde er i hovudsak større byar, ikkje so mykje om stadar der det bur eit mindretal menneskje. Desse 12 kriteria kan likevel seiast å vere meir eller mindre universelle. Dette er ikkje behov som berre menneskja i byar i i-land har for å bruke det dømet. Menneskje, same kvar ein er i verda, ”har det same grunnleggjande utgangspunktet”, hevdar Gehl (2010, s. 239).

I utgangspunktet har vi alle det same sanseapparatet til å tolke verda med. Vi har eit felles fundamentalt åtferdsmønster, vi ferdast til fots og har elles like moglegheiter for bevegelse.

GEHL SINE 12 KVALITETSKRITERIA



Figur 4: Figuren syner dei 12 kvalitetskriteria fordelt på tre hovudkategoriar (Eiga framstilling abasert på Gehl 2010, s. 249).

Gehl baserer kvart av dei 12 kriteria på kva behov menneskja har i høve til omgjevnadane sine, og går i djupna på korleis ein best mogeleg kan imøtekomme desse behova.

Ein kan nytte desse kvalitetskriteria som eit mål på kor gode byrom og møteplassar er. I følgje Gehl er byrom gode når dei scorar høgt innan desse kriteria (Gehl 2010, s. 248). Aller helst skal møteplassane ha høge verdiar innan alle 12, men nokre behov er det viktigare å tilfredsstille enn andre.

Det viktigaste behovet menneskja har er å kjenne seg trygge på omgjevnadane sine og skåna for dei negative sidene ved klimaet. Dersom dette ikkje er mogeleg å oppnå, spelar det ikkje noko rolle om dei andre kriteria stort sett er oppfylt.

Deretter kjem behovet for at romma må invitere til grunnleggande aktivitetar som å gå, sitje, sjå og prate og so bortetter, og at romma må by på god komfort i samband med desse aktivitetane.

For at det verkeleg skal vere mogleg å nytte opphaldet sitt i det aktuelle rommet, er det vidare viktig å sikre at ein har mogelegheit for å ta inn over seg dei positive sidene ved klimaet, at utforminga er dimensjonert etter menneskja samt at det er vakkert gjennomført.

OPPHALD

Eit utandørs opphaldsrom må ha mange ulike sitjemoglegheiter slik at alle, uavhengig av alder og fysiske føresetnader, kan gjere opphald. Men det er ikkje nok at det er "mogleg" å sitje ein stad, det må vere komfortabelt òg, liksom med alle andre aktivitetar. **Først når det er behageleg å vere ein stad, og aller helst òg interessant, byrjar folk å velje å bruke tid der.**

SITJEMOGLEGHETER

For at folk skal kunne opphalde seg på ein stad over lenger tid er det avgjerande at staden byr på plassar folk kan setje ned (Gehl 2010, s. 154).

Kva folk sit på kan delast inn i to kategoriar: anten primære eller sekundære sitjemoglegheiter (Gehl 2010, s. 151 – 152).

Primære sitjemoglegheiter er faktiske sitjemøblar, slikt som stolar og benkar av ulik form.

Sekundære sitjemoglegheiter er stort sett alt anna det er mogleg å setje seg på, men som ikkje er eit sitjemøbel i den forstand. Det kan mellom anna vere ein pullert, ein vindaugskarm, ei trapp, ein statue, ein sokkel, bakken... lista er lang.

Born og unge sit om lag kvar det skal vere, men særskild eldre vil gjerne ha ein komfortabel, konvensjonell stol med armlene og god rygg.



Figur 5: Stolane ved serveringsstaden er primære sitjeplassar, medan fortauskanten er ein sekundær sitjeplass (foto: Project for public spaces).

STOLAR KAN TILPASSAST

Stolar er oftast eit betre val enn benkar når det kjem til å skape byliv av di dei gjev folk **moglegheit for å tilpasse sitjeplassen etter sine egne personlege behov og ynskjer**. Dei står fritt til å flytte og vri på stolane for til dømes å betre sol- eller skuggetilhøva, utsynet til aktivitetar eller naturen og so bortetter. Folk kan dessutan sjølv velje om dei vil trekkje sin eigen stol litt vekk for å kunne sitje åleine, eller dei kan setje stolar i lag for å forme sosiale sitjegrupper.

Benkar derimot står som regel fast der dei er, og gjev dermed ikkje mange valmoglegheiter. Står han i skuggen, må du sitje i skuggen, og står han vendt feil veg, må du anten tole dette eller finne deg ein annan stad å sitje.

Ein annan fordel er at stolar oftare har armlene enn kva benkar har. Dette er ein viktig kvalitet som vert sett stor pris på av eldre som gjerne treng noko å støtte seg til for å kome seg opp frå sitjande stilling.


Ein stol har òg ryggene noko som mange benkar ikkje har. Typiske er slike benkar som berre består av firkanta steinklossar som ligg strødd utover plassane. Dette ser sikkert veldig fint ut på planteikningane, men dei er særst lite brukarvenlege. Er ein heldig er sitjeflata i det minste dekkja med plank som gjer det varmare å sitje der. Slike benkar bør ein unngå og heller bruke noko som er betre ergonomisk forma og som gjerne ser meir spanande ut.



Figur 6: T.v.: Stolar ein kan flytte dit ein vil (foto: Andrew Lloyd). T.h.: Typisk steinbenk utan støtte og ryggdekning. Ein kan ikkje flytte dei til ein betre plassering d[dei er alt for tunge.


SOCIOPETALE SITJEGRUPPER

Sociopetale sitjegrupper og utformingar fremjar kontakt mellom menneskja oppmodar til kommunikasjon. Her er seta basert på radiale formar, sirkel, og vender innover slik at menneskja og blikka deira vert vendt mot kvarandre.



Stolane kan setjast i hop i ring slik at alle ser alle, samstundes som ein sit komfortabelt på setet rett fram. Det vert dermed mykje enklare å halde samtalar gåande.

Sociofugale sitjeplassar derimot, har ein tendens til å halde menneskje frå kvarandre og hemme kommunikasjon mellom dei. Slike sitjeplassar, som ofte er kjenneteikna ved å vere basert på eit rutenett, "tillèt" folk å isolere seg sjølv.



Benkane gjer det umogleg for dei som sit her å opprette augekontakt med kvarandre utan å måtte vri på hovudet. I tillegg er det vanskeleg å sjå dei andre med unntak av den som sit nærast seg sjølv. For å få augekontakt og å sjå alle som sit på benkane er det naudsynt å vri kroppen og/eller lene seg fram og snu på hovudet. Midtsetet verdt dessutan ofte stånde tomt.

Møteplassar treng sociopetale sitjemoglegheiter. Dette vil ofte løyse seg sjølv ved at folk får tilgang på lause stolar. Dersom benkar skal brukast bør dei grupperast slik at dei dannar sittjegrupper som tillèt kommunikasjon og gjer det behageleg å føre ein samtale.

FORHOLDET MELLOM UTE OG INNE

MJUKE KANTAR

Som eg var innom på side 35 er varierende og rikt detaljerte fasadar meir attraktive enn rette kantar når ein skal finne stadar å gjere opphald.

Vidare skal det nemnast at det likevel ikkje er nok med berre ein "geometrisk variert" utforma vegg for at folk verkeleg har lyst til å bruke tid der. Forholdet mellom ute og inne må kome tydelegare fram enn som so. Kanten er overgangssona mellom det som skjer inne og uterommet, og her i ligg det eit særskild stort potensial, og ansvar, for å skape attraktive og levande rom utandørs (Gehl 2010, s. 85- 91).

Ralph Erskine (referert til i Gehl 2010, s. 92) poengterer kor viktig det er at den første etasjen er interessant. Er dette nivået spanande, vert uterommet som ein heilskap òg oppfatta som det sjølv om etasjane oppover gjerne ikkje er like forseggjorte.

Menneskja konsentrer blikket stort sett berre om det heilt nære i augehøgde, og det er dermed dette vi bryr oss om og er i stand til å oppleve intenst og i detalj.



Fasadar i augehøgde og like i nærleiken vert oppfatta i tydeleg detalj. Dette er frå fasaden på det Etnografiske Museum i Budapest. Går ein nær nok kan ein sjå stålkuler som er eit minnesmerke.

Det som er lenger vekk har ikkje så stor tyding for oss. Vi oppfattar det berre som ein bakgrunn og legg ikkje merke til detaljane der uansett. Det vert dermed særst viktig å få til ei interessant kantsone med mange og godt gjennomtenkte detaljar. Slike kantsoner kallar Gehl *mjuke kantar* (2010, s. 85).


I dette ligg det mellom anna at **fasadane opnast opp ut mot gata/rommet**, at **aktiviteten inne trekkast ut framfor inngangen** så langt som råd og at det skal vere **mogeleg å sjå inn** til det som går føre seg bak vindauge. Ved å aktivisere fasadane på slike måtar vert det mogeleg å **opprette kontakt mellom menneskja som er inne og dei som er ute**.

For at det skal vere spanande å gå, treng fotgjengarar nye impulsar om lag kvart 4.-5. sekund. Det kan ein oppnå gjennom korte fasadar (5-6 m) og mange inngangsparti som vender ut mot møteplassen (Gehl 2010, s. 87). Slik vert det ei opphoping av ulike funksjonar og tilbod som vidare trekk til seg ulike grupper menneskje.

Det har vist seg at aktiviteten framfor aktive og opne fasadar er så mykje som *sju* gongar større enn aktiviteten framfor lukka og innovervendte fasadar (undersøking vist til i Gehl 2010, s. 89).



Det vert mykje meir aktivitet framfor det Gehl kallar mjuke fasadar med stadar å sitje og store vindauge som tillèt kontakt med dei inne, enn det er framfor harde, og introverte fasader.



Figur 7: Avstandane er frå augehøgde til grensestreken. Opp til 7 meter er det mogeleg å halde nyanserte samtalar. Over 5. etasje opphøyrer kontakta med menneskja på bakken (Eigen framstilling basert på Gehl 2010, s. 50).

KVA MÅ TIL FOR Å BYRJE Å BRUKE EIN MØTEPLASS?

Bettum og Butenschøn (1997, avsnitt 1.1) peikar på ei handfull viktige kriterie i høve til kvalitet på byrom og møteplassar som er avgjerande for om ein stad skal kunne lukkast som ein god møteplass:

● Stadane må **tilfredsstill**e brukarane sine **kvalitetsbehov** og dei må gje folk *lyst* til å bruke dei.

● Stadane må vere utforma med **omtanke** og **ei vilje til kvalitet** både når det gjeld form, materialbruk og skjøtsel.

Desse fyrste punkta kan seiast å vere ei samanfatning av Gehl sine 12 kvalitetskriteria. Dei gjer romma behagelege å vere i og inviterer til opphald, **men folk byrjar sjeldan å ta eit rom i bruk berre av den grunn.**

I samband med dette tek dei neste tre kriteria opp nokre særst viktige faktorar.



Stadane må vere **tilgjengelege** for brukarane.

Det vil seie at det skal vere enkelt for folk å ta seg dit, og helst skal ein sleppe å vike frå sine vanlege ferdselsruter. Møteplassane må liggje på vegen til, eller like ved ulike målepunkt som folk oppheld seg på i kvardagen. Dette gjer terskelen lågare for å ta turen innom møteplassen og gjere eit lite eller lenger opphald.

Dette vil òg seie at folk med redusert mobilitet òg skal ha mogelegheit for å kome seg til møteplassane.

Tilgjenge er dessutan eit relativt omgrep. Born og eldre har til dømes ein kortare bevegelsesradius enn kva ungdom og vaksne har. I tillegg kan innreiinga sin brukarvenlegheit variere mellom brukargrupper og frå person til person. Altso vert det viktig å vere klår på kva brukargrupper ein utformar uteområda til.

Stadane må innby til **vari**ert bruk utan alt for strenge føringar for kva som er lov og ikkje lov.

Det må vere mogeleg å bruke sjølvne møteplassen på ulike måtar. Ein stad som berre tilbyr eit einsformig utval sitjeplassar for at ein skal sitje og sjå på utsikta vil ikkje i lengda vere like attraktiv som ein stad som til dømes både gjev mogelegheit for å slå seg ned samt å drive med ein form for fysisk leik eller sport.

I tillegg må ein kjenne at ein er fri til å gjere som ein ynskjer. Vil ein til dømes leike på ein plass sjølv om der ikkje er tilrettelagde leikeapparat, so må ein kunne gjere det utan at ein føler at ein bryt nokre reglar. Vil ein gå på graset eller sitje på rygglenet i staden for setet på ein benk so bør dette vere ei sjølvfølgje.

Stadane må han ein **verdi for kvar enkelt.**


Stadane bør kunne formidle historie og samanhengen mellom samfunn og individ, og folk må oppleve ei tilhøyrse til dei.

For at folk skal byrje å bruke ein stad og velje å kome attende til han regelmessig, er det viktig at dei kjenner at det *gjev mening* å oppsøke han.

I følgje Relph (referert til i Carmona mfl. 2010, s. 120) får ein stad verdi for menneskja gjennom opplevde erfaringar dei gjer seg.

Med dette meiner han at verdien har *opp*havet sitt i dei fysiske føresetnadane til ein stad, men den er ikkje knytt til det fysiske i seg sjølv. Betydninga er *knytt til intensjonen menneskja* har med å oppsøkje staden, og til korleis dei *opplever* omgjevnadane og dei aktivitetane som går føre seg på og kring staden, og som dei sjølv deltek i.

Eit fjerde kriterie som Bettum og Butenschøn ikkje snakkar so mykje om, men som er særst viktig for at folk skal velje å kome til ein møteplass i førstninga, er at det må vere noko som genererer aktivitet på eller rundt møteplassen.




På eller rundt staden må det vere eit variert utval av **aktivitetsgenererande funksjonar**.

Der bør vere målpunkt som menneskje har behov for å oppsøkje i kvardagen. Dette må vere funksjonar og tilbod som bidreg til liv utandørs så vel som inne, og dei bør overlappa kvarandre i tid slik at der om lag alltid er noko som er ope.

Særleg stadar folk kan kjøpe mat og drikke, anten det er ein kafé, restaurant eller berre ein kiosk, er tilbod som trekk folk til seg. Slike stadar tilbyr i tillegg sitjeplassar, moglegheit for å trekke inn om ein ynskjer, toalett, osv. Kort sagt ting som gjer det enkelt å opphalde seg lengje på ein stad.

Funksjonane bør vere interessante for fleire brukargrupper. Variert innhald appellerer til ei større og meir mangfaldig spekter av menneskje. Slik aukar grunnlaget for aktivitet på staden. Fleire menneskje gjer ein stad meir spennande.



EIN GOD MØTEPLASS

Om ein ser dette teorigrunnlaget under eitt, kan vi oppsummere ein "god offentlig møteplass" med følgjande eigenskapar:

ROMMET

- Tydeleg definerte, positive rom.
- Delvis omslutta med samanhengande veggjar som dannar konkave formar.
- Har direkte kontakt med minst ein vegg.
- Heng saman i eit nettverk der dei ulike romma leier inn i kvarandre.
- Rimelege sjå-avstandar. Ikkje større enn at menneskje klarer å ta inn over seg informasjonen som er der, dvs. innan det sosiale synsfelt.
- Dimensjonert etter menneskja sine sansar og bevegelsesapparat. Godt forhold mellom høgde og breidde slik at ein ikkje kjenner seg innestengt eller for eksponert.
- Er delt inn i mindre rom og avlukker som tillét meir skjerma opphald.

- Har i seg både nære og fjerne rom-opplevingar. Gjev uhindra utsyn til andre møteplassar, natur, menneskjer og/eller aktivitetar.
- Tek i bruk naturelement på staden, t.d. fjellknausar, store steinar, klyngjer med tre og busker, osv., som romdefinerande element og for å gje karakter til møteplassen

KANTEN

- Kantane dannar nisjar, sitjekantar, holrom, overbygg osv., som byr på mange komfortable opphaldsmoglegheiter, både ståande og sitjande.
- 1. etasje er særskild forseggjort med mange detaljar, rik variasjon, gode material.
- Interessante og opne fasadar med store vindauge. Verksemdene trekkjast ut.

FUNKSJONAR

- Ikkje ekskluderande og lett tilgjengelege for fleire brukargrupper: ungdom, eldre, utlendingar, personar med nedsett mobilitet, osv., samt enkle å bruke.
- Logisk plassert slik at folk ikkje må gå lange omvegar for å kome seg dit.
- Omgjevne av ulike funksjonar og tilbod, viktige målpunkt, som overlappar kvarandre i tid.
- Har ein stad der ein kan kjøpe mat og drikke like i nærleiken.
- Gjev moglegheit for å bruke plassen på den måten ein sjølv har lyst til.
- Har ein verdi for folk. Dei opplever at det gjev meining å oppsøkje staden. Det kan vere historisk, funksjonsmessig og/eller sosialt forankra.
- Inviterer til fysisk aktivitet og leik, dag/natt gjennom året.

OPPHALD

- Behageleg mikroklima. Gjev vern for vêr og vind, trafikk, støy og forureining, og tillét nyting av gode sider ved klimaet.
- Gjev moglegheit for opphald utan å hindre ferdsel.
- Rikt utval av ulike primære og sekundære sitjemoglegheiter som dannar sociopetale sitjegrupper. Her inngår òg plassar ein kan liggje eller lene seg på.
- Komfortable sitjemoglegheiter for fleire brukargrupper:
 - Med og utan armlene, ryggstøtte og ulike sitjehøgder
 - Varme material som t.d. tre heller enn stein på sitjeflata
 - Gjennomtenkt utsjånad
 - Vern i ryggen, gjerne langs kantane i rommet
 - Mange sitjeplassar som er gratis å bruke
 - Med og utan bord
- Mange støttepunkt, ikkje berre langs kantane
- God lyssetjing som tillét opphald på kveld/natt og vinterstid utan å blende folk.
- Har rikt innslag av tre og plantar. Innspel av er òg eit element som er særleg verdsett.
- Oppmodar til kommunikasjon mellom menneskja og innbyr i særskild grad til valfrie, rekreative og lystbetonte aktivitetar.
- God kvalitet i material og utforming.

DEL 2: EMPIRI

I denne delen byrjar eg med å presentere kva for eigenskapar, styrker og utfordringar, det er som er typiske for mindre, vestnorske, rurale tettstadar.

Som eit døme og ei tydeleggjering av nokre av desse eigenskapane, tek eg deretterføre meg Sandane og presenterer registreringar og analyser eg har gjort av Sandane sentrum.

Til saman utgjer dette dermed det generelle grunnlaget eg skal vurdere eksisterande litteratur og kunnskap om møteplassar opp mot.







2.1: DEN MINDRE, RURALE TETTSTADEN

I dette kapitlet ser eg nærare på nokre av dei viktigaste eigenskapane som er *typiske* for mindre tettstadar i rurale omgjevnadar på Vestlandet.

STYRKER OG UTFORDRINGAR

For at eg skal kunne seie noko om kva informasjon som finnast om gode byrom er relevant og overførbar, må eg vite noko om kva eigenskapar det er som kjenneteiknar dei mindre tettstadane. Det er viktig å nemne at det sjølvsagt er individuelle variasjonar mellom tettstadar, og at ein må ta omsyn til dette i kvart tilfelle. Likevel er det nokre viktige styrker og utfordringar som ein kan seie gjeld ganske generelt for dei aller fleste av desse tettstadane.

Kva for utfordringar finnast og som ein må ta omsyn til? Kva mogelegheiter og styrker kan ein trekke fram og bygge opp om? Først når ein veit noko om dette er ein betre i stand til å planlegge godt for desse tettstadane.


MELLOM FJORD OG FJELL

Den mindre, vestnorske, rurale tettstaden ligg i ein distriktskommune, eit stykke frå større byregionar. Det bur mellom 1000 og 3000 i tettstaden og han er eit småsentrum for kringliggjande bygder og/eller små tettstadar.

Sentrumsområdet er relativt lite og det er her viktige funksjonar som matbutikk, heradshus, bank, post, apotek og andre detaljnæringar er lokalisert. Tettstaden ligg dessutan like ved eller i nær tilknytning til ein fjord og er omgjeven av fjell.

Tettstaden er gjerne etablert på det flataste området i landskapet. Det vil ofte seie heilt nede ved fjordkanten, gjerne i tilknytning til eit elveutlaup. Mykje av sentrum er difor forholdsvis flatt i høve til landskapet rundt som elles kan vere kupert og bratt. Områda rundt er prega av primærnæring som landbruk og skogbruk.

KLIMA



NEDBØR

Den typiske vestnorske tettstaden har generelt mykje nedbør gjennom året. Noreg ligg midt i vestavindsbeltet som medfører at det særst ofte kjem fuktige luftmassar inn over landet frå Atlanterhavet (Norsk klimaservicesenter 2015, s. 40). Av di Noreg ser ut og ligg på dei breiddegradane det gjer, er difor områda vest for vasskiljet mest utsett for nedbør. Dermed er Vestlandet den landsdelen som har mest nedbør gjennom året, og mykje av denne kjem om hausten og vinteren (Meteorologisk institutt u.å.).

Gjennomsnittleg årsnedbør for den vestnorske tettstaden avheng om han ligg i indre eller ytre kyststrøk. Den lokale topografien syt for at somme tettstadar ligg i le medan andre er meir utsett for store mengder nedbør (Viste mfl. 2015, s. 26). I høve til Austlandet er det likevel tydeleg at dei aller fleste tettstadane generelt har mykje nedbør.

MILD VINTER, KJØLEG SOMMAR

I tillegg er sesongvariasjonane mellom vinter og sommar på Vestlandet relativt liten. Vintrane er milde, men sommarane vert heller ikkje verkeleg varme (Viste mfl. 2015, s. 25). Det gjer at det ofte vekslar mellom å snø og regne om kvarandre langt ut i vinteren. Anten forsvinn snøen raskt eller så vert han liggjande som slaps. Dermed tek det lang tid før det legg seg eit varig snødekke.


FLO

Av di tettstaden ligg så nær fjordkanten og dessutan er flat, er han særleg utsett for stormflo. Når lågtrykk kombinert med vind pressar vassmassane inn mot land oppstår stormflo. Dersom dette òg fell saman med ein springperiode, altso at kreftene frå sol og måne gjev høgare vasstand enn normalt, får ein det vi kallar springflo (Direktoratet for samfunnssikkerhet 2016, s. 10). Desse hendingane fører gjerne til at større eller mindre delar av sentrum vert liggjande under vatn noko som kan få store konsekvensar i økonomisk samanheng.

SKUGGANDE FJELL


Eit anna element som gjerne er tilfellet for tettstaden, men som det kan vere store variasjonar innan, er kor mange dagar i året det faktisk er solskin i sentrum. Sjølv om det slett ikkje er snakk om mørketid slik ein har lenger nord i Noreg, har tettstaden gjerne lengre periodar på vinteren utan direkte sollys. Årsaka er dei høge fjella som omgjev tettstaden. Det kan dermed ta lang tid før vårsola kjem og varmar opp att eit vinterkaldt sentrum.

Alt dette har sjølvstøtt mykje å seie for korleis det opplevast å vere utandørs. Talet på dagar i året det faktisk er behageleg å vere ute er gjerne få i høve til andre stadar i landet. Folk flest kvir seg for å vere ute i dårleg vêr. Det er difor særst viktig å ta omsyn til dette i planlegginga av utandørs møteplassar i tettstaden. For at sentrum skal vere aktivt og levande så mange dagar av året som mogeleg, må ein ta omsyn til menneskja og gjere det behageleg og lett å vere der.





Figur : Midlare årsnedbør i mm.
Normalen frå 1985- 2014.



Fjella skuggar for sola i låglandet gjennom delar av vinteren.

VEIKSKAPAR OG UTFORDRINGAR



INFRASTRUKTUR

STORE AVSTANDAR GJEV MYKJE BILBRUK

Frå gammalt har primærnæringa vore den viktigaste forma for sysselsetjing på bygda, og dette krev store areal. Plass er som regel ikkje noko det er mangel på i rurale område, men samstundes har topografien gjort at det ikkje er alle område ein kan byggje på. Dette har soleis ført til ein spreidd folkesetnad der folk har busett seg relativt langt frå både kvarandre og sentrumskjernen. Dei vert dermed avhengige av motoriserte framkomstmiddel for å ta seg frå stad til stad. Det er ikkje alle som er i stand til å ta beina eller sykkelen fatt, for ikkje å snakke om at bilkøyring sparar ein for mykje tid.

Dette har fått innverknad på korleis sentrum er utforma. Sjølv om tettstaden har ein relativt høg tettleik i høve til områda rundt med spreidd busetnad, er ein stor del av folkesetnaden, for ikkje å seie folk flest, avhengig av bil for å ta seg inn til sentrum. Det resulterer i at mykje av plassen i sentrum vert dedikert til bilen. Dermed vert det laga parkeringsplassar i fleng og vegane vert overdimensjonerte for å gjere det behageleg å køyre i sentrum.

Store, utflytande asfaltflater som ikkje har nokon annan funksjon enn parkering gjev mest ikkje noko positivt tilbake til sentrum (jfr. Norske arkitekters landsforbund 2015, s. 5), og kjensla av noko definert uterom vert dårleg eller uteblir fullstendig.

EINSFORMIG BUSTADTILBOD

Typisk for tettstaden er at det verken er tilstrekkeleg mange eller varierte nok formar for bustadar i sjølve sentrum. Det er ikkje her ein frå gammalt har fokusert bustadbygginga. Ein har hatt “nok plass å ta av” elles i kommunen, så folk har stort sett bygd der dei sjølv ville. Einebustaden har til no dominert som den viktigast buforma i og kring tettstaden. Før var dette den mest etterspurde buforma i distrikta, men dette har endra seg. Preferansane hjå dei som bur i distrikta no er blitt meir nyanserte (jfr. Norsk institutt for by- og regionsforskning 2014, s. 4).

Eit snevert bustadtilbod kan dermed vere ei vesentleg hindring for mange som ynskjer å bli buande eller flytte dit. Det er i hovudsak familiar med god inntekt som har råd til å kjøpe einebustadar. Førstegongskjøparar, ungdom og innvandrarakar for å nemne nokre grupper, har gjerne ikkje dei same moglegheitene, og eldre vil kanskje ikkje sitje med ansvaret for eit heilt hus. Dei vil kanskje heller tenkje seg ei lettstelt leilegheit nær sentrum.

For at tettstaden skal kunne vere appellerande for så mange ulike menneskje som mogeleg, må bustadtilbodet vere variert og ein må planleggje bustadar i sentrum.

DÅRLEG KOLLEKTIVSAMBAND

Kollektivtilbodet er sjeldan tilstrekkeleg mellom sentrum, dei andre delane av tettstaden og bygdene rundt. Ofte er det berre eit par bussavgangar om dagen, gjerne i form av skulebussruter og/eller TT-ordningar (Kjørstad og Nilsen 2012, s. 3). Er ein heldig bur ein kan hende i nærleiken av ein ekspressbusstoppestad, men generelt er det for dårleg dekningsgrad mellom sentrum og der folk flest bur. Dersom ein først er i sentrum, er det ofte enklare å ta seg til næraste by enn sitt eige nabolag.

Dette gjer det vanskeleg for folk som ikkje har eigen bil til å flytte seg rundt i lokalmiljøet. Er det til dømes tre kilometer inn til sentrum, og denne vegen i tillegg ikkje er tilrettelagd for gåande eller sykklande, vil det gjere det vanskeleg for mange ulike grupper å ta del i sentrumslivet.





MENNESKJA

LITEN FOLKESETNAD OG LITE LIV I SENTRUM

Ein vesentleg skilnad er at det sjølvsagt er få innbyggjarar i den mindre tettstaden i høve til byar og større tettstadar. I denne oppgåva er ein “mindre tettstad” definert som ein tettstad som har mellom 1000 og 3000 innbyggjarar, men i sjølve sentrumskjernen bur det gjerne særers få som følgje av det dårlege bustadtilbodet i desse områda.

Dette i tillegg til store asfaltflater og få butikkar og andre tilbod som genererer aktivitet, særleg på kveldstid, gjer at sentrum ofte opplevast aude og daudt. Det meste av det som skjer går føre seg innomhus slik at ein ikkje ser menneskje i romma utandørs. Som det kjem fram i ein rapport frå 2014 (Ruud mfl. 2014, s. 103 – 105; Norsk institutt for by- og regionsforskning 2014, s. 3) er Nordfjordeid i Eid kommune, nord for Gloppen, eitt døme på ein tettstad med eit typisk sentrum som manglar eit tilstrekkeleg aktivitetstilbod.

For å få eit levande sentrum under slike høve, er det dermed særers viktig at tilbodet av uterom og møteplassar klarer å dekke behova til så mange menneskje som råd. Dei må vere av so høg kvalitet og tilby viktige og interessante funksjonar og aktivitetar slik at dei maktar å trekkje til seg folk utanfrå.

Eg tør hevde at om det ikkje er viktigare, så er deti alle fall like viktig med vellukka møteplassar i den mindre tettstaden som i ein by. Det at det er så mange menneskje i sentrum av byane kan ha noko å gjere med at det nettopp er mange gode møteplassar der. Men det er som regel alltid “nok menneskje” i nærområda til at eit byrom vert brukt, til tross for at det ikkje er optimalt utforma.

ALDRANDE FOLKESETNAD

I mange distriktskommunar er ein stor del av folkesetnaden eldre, det vil seie over 67 år. Dei minst sentrale områda er dei som har flest eldre i høve til unge. Prosentdelen eldre i høve til folk i arbeidsfør alder vil dessutan truleg vere aukande i åra som kjem (Meld. St. 18 (2016-2017), s. 26 og 27), noko som vil gje utfordringar som kjem til syne gjennom mellom anna aukande behov for arbeidskraft.

Ei motkraft til den aldrande folkesetnaden er innvandring. Dei fleste innvandarane som kjem til Distrikts-Noreg er mellom 25 og 49 år (Distrikts-senteret og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet 2017, s. 7). Desse kan mellom anna vere med og “redde” kommunane frå det stadig aukande behovet for arbeidskraft.




Foto: Synnøve Søreide

DEI UNGE FLYTTAR UT, KONKURRANSE FRÅ STØRRE TETTSTADAR OG BYAR

Mykje av årsaka til den store prosentdelen eldre i slike område, er at mange unge flyttar for mellom anna å gå på skule og ta høgare utdanning (Grønli 2006). Problemet ligg i at mindre stadar gjerne har vanskar med å få desse til å flytte attende, særleg jenter, av di tilbodet og aktivitetane ikkje er like mange og varierte som på større stadar (jfr. Jørgen Amdam, sitert i Hjetland 2015).

Handelslekkasje er òg ei utfordring den mindre tettstaden står overfor. Kanskje har nabokommunen eit litt større og variert tilbod og folk vel difor å reise dit dersom dei treng andre ting enn daglegvarer. Dette, samt eit lågt kundegrunnlag i utgangspunktet, i tillegg til ein stadig aukande netthandel (Skomakerstuen 2016; Ruud mfl. 2014, s. 9), kan gjere det utfordrande for den mindre tettstaden å oppretthalde andre formar for handel enn dei mest naudsynte funksjonane som til dømes daglegvarebutikkar, apotek og frisør. Få funksjonar i sentrum går ut over det sentrumslivet ein ynskjer seg.





UHELDIGE VANAR OG PRIORITERINGAR

FOLK VERT MEIR OG MEIR “URBANISERTE”

I dag er det lett å reise og sjå andre delar av landet for ikkje å snakke om verda. I laupet av livet flyttar dei fleste nordmenn ein eller fleire gongar (Distriktssenteret 2016, s. 5) i samband med til dømes jobb eller utdanning. I tillegg reiser folk på jobbreiser, på ferie, studietur og so bortetter, og ein får dermed sjå korleis høva er andre stadar.

Ein vert fort van med tilbodet og variasjonen ein ser i på større plassar, det ein vanlegvis tenkjer som urbane kvalitetar. Folk vert dermed meir og meir “kravstore” og forventingane til staden ein bur vert høge. Dersom heimstaden ikkje kan stille med det same tilbodet eller noko anna som kan kompensere for mangelen av visse tilbod, er det lett at folk vel å busetje seg andre stadar.



FRYKTA FOR Å SEIE NEI

Mindre kommunar er gjerne avhengige av investorar utanfrå, og mange gongar kan det difor vere vanskeleg å seie nei dersom tilbodet først er der. Dette kan ofte medføre at utviklinga ikkje skjer etter ein heilskapleg plan, men på kvar enkelt investor sine premiss. Dette kan igjen få konsekvensar for korleis sentrum vert sjåande ut. Vert det til dømes satsa på å halde liv i sentrum med lokalbutikkar og hyggeleg uterom, eller står det plutselig eit gigantisk kjøpesenter i utkanten av tettstaden som trekk alt livet ut av sentrum?

Det kan òg vere slik at sjølv prosjekt som er planlagt godt og heilskapleg vert dyrare enn kva ein hadde budsjettet. Av di det er det som er innandørs som har høgste prioritet, kan det då fort gå på kostnad av dei tilhøyrande uteområda. Ein ser seg nøgd so lenge ein har eit godt tilbod innandørs, men dette er ein særskummel tanke i høve til målet om å ha eit levande sentrumsbilette.



Døme frå Sandane der uteområda til eit idrettsanlegg har vore skadelidande av di det innandørs vart dyrare en først trudd.

FOLK SIN MENTALITET

Ei anna utfordring den mindre tettstaden kan ha vanskar med, er folk sin mentalitet. Folk som har budd der lenge har gjerne gjort seg opp nokre meiningar om korleis ting *bør* og *skal* vere eller gjerast. “Slik har det alltid vore i alle år. Kvifor skal vi endre på noko når det fungerer godt nok slik det er? Det er naudsynt med bil på bygda. Det er langt mellom stadane, og då *må* bilen ha plass.” ...og so bortetter.

Dette *kan* bli eit vesentleg problem i utviklingsarbeidet i tettstaden. Eg trur likevel at dette kan vere mest problematisk hjå den eldre delen av folkesetnaden, så dette vil kanskje endre seg med tida. Problemet ligg i at det ofte nettopp er denne gruppa menneskje som deltek aktivt på folkemøte, høyringar og liknande i samband med utviklingsarbeid i kommunen. Dersom desse ikkje er villige til å tenkje nytt, kan planleggjarar som jobbar mot ei framtidsretta utvikling av tettstaden oppleve hard motbør. Enda verre er det dersom planleggjarane sjølv tenkjer slik.

Folk må *vile* endre seg og tenkje nytt for at dei skal leggje om vanane sine og det i tillegg skal opplevast som noko positivt.



STYRKER OG MOGLEGHEITER




NÆRLEIK

LITE SENTRUM

Den typiske mindre tettstaden strekk seg gjerne over eit relativt stort område, men sjølve sentrum er ikkje stort. Ein kan stort sett gå mellom alle funksjonar og tilbod som finnast innanfor sentrumsgrensene. Det ligg stort potensiale for eit aktivt gatebilette i eit arealmessig lite sentrum, men først må det leggjast betre til rette for dei mjuke trafikantane.


Det typiske sentrum er anten keisamt eller ubehageleg å ferdast i, og folk vel difor alt for ofte å køyre frå dør til dør. Bygningane står gjerne langt frå kvarandre og mellom dei er det parkeringsplassar, noko som får sentrum til å verke glissent trass i den vesle utstrekninga.

Å fjerne biltrafikken frå eit tettstadssentrum der folkesetnaden elles er spreidd, er ikkje eit hensiktsmessig alternativ. Likevel vil det som regel ikkje vere noko problem å redusere biltrafikken og den plassen bilane legg beslag på. Slik kan ein frigje verdifull plass som heller kan nyttast på ein måte som er med å skape levande uterom.



”SENTRALT”

Folk som bur på bygda, anten i eller nær ein mindre tettstad kan hevde at dei bur ”meir sentralt” enn kva folk som bur i eller nær større byar. Med dette meiner dei at dei bur sentralt i høve til det dei har behov for i kvardagen som til dømes jobb, skule og barnehage, daglegvare, helsetenester og so bortetter, og at dei kjem seg dit raskt. Ser ein på Oslo til dømes, vil ein ofte sjå at folk har ein lang pendlarveg, anten inn eller ut av byen, og dessutan at dei må sitje særst lenge i kø for å kome fram (Norsk telegrambyrå 2017). Slik er det ikkje på bygda.



NATUR

NATURNÆRT

Frå eit lite sentrum i ein busetnad med liten geografisk utstrekking er det kort veg til naturen, og det er gjerne lett å ta seg dit (jfr. t.d. Ruud mfl. 2014, s. 143). Nettopp det kan gjere at ein gløymer at det faktisk er behov for grønstruktur i sentrum òg. Dermed er det lett å tenkje at ein ikkje vil eller treng å nytte sentrum til noko anna enn naudsynte gjeremål. ”Det er jo mykje betre å bevege seg i skog og fjell, heller enn i eit lite grått sentrum”.

For at tettstaden skal vere interessant for turistar og potensielle arbeidstakarar og tilflyttarar, for ikkje å snakke om dei som allereie bur der, er det ikkje nok at tettstaden beint fram ligg naturnært (Distriktsenteret 2016, s. 12). Natur har ein stort sett over alt i Noreg.

Dersom ein derimot klarer å trekke naturen inn i sentrum som ein forlenging av det vakre som ligg rundt, og legg til rette for gode naturaktivitetar og opplevingar som ein til dømes kan nå frå sentrum, kan det absolutt bli ein sentrums kvalitet folk aktivt oppsøker. Dette kan vidare vere med å bidra positivt til stadstilhørsla (Distriktsenteret 2016, s. 12).

I naturnære omgjevnadar vil ein lettare kunne oppnå fred og ro enn i byar der det alltid er aktivitet som følgje av trafikk og eit yrande natteliv (på godt og vondt). På grunn av naturen samt at det ikkje oppstår trafikkopphopingar over lenger tid i distrikta, er ikkje dårleg luftkvalitet eit problem.



MANGFALD

INNVANDRING

Den typiske tettstaden har gjerne ein forholdsvis høg prosentdel innvandrarakar. Sidan 2009 har innvandring sytt føre at kommunane i Distrikts-Noreg stort sett har hatt ein positiv folkevekst (Søholt mfl. 2014, s. 20), og mange av desse vert busett eller busett seg i nær tilknytning til meir sentrale delar av distriktskommunane. Demografien i desse kommunane har dermed i aukande grad gått frå å vere relativt einsformig til å bli meir og meir variert og samansett.

Lenge var det arbeidsinnvandrarakar som stod for den største delen av nye landsmenn, men mange stadar kjem det no fleire flyktingar (Distriktssenteret og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet 2017, s. 3). Dette kan vere ei utfordring, men det kan òg gje vekstmogelegheiter. Innvandarane kjem med både arbeidskraft, nye tankar og levemåtar og er slik ein stor ressurs for tettstaden og kommunen generelt.

For at dette skal bli tilfellet må ein syte for at ein klarer å inkludere dei nye innbyggjarane våre i lokalsamfunnet. Ofte er det derimot slik at innvandrarakar og dei lokale lever meir åtskild enn i lag med kvarandre. Omgangskretsane overlappar ikkje kvarandre, men dette kan vise seg å vere eit problem som gjeld alle tilflyttarakar, ikkje berre innvandrarakar (Distriktssenteret og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet 2017, s. 7).



Foto:
Ronny Solheim

Likevel har innvandrarakar gjerne større utfordringar enn norske tilflyttarakar. I tillegg til å bygge seg opp eit sosialt nettverk, skal dei gjerne lære seg eit heilt nytt språk, ein ny kultur og eit nytt levesett (Gehl architects og Distriktssenteret 2016, s. 24). Problemet er at dei som har budd i tettstaden lenge allereie har eit stort og velutvikla sosialt nettverk. Dermed føler ein kanskje ikkje noko "behov" for å ta kontakt.

Samstundes kan det vere problematisk for innvandarane å ta kontakt. Dei som har budd der lenge har gjerne sine eigne, faste møteplassar som det kan vere vanskeleg å vite om som nyinnflyttarakar. Samfunnet er på ein måte lukka, og for vaksne og einslege, særleg dei utan born, kan det vere særskild vanskeleg å finne vegen inn i dette samfunnet dersom utvalet av offentlege møteplassar er snevert (Distriktssenteret 2016, s.15).



IDENTITET

TILHØYRSLE, SAMHALD OG TILLIT

Det finnast forskning som tydar på at folk vert meir private di tettare ein bur i lag (referert til i Ruud mfl. 2014, s. 73). Ein har ein tendens til å trekke seg tilbake og involverer seg mindre med naboar og lokalmiljøet der folk bur tett. Kanskje er det lettare å kome innpå kvarandre om det er færre som bur i nærområdet. Dermed er ofte tilfellet at det sosiale støtteapparatet, familie, venar og kjende, er større i tettstaden enn kva det er i større byar.

Tettstaden har berre eitt sentrum der alle viktige funksjonar er plassert. Daglegvare- og anna detaljhandel, post, frisør, kafear og so bortetter ligg her. Sentrum vert dermed eit viktig felles samlingspunkt som meir eller mindre alle innbyggjarar er innom på eitt eller anna tidpunkt. Slik treffer ein på dei same folka gjentatte gongar og gradvis bygger ein opp eit forhold til kvarandre. Ein spør seg for og høyrer nytt.

I større byar har ein derimot mykje fleire alternativ å velje mellom. Det er ikkje berre eitt felles samlingspunkt og ein kan soleis veksle mellom stadar frå gong til gong. Dermed er det òg enkelt gjere seg sjølv anonym om ein ynskjer det.

At alle kjenner alle i tettstaden er å ta hardt i, men ein kjenner som regel "nokon som kjenner nokon" og so bortetter. Ein har truleg ein større kjennskap til kven som bur der og eit betre innblikk i kva det er som går føre seg i andre delar av




Foto: Ronny Solheim

tettstaden i tillegg til sitt eige nabolag. Eg vil hevde at det difor er mykje større grad av tillit mellom innbyggjarane i tettstaden enn i byar med mange tusen innbyggjarar.

Å kjenne at ein høyrer til ein stad er viktig for korleis ein involverer seg i lokalsamfunnet, og har mykje å seie for om ein har lyst å halde fram med å bu ein stad (Distriktssenteret 2016, s. 5). Dei som bur på mindre stadar har ofte ei sterk kjensle av tilhøyrse

til staden og lokalsamfunnet (Norske arkitekters landsforbund 2015, s. 9). Samhaldet og tilliten mellom innbyggjarane kan vere noko av årsaka til at kjensla er så sterk.



IDENTITET

DUGNADSAND, LETT Å ENGASJERE

Nordmenn generelt har ein stor dugnadsvilje, men som Håkon Lorentzen, forskar hjå Institutt for samfunnsutvikling hjå Universitetet i Oslo, sa i eit intervju til VG (Norsk telegrambyrå 1999), er kanskje dugnadsanden aller sterkast i utkant-Noreg. Dette er av di fellesskapskjensla ofte er sterkare her enn i byar og store tettstadar.

For at folk skal delta i dugnad er det ein føresetnad at dei bryr seg tilstrekkeleg om lokalsamfunnet og framtida til staden dei bur på. I tillegg til dette seier Lorentzen at folk òg må ha eit ynskje om å "realisere noko som overgår kvar enkelt sine økonomiske mogelegheiter" (Institutt for samfunnsforskning 2011). Dei må ha eit felles mål.

Der folkesetnaden er låg kan ein som enkeltperson lettare kjenne at ein utgjer ein skilnad. Ein vert gjerne lettare sett og lytta til når det skal takast større avgjersler, og det ein bidreg med vert det teke omsyn til. Dermed vert det truleg òg enklare å gjere ein friviljug innsats for fellesskapet. I ein mindre tettstad kan sjølv små endringar få store utslag.

For at det skal halde fram med å vere godt å bu der, må ein i større grad ta ein aktiv rolle i utviklinga av tettstaden og lokalsamfunnet ein er ein del av. Dei som bur her vil stort sett berre det beste for heimstaden sin, og det kan difor vere lettare å engasjere folk. "Om ikkje eg gjer det, kven då?". I byar derimot, er det "alltid nokon andre som kan ta seg av det". Det vert organisert dugnadar



Foto: Ronny Solheim

i samband med vedlikehald og drift av burettslag og liknande, men vidare utvikling av byen som ein heilskap avheng ikkje av at folk deltek på dugnad. I den mindre tettstaden derimot kan det til ein viss grad faktisk ha seg slik.

Den mindre tettstaden er dessutan meir oversiktleg enn ein by. Det er dermed lett å få oversikt over aktørbiletet, noko som kan gjere det lettare å samle og engasjere dei om eit felles mål. Det kan òg vere lettare å bli samde om korleis ein skal kome fram til det endelege målet (Norske arkitekters landsforbund 2015, s. 9), utan at det alltid er slik (Gehl architects og Distriktssenteret 2016, s. 28).



IDENTITET

LAG OG ORGANISASJONAR

Velferdssamfunnet i Noreg har mykje å takke for all den hjelpa friviljug sektor har bidratt med (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015, s. 5). I arbeidet med å utvikle lokalsamfunnet er dei friviljuge laga og foreiningane, samt enkeltpersonar som brenn for det dei bryr seg om, viktige medspelarar (Distriktssenteret 2016, s. 16). Friviljug innsats for andre og eit fellesskap er avgjerande for å skape eit varmt og inkluderande lokalsamfunn (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015, s. 5).

Alle dei ulike laga, foreiningane og organisasjonane er særst viktig på bygda. Friviljug arbeid gjev folk mogelegheit til å knyte til seg eit sosialt nettverk og slik styrkar det samhaldet mellom innbyggjarane og kjensla av tilhøyrse kvar enkelt har. Dessutan kan denne innsatsen vere avgjerande for om kommunane klarer å oppnå somme av dei måla dei ynskjer seg.

Langt frå alle distriktskommunar har ei overmåte tjukk lommebok å rutte med, og dermed er dei avhengige av innsatsen dei friviljuge organisasjonar og enkeltpersonar kan bidra med. I ein situasjon der kommunen elles kanskje måtte prioritert vekk prosjekt som lokalsamfunnet kunne hatt glede av, om det no er lite eller stort, kan lag og organisasjonar vere med og realisere det gjennom uvurderleg dugnadshjelp.

Eg trur dei som bur i distrikta ser kor naudsynt det friviljuge arbeidet er for drift og utvikling av,

samt trivselen i, lokalsamfunnet, og at det er ei viktig årsak til at det er særst mange friviljuge lag og organisasjonar i desse kommunane (jfr. t.d. Sogn og Fjordane i Gloppen kommune 2016c, s. 21). Utan at eg skal hevde det for sikkert, er truleg desse òg meir aktive enn mange lag og organisasjonar i dei fleste byar.

At mange er aktive i organisasjonsbiletet på ein eller annan måte, er ein vesentleg ressurs for kommunane, men det er viktig å hugse på at kanskje ikkje alle har anledning til å delta. Årsakene kan vere mange, og ein må syte for at desse ikkje vert gløymde. Dei som fell utanfor organisasjonslivet kan risikere manglande sosial kontakt og eit snevert sosialt nettverk. Dermed kan dei få problem med å kjenne seg som ein del av fellesskapet (Sogn og Fjordane fylkeskommune u.å.b), noko som igjen kan gå ut over både sjølvkjensle og helsa til den enkelte.



4H er eit døme på ein organisasjon som står sterkt i distrikta.

RASKE RESULTAT, EIGARSKAP OG STOLTHEIT


All denne friviljuge innsatsen kombinert med eit etter måten lite styrande organ i kommunen, kan gjere at saksprosessane frå start til slutføring går relativt fort i høve til i byen. Innbyggjarane er ofte med og bidreg der dei kan. Ein får dermed eit nærare forhold til det aktuelle produktet eller prosjektet. Ein bryr seg generelt meir om det ein sjølv har vore med å skape.

Eigarskapskjensla kan til dømes vere retta mot eitt enkelt prosjekt som opprusting av nabolaget sitt, eller til tettstaden i sin heilskap. Dette er med å styrke kjensla av tilknytning og generell stoltheit over heimstaden sin. Slikt har positiv tilbakevendande effekt: Eigarskapskjensla styrkast gjennom å gjere ein innsats for lokalsamfunnet. Bryr ein seg nok om ein ting vert det i framtida enklare å delta i meir friviljug arbeid for å best mogeleg sikre at utviklinga held fram slik ein ynskjer.

OPPSUMMERING

Her følger ei kortfatta oppsummering av dei viktigaste styrkene og utfordringane som typiske mindre, vestnorske, rurale tettstadar generelt står ovanfor.

Det vert viktig å ta omsyn til dette når ein skal planleggje offentlege, utandørs møteplassar i sentrum av slike tettstadar.



KLIMA

- Kystklima gjev vêrtilhøve med mykje regn. Lokaliseringa gjer sentrum utsett for stormflo.
- Det er gjerne relativt få soldagar og dagar det er behageleg å vere ute. Periodevis ikkje direkte sollys på vinteren som følgje av fjella i kring.

MENNESKJA


- Gjennomsnittsalderen er generelt høg som følgje av at unge folk flyttar for å ta vidare utdanning. Det er vrient å få desse til å flytte attende. Innvandring er til ei viss grad med å motverke ein stadig aldrande folkesetnad og bidreg med sårt trengt arbeidskraft.
- Folk vert meir og meir kravstore i høve til kva dei ynskjer seg av bustaden sin, og etterspør stadig større grad urbane kvalitetar ein finn på meir sentrale stadar.
- Folk som har budd lengje på éin stad kan ha vanskar for å ville tenkje nytt, og ha motførestillingar mot nye tilflyttarar.

INFRASTRUKTUR

- Bilen er viktig på bygda. Store avstandar og dårleg (eller ikkje-eksisterande) kollektivtilbod gjer mange menneskje avhengige av bilen. Enn så lenge er det dermed umogeleg å avskrive bilen fullstendig. Det er behov for parkeringsplassar i samband med sentrumsområda.
- Eit typisk sentrum er prega av store, utflytande asfaltflater med mykje parkering og spreidd busetnad. Mangelen på klårt definerte rom gjer det gjerne ubehageleg å vere fotgjengar og gjer det vanskeleg å lese sentrum.
- Generelt er bustadtilbodet i distriktskommunen einsformig. I sentrum er det særskild lite tilfredsstillande.

UHELDIGE VANAR OG PRIORITERINGAR

- Ein tendens er at dersom økonomien er stram er det uteareala ein nedprioriterer. Tilboda innandørs kjem i første rekkje.
- Kommunane har gjerne vore glade for dei tilboda som har bydd seg og har difor gjeve løyve til utbyggingar som kanskje ikkje har vore heilt heldige i høve til livet i sentrum.
- Handelslekkasje og stadig aukande netthandel gjer det vanskeleg å drive detaljhandel.



NATUR

- Den typiske vestnorske, mindre tettstaden ligg mellom fjell like ved eller nært knytt til ein fjord i rurale omgjevnadar. Sentrumsområda er relativt flate.
- Nærleiken til naturen er noko mange set pris på, men som ikkje er utnytta til sitt fulle potensiale i sentrum.

NÆRLEIK

- Tettstaden er eit småsentrum for kringliggjande bygder. Eitt sentrum gjer at folk før eller seinare møtast.
- Viktige destinasjonar i kvardagen som butikk, jobb, skule og barnehage ligg forholdsvis nær bustadane. Det tek ikkje lang tid å nå dei med bil, og det meste er mogeleg å sykle til om høva vert lagt til rette for det.
- Sentrum er lite nok til at det er mogeleg å nå alle funksjonar til fots, dermed er det eit godt utgangspunkt for å skape liv i gatebiletet.

MANGFALD

- Takk vere arbeidsinnvandrarar og flyktningar har mange distriktskommunar dei seinare åra hatt ein positivt folkevekst. Dette gjev både utfordringar og ressursar. Dei kjem med både arbeidskraft, nye tankar og levemåtar, men det er gjerne utfordrande å få desse fullgodt inkludert i lokalsamfunnet. Det er vanskeleg for nyinnflyttarar, særskild vaksne og einslege å kome "innanfor" allereie etablerte og meir eller mindre "lukka" omgangskrinsar.

IDENTITET

- Kjensla av tilhøyrse til staden og samhaldet mellom menneskja er sterkt. Folk har tillit til kvarandre.
- Stor dugnadsvilje og mange friviljuge lag og organisasjonar som er med å bidra til utviklinga av lokalsamfunnet og tettstaden.
- Engasjementet og vilja til å bidra kan gjere at slutføringa av ulike prosjekt tek forholdsvis kort tid.





2.2: SANDANE

I dette kapitlet tek eg føre meg Sandane sentrum som eit døme på ein typisk vestnorsk mindre tettstad i rurale omgjevnadar. Eg ser på kva situasjonen er i sentrum i dag, og kva hovudutfordringar Sandane står ovanfor i høve til å lage gode møteplassar i sentrum.

Gloppen kommune sitt mål for Sandane er at Sandane skal styrkast som kommunesenter og at tettstaden skal fungere som eit senter for handel og kultur, ikkje berre i Gloppen, men òg i den nære regionen. (Gloppen kommune 2009, s. 20 og 25)

Eit aktivt sentrum som pulserer av liv som følgje av eit "godt tenestetilbod og ein variert detaljhandel" (Gloppen kommune 2016a) vil heile Gloppen kunne tene på. Dette er essensielt for å trekke til seg nye tilflyttarar og for å sørge for at desse, samt dei som allereie er busett i kommunen, har lyst til å halde fram med å bu der.


MIDT I NORDFJORD

Tettstaden Sandane ligg i Gloppen kommune i regionen Nordfjord i Sogn og Fjordane. Sandane er administrasjonssenteret i kommunen. I tillegg finnast det tre andre bygdesenter rundt om i kommunen: Hyen, Byrkjelo og Reed (Gloppen kommune 2016b, s. 14).



Kommunen dekkjer eit areal på 1022 m² og grensar til kommunane Eid i nord, Stryn i aust, Jølster og Naustdal i sør, og i vest til Bremanger og Flora.



”Fjordingen” (fjordhesten) prydar Gloppen kommune sitt våpenskjold.



Figur 8: Sandane sett ovanfrå.



KLIMA OG LANDSKAPET


LANDSKAPET

Tettstaden Sandane ligg idyllisk til i enden av eit dalføre omkransa av høge fjell, inst i Gloppefjorden som er ein søraustgåande arm av Nordfjorden.

Sandane sentrum ligg ved fjordfronten på elve- og bekkeavsetnadar som strekk seg austover til det vert danna eit gjel som vert kalla Jølet. Her fører bratte skrentar på kvar side opp til eit platå av breelavsetnadar som følgjer dalføret austover (Monnet 1996, s. 5).

Åsane som omgjev sentrum danner tydelege veggjar i eit mindre landskapsrom som vender seg vestover mot fjorden (Monnet 1996, s. 5). Mykje av den eldste delen av Sandane sentrum ligg inntil og litt opp i fjellveggen på nordsida av fjorden, medan den flate og nyare delen i stor grad ligg på fyllmassar.

Som vi ser av biletet på førre side lyser Sandane om lag opp som ein grå og hard flekk midt i alt det grønne og frodige landskapet i kring.



Figur 9: Skjematisk framstilling av landskapsrommet Sandane ligg i med hovudopning ut mot fjorden. Her ser vi korleis det forholdsvis vide landskapet ved fjorden smalnar av inn mot Jølet. Dei små pilene illustrerer avrenning.

LOKALKLIMA

Gloppen kommune ligg midtfjords og nærleiken til havet merkast tydeleg som høg årsnedbør og milde vintrar (Gaarder og Fjeldstad 202, s. 18). Klimaet kring Gloppefjorden er likevel "lageleg" (Tvinnereim mfl. 2016, s. 362) som ein lokal ville sagt det, og mykje fruktdyrking i området vitnar om dette.


I og med at fjorden vender søraust og fjella i nordvest dermed skjermar for dei fuktige vindane frå havet, vert desse områda i stor grad skåna for det verste av vestavind i motsetnad til til dømes Nordfjordeid. Denne tettstaden opplevast mykje kaldare og surare enn kva Sandane gjer ettersom han er vendt rett vest ut mot Nordfjorden og soleis får vestavinden rett imot seg.

Fjella kring tettstaden ligg slik at Sandane sentrum ikkje har sol frå 1. desember til 15. januar. Soloppvarminga er likevel god når sola først skin. Om natta og kvelden kjem det sigande kald luft ned frå fjella og åsane, men om ettermiddagen og om kvelden stig det varm luft opp frå områda ved fjorden.


NEDBØR

Områda kring Gloppefjorden har òg relativt lite nedbør i høve til mange andre stadar i nærområda, men det er ikkje det same som å seie at det er ikkje regnar. Når det regnar kan det dessutan vare lenge. Ser ein til normalen for 1961 – 1990 er det kring 160 dagar med 1 mm regn eller meir i laupet av eitt år (eKlima 2017). Mesteparten av nedbøren brukar å kome om vinterhalvåret, og milde temperaturar gjer at denne nedbøren lenge kjem som regn heller enn snø.


Samstundes kan ein sjå på naturtypar og artsmangfaldet rundt Gloppefjorden at det i særskild sørvendte bakkar og lier er enkelte kontinentale trekk (Gaarder og Fjeldstad 2002, s. 18). Dette kjem av at nedbørsmengda om summerane så pass moderat og det samtidig er høg solinnstråling slik at fordampinga vert høg.



Figur 10: Skjematisk framstilling av sola si innstråling og ferd over Sandane, samt luftstraumane som oppstår på grunn av oppvarming og avkjøling.



Figur 11: Tabell som syner gjennomsnittleg tal dagar per månad der det fall 1mm nedbør eller meir for normalperioden 1961- 1990 (eKlima 2017).



Figur 12: Tabell som syner gjennomsnittleg nedbørsmengde og temperatur per månad for normalperioden 1961 - 1990 (eKlima 2017).

SANDANE I DAG

IKKJE I MÅL ENNO

Ein kan diverre ikkje hevde at ein er komne heilt i hamn med å løfte Sandane sentrum til sitt fulle potensiale som kommunesenter. Enno står det att ein del for å nå målet om å bli eit attraktivt handels- og kultursenter som kan måle seg med andre stadar rundt om i regionen.

Sentrum er i dag for det meste dominert av parkeringsplassar og utflytande asfaltareal. Sjølv om sentrum ligg midt i ein dal av grøn og frodig natur med den blå fjorden like ved, er det om lag ikkje anna enn grått å sjå innanfor sentrumsgrensa.

Bilen har fått råde fritt i mange år, noko som har resultert i særsl dårlege høve for fotgjengarar og syklistar. Sentrum er uoversiktleg og kan verke forvirrande på folk som ikkje kjenner staden. Store opne område gjev lite romkjensle og det er særsl dårleg markert kvar ein kan gå. I tillegg er ein særsl eksponert for vêt og vind om lag kvar som helst. Dette gjer sentrum lite innbydande.



Figur 13: Sandane sentrum sett frå over Gloppenfjorden ein sommarsdag i 2015 med det ikoniske Ryssdalshornet i bakgrunnen.



Bilen har hatt høgste prioritet over lang tid. Store delar av sentrum består av utflytande asfaltareal, og mange stadar er det direkte risikofylt å vere fotgjengar eller syklist. Eit døme er mellom senteret med Coop Extra (t.v.) og Rema 1000: det er knappe 100 meter frå dør til dør, men det er ingen stadar ein kan krysse vegen til fots. Dermed kryssar ein likevel og set seg sjølv i fare, eller so tek ein bilen av di det er tryggare. Ofte er vel folk det siste alternativet.



Dårleg utnytting av fjordfronten. Det meste av områda langs fjordfronten er asfaltert veg og parkering. Det er anlagt ein promenade like ved ved vasskanten slik at det er mogeleg å gå langs fjorden. Tanken er god, men med unntak av eit lite grønt område ved gjestehamna, innbyr ikkje utforminga i seg sjølv til opphald.



Om lag kvar enn ein snur seg ein vanleg kvardag er det langtidsparkerte bilar i nærleiken. Dette er folk som jobbar i butikkane i sentrum. Bilane tek opp plass som kundar kunne ha nytta eller ein kunne brukt plassen til noko heilt anna som hadde gagna livet i gatene.

BETRING I VENDE

NY SENTRUMSPLAN

Gloppen kommune har lenge sett at det er eit stykke att før Sandane vert eit levande handels- og kultursenter for regionen, men kommunen har byrja å jobbe inn mot dette målet.

I 2015 utarbeidde Gloppen kommune ein rapport, Utfordringsdokument 2015 (Gloppen kommune 2016c), der dei kartla ulike faktorar som har innverknad på glopparane si helse og trivsel, og som må takast omsyn til i vidare utvikling generelt i kommunen.

Det same året gjennomførte Norconsult ei sentrumsanalyse av Sandane på oppdrag frå kommunen. I denne vart det tydeleggjort kva utfordringar og styrker Sandane sentrum har, samt at dei kom med tilrådingar om kva som kunne gjerast for å gje meir liv til sentrum.

Gloppen kommune tok følgjeleg tak i dette og starta i 2016 arbeidet med å revidere kommuneplanen. I planstrategien for 2016- 2020 (Gloppen kommune 2016b) peikar dei på nokre satsingsområde som vil vere viktige i den vidare utviklinga av kommunen, mellom anna attraktive tettstadar/ sentrumsutvikling og inkluderande lokalsamfunn, og arbeidet mot ein ny områdereuleringsplan for Sandane sentrum er no sett i gong.

Som den fysste kommunen i fylket har Gloppen valt parallelloppdrag som metode i ein slik planleggingsprosess. Oppdraget starta i januar 2017 og vart avslutta i slutten av mars same år.

URBAN FJORDLANDSBY

I parallellprogrammet (Gloppen kommune 2016a, s.2) skildrar kommunen visjonen sin av Sandane som ein "urban fjordlandsby". Det er litt interessant at Gloppen kommune vel å nytte denne nemninga for å skildre det framtidige Sandane.

Ordet landsby er ikkje noko administrativt omgrep i Noreg. Historisk sett var ein typisk landsby eit føydalt samfunn, noko som var særst utbreidd i Europa i mellomalderen. Denne forma for styre har derimot aldri fått noko fotfeste i Noreg (Føydalisme 2017).

Gloppen kommune kan difor ikkje seiast å nytte omgrepet korrekt, men dei spelar snarare på dei romantiske tankane folk ofte har om landsbyen. Ein tenkjer seg at dette er ein hyggeleg stad med eit inkluderande lokalsamfunn der folk kjenner kvarandre, og alt er jordnært utan å prøve å gje seg ut for å vere noko anna enn det faktisk er.


Vidare vil det at noko er urbant seiast at dette er noko ein typisk finn i byar og at det har eit bymessig preg (Urban 2009). Dette kan ein ikkje utan vidare seiast vil kunne gjelde for Sandane, men det er kanskje mogeleg å tolke ordet på ein måte som kan passe likevel?

I samtale med kommunen fekk eg vite at dei med vilje valde "urban fjordlandsby" av di dei gjerne ville skape ein diskusjon blant dei fastbuande og setje i gong nokre tankar kring framtida til Sandane og kva uttrykk kommunesenteret skal ha.

I denne samanhengen definerer kommunen ein urban stad som "ein moderne stad der det er nærleik mellom menneskje, både fysisk og på det sosiale planet, i tillegg til nær tilgang på funksjonar og tilbod. Det er ein stad der ein tek vare på identiteten som er der samstundes som ein tenkjer nytt og framtidsretta nok til at unge har lyst til å flytte (tilbake) dit".

Med andre ord ligg det i nemninga "urban fjordlandsby" at Sandane sentrum skal utviklast med fokus på menneskja, både busette og besøkjande, og "med omsyn til historie, særpreg og identitet" (Gloppen kommune 2016a, s.2).

Bilen skal ikkje lenger få råde som han gjer no. Kommunen ynskjer seg fleire bustadar i sentrum samstundes som fjordfronten vert sikra for allmenn ferdsel. Dei ynskjer seg eit sentrum med gode uteområde og møteplassar som folk har lyst til å opphalde seg i, og som samstundes er behagelege og trivelege å bevege og navigere seg i som mjuke trafikantar.



Viktigaste bilvegar inn til sentrum

- E39, går forbi sentrum
- Breimsvegen
- Nordstrandsvegen
- Sørstrandsvegen
- Gotevegen

Øyrane

Utsikten

Gloppefjorden

Sandane

Holvikfossen

Sandebukta

Holvik (gard)

Jølet

Elvaneset

Selvågane

Kleivedammen

Gloppen Camping

Åsen


Mona

Gloppeelva


Eide

Mardal

Søreide



BILBASERT



ASFALTJUNDEL

Sandane er tydeleg utforma på ein måte som har favorisert bilistar og som ikkje er tilpassa fotgjengarar eller syklistar. Det er tilsynelatande *meininga* ein skal ta seg til Sandane med bil. Med unntak av éin gang- og sykkelveg som kjem frå Kleivedammen og følgjer Breimsvegen nedover, er det ingen gang- og sykkelveg som fører inn til sentrum.

Som vi ser av svartplanen på førre side ligg størsteparten av folkesetnaden på Sandane eit godt stykke utanfor sentrum. Problemet er at det ikkje er nokon god tilknytning mellom sentrum og busetnaden utanfor. Dei fleste vegane er smale og utrygge for mjuke trafikantar, men særleg Sørstrandsvegen er ubehageleg ferdast langs. Difor tyr mange til bilen. Det er både raskare og tryggare.


Sentrum ber tydeleg preg av å vere basert på motorisert ferdsel. Av di folk flest kjem utanfrå og inn med bil, er det òg lagt opp til at mange kan parkere samstundes. Dei mjuke trafikantane må dermed orientere seg imellom og på tvers av bilveg og vide parkeringsareal med eit utal parkeringsplassar utan oppmerking for kvar ein kan gå.

Kartet på neste side illustrerer korleis det er å ferdast i sentrum som fotgjengar. Det er yst få strekk i sentrum der det er *meininga* at fotgjengarar skal gå og det samstundes er triveleg å vere. Dei fleste stadane der det er opparbeidde fortau, er det mest berre for å få fotgengarane vekk frå bilvegen slik at bilane kan køyre uhindra gjennom sentrum. Det er ikkje fokusert på korleis det opplevast å gå der.

Eit resultat av dette er at mange tyr til bil *innanfor* sentrumsgrensa òg, sjølv om det ikkje er langt å gå mellom dei ulike butikkane og funksjonane.

- Parkeringsplass
- Asphalt
- Den raude lauparen, Gågate, akse frå fjordfronten til enden av Heradsplassen

FOTGJENGAR I SENTRUM



— Attraktivt og tilrettelagd for gåande

Stadar som er planlagt for fotgjengarar, og som er enkle og trivelege for fotgjengarar å ferdast på. Dei er heilt åtskilde frå bilvegane, slik at ein opplever stor grad av trafikktryggleik. Der fortøua ligg inntil bilvegane er det variasjon langsmed som gjer det interessant og gå der. Det kan til dømes vere aktive fasadar, god utsikt, innspel av vatn eller mykje vegetasjon som gjev eit mjukare og friskare inntrykk enn det utforminga av fortøuet/vegen i seg sjølv gjev. (Det skal seiast at ikkje alle stadar er like attraktivt.)

— Attraktivt men ikkje tilrettelagd

Stadar der det ikkje er laga til egne felt kvar fotgjengarar kan ferdast, men som det likevel er triveleg eller interessant å vere. Der ein må gå langs med bilvegar utan tilrettelagt fortøu opplever ein likevel tilstrekkeleg tryggleik i høve til trafikken. Det er relativt få bilar som køyrer der og hastigheita er så låg at det ikkje opplevast som ubehageleg. I tillegg er det noko som gjer det interessant å gå der. Det kan vere gamle, fine bygningar, flott utsikt, og/eller innspel av vegetasjon.

Andre stadar der det "ikkje er tilrettelagt for gåande" er til dømes stiar der det kan vere vanskeleg for folk med nedsett mobilitet å ferdast. Eller så er det område som "berre er der" men som ikkje har blitt sett på som noko viktig passasje og som dermed ikkje er utnytta til sitt fulle potensiale. Det er likevel noko som gjer det spennande eller triveleg å gå der, til dømes ei særeigen romkjensle.

— Tilrettelagd men ikkje attraktivt

Stadar der det er opparbeidde felt der mjuke trafikantar kan ferdast, men som er så dårleg utforma at det ikkje er attraktivt å gå der. Det kan til dømes vere at fortøuet er for smalt, at det ikkje skjer noko langs med ferdelsåra og det dermed vert kjedeleg å gå der, eller at opplevd trafikktryggleik er for låg.

.... Verken attraktivt eller tilrettelagd for gåande

Dette er område og stadar der det ikkje er lagt til rette for mjuke trafikantar i det heile. Det er bilen som har hatt prioritet og utforminga er deretter. Det er smale vegar inn til sentrum utan fortøu slik at ein om lag må gå eller sykle i grøfta for å kome heilskinna fram. Det er store utflytande asfaltareal der det er eit utal parkeringsplassar men ingen oppmerking for gåande og som ein kryssar på bilen sine premiss. Kjensla av tryggleik i høve til trafikken er mange plassar sær låg. Det er òg ofte uinteressant å ferdast langs desse stadane.

▲ Punkt ein kjem inn til sentrum gjennom



Øvste delen av Grandavegen. Her svingar vegen, som er gjort om til gågate, seg mellom gamle, flotte trehus. Det er soleis både trygt og hyggeleg for mjuke trafikantar å gå gjennom dette vesle strekket. For folk i rullestol kan det diverre vere litt vanskeleg å ta seg opp bakken då han er litt bratt.

Til venstre i biletet ser vi Skarsteinhuset, eit gammalt bygg frå då Sandane tok til å vekse som ein tettstad. No sit Firda Tidend sin redaksjon der.



Smauet er ein snarveg mellom Grandavegen og Krånavegen (ved fjorden). Før kan dette seiast å ha vore "utedoen" til Onkel Willy Pub (til høgre i biletet), men no har fasilitetane til puben blitt så gode at dette ikkje er eit problem lenger. Smauet er ikkje opparbeidd som noko triveleg passasje. Betongen er slitt, og muren og husveggane kunne trengt seg ein puss. Det at det er så smalt der og at vegen snirklar seg forbi trehus og under ei glasbru gjer det likevel interessant å gå gjennom. Det finnst absolutt potensiale for å løfte standarden på snarvegen.



Teina er den einaste bilvegen i handelssentrumet som går gjennom eit område med mykje vegetasjon. Dette er eitt av dei få grøne områda i sentrum. Området til høgre i biletet er leivningar etter ein gamal gard med beite. Det er ikkje noko eige felt for mjuke trafikantar langs vegen, men det køyrer mest ikkje bilar her, og farta er låg. Difor kan ein gå gjennom midt i vegen utan at det er ekkelt. Vegen kryssar Holvikelva, men det merkar ein knapt då brua går i eitt med vegen, så det elementet kunne med rette vorte framheva betre. Bygget til venstre er det gamle heimevernshuset.



Store delar av hamnepromenaden ligg så nær bilvegen og er så einsformig utforma at det ikkje er mykje rekreasjonsverdi i å ferdast der sjølv kor flott fjorden måtte vere. Det finnst nesten ingen tilrettelagde stadar å setje seg ned. Unntaka er fire benkar i grøntområdet ved gjestehamna der to av dei ikkje vender mot fjorden ein gong.




Sørstrandsvegen er ein barriere for mjuke trafikantar. Vegen er utforma etter ein tanke om at bilen ikkje skal ha hindringar gjennom sentrum, noko som går ut over dei mjuke trafikantane. Den er lang og rett, og det finnst berre tre stadar å krysse vegen og desse ligg langt frå kvarandre. Folk krysser dermed vegen der dei sjølv vil, noko som kan føre til trafikkfarlege situasjonar. Der det er opparbeidde fortau har ein vore gjerrige med plassen.



Om ein skal krysse over frå Grandane (området der Europris, Rema 1000 og Helsestasjonen ligg) til senteret med Coop Extra må ein sjå seg godt føre. Det er ingen stadar ein kan krysse Grandavegen. Opphøgde bed gjer det i tillegg sær vanskeleg, for ikkje å seie umogeleg, for dei med nedsett mobilitet (eller går med barnevogn) å krysse der det hadde vore mest naturleg. Ein må dermed gå lange omvegar i eit område der det absolutt ikkje er behageleg å ferdast. Difor tyr folk ofte til bilen om det so berre er for å køyre 100 meter.

NOVERANDE REGULERINGSPLAN



Gloppen heradshus. Det røde dekket er Den røde lauparen som går i rett line frå Heradsplassen til Gjestehamna. Biletet er teke i 2014. Seinsommaren 2016 brann det i Heradshuset og bygget er no stengt på grunn av rehabiliteringsarbeid.

- | | | | |
|--|--------------------------|--|------------------------------------|
| | Bustad | | Nordfjord folkemuseum |
| | Bustad/forretning | | Offentlege forsamlingshus |
| | Bustad/forretning/kontor | | Heradshuset |
| | Forretning/kontor | | Trivselshagen-
Kultur og idrett |
| | Sandane Hotell (nedlagt) | | Rutebilstasjon og
taxisentral |
| | Gloppen Hotell | | Gamle naust |
| | Gloppen opplæringscenter | | Brannstasjon |
| | Gloppen ungdomsskule | | Ambulansesasjon/hyblar |
| | Firda vidaregåande skule | | Tekniske bygg/skjul |
| | Sandane skule | | |

LITE LIV I SENTRUM



Sandane sentrum, det flate handelsområdet.



Kulturdelen med skular og kulturtilbod.



Eitt einsleg bustadhus midt på flata i handelsdelen av sentrum, omgjeve av parkeringsplassar.



Firda Rutebilstasjon med lasteområde og vaskehall i bakgrunnen (kvitt tak).

TODELT SENTRUM

I utgangspunktet omfattar Sandane sentrum flata som ligg nede ved fjordfronten der handel og næringa er konsentrert, men området i sør, der skule- og kulturtilbodet er konsentrert, er òg ein viktig del av Sandane. Ein kan difor seie at Sandane sentrum er todelt.

Det som finnast av aktivitetar på ettermiddag og kveldstid på Sandane, skjer stort sett i kulturdelen, inne i Trivselshagen som er kulturhuset og idrettshallen (Gloppen kommune 2016b, s. 14) på Sandane. Ein kan hevde at desse to bygga bidreg vesentleg med å gjere sentrum spøkelsesaktig ved å "suge alt liv" vekk frå gatebiletet ved fjorden og innomhus. Eit anna problem er at ein ikkje treng å ta turen innom sentrum for å kome til kulturdelen heller. Der er gode parkeringsmogelegheiter ved idrettshallen. Det er sjølvstakt mykje kortare å gå til kulturhuset derifrå enn om ein parkerer i sentrum.

Gloppen kommune er klar over problemet og ynskjer å knyte desse to delane saman slik at Sandane sentrum framstår som ein heilskap i staden for to separate delar. Målet er ein synergieffekt der kultur- og handelsdelen er med å styrkar kvarandre. Dette er årsaka til at sentrumsgrensa i karta mine omfattar begge områda i staden for berre den delen ved fjorden.

FÅ BUSTADAR I SENTRUM

Reguleringsplanen viser tydeleg kor få bustadar det er i sjølve sentrum. Rundt sentrum finnast det for det meste einestadgar, men òg nokre rekkehus.

Det bur altså ein del folk relativt nær Sandane sentrum, men problemet er at det ikkje er noko god tilknytning til sentrum frå desse bustadane. Det er om lag ingen gang- og sykkelveggar i området, so for å kome til sentrum må ein følgje bilvegane. Desse er ofte smale utan tilrettelagt plass for mjuke trafikantar noko som gjer det ubehageleg å ferdast der. Difor er det ytst få som vel å gå til sentrum.

I utgangspunktet er det allereie alt for få folk som nyttar sentrum til anna enn naudsynte gjeremål som til dømes handel og arbeid. Dette kan ein tydeleg merke om ein tek turen til sentrum ein kvardag etter kl.17:00 når dei fleste butikkane har stengt. Sentrum vert om lag liggjande daudt. Fleire eg snakka med medan eg var på synfaring fortalte om at sentrum vert som ein "spøkelsesby" om ettermiddagane og særleg søndagar. Det er ingen som kjenner at dei har nokon grunn til å vere der.

Eitt viktig hjelpemiddel for å skape meir liv i sentrum vil altså vere å lage fleire bustadar i sentrum. Ein må gje så mange folk som råd ein grunn til å vere i sentrum, og fleire folk som bur der vil sjølvstakt skape eit større aktivitetsgrunnlag.



GOD PLOSS

Handelsdelen av Sandane sentrum har eit stort potensiale for fortetting. Det er store område som berre er asfaltørken. No skal det seiast at det er behov for parkeringsplassar i tilknytning til sentrum, eg skal ikkje hevde noko anna. Folk er avhengige av bil i ein kommune som Gloppen der størsteparten av folkesetnaden er spreidd over store område, men det er mogeleg å organisere parkeringa betre enn kva den er i dag. I dag går det med alt for store og viktige område til parkering. Satt på spissen er til dømes so og seie heile fjordfronten tiltenkt parkering.

Det er viktig å få fram at brannstasjonen skal flyttast vekk frå sentrum, og Gloppen kommune jobbar med å finne nye lokalitetar for Firda Rutebilstasjon. I dag er der både vaskehall og lagringsplass for bussar. Det vil seie at det til ei kvar tid står bussar på rad og rekke som ikkje er i bruk og sperrar utsikta til fjorden. Det er trist at bussane har fått den flottaste tomte i heile sentrum, og so skal dei attpå til stå med bakenden til fjorden!

Når dette ein gong vert flytta, vert det frigjort mykje areal midt i sentrum og ein får sjans til å utnytte fjorden i mykje betre grad enn i dag. Det vert god plass til å lage uterom og møteplassar som er med å lage liv i sentrum.

GRØNSTRUKTUR



Figur 14: Ortofoto over Sandane sentrum. Handelsdelen er tydeleg grå mot omgjevnadane rundt.

- | | |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|  Tre |  Innkøyrslar med anna dekke enn asfalt (t.d. grus, brustein) |
|  Offentleg grøntområde |  Strand |
|  Privat grøntområde |  Jordleivning |
|  Asfalt |  Skille mellom grønt og grått sentrum |
|  Veg | |

GRÅ FJORDFRONT

Gloppen er den største landbrukskommunen i Sogn og Fjordane (Gloppen kommune u.å.), men det er om lag ingenting i sjølve kommunesenteret som kan fortelje om dette. Det er mest utsynet over fjorden og bak mot aust til garden Holvik som vitnar om kor sentralt landbruket står i kommunen.

I tillegg til at sentrum er delt inn i ein handels- og ein kulturdel, kan ein altså òg grovt sett dele sentrum inn i ein *grå* og ein *grøn* del.

På flata ved fjorden er det om lag ingen større grønne område. Det er berre ved Gjestehamna og Grandeparken det er område med gras det er meininga ein kan setje seg på.


Med unntak av private hagar og to leivningar av jordflekkar som ein ikkje kan gå på, består den offentlege grønstrukturen stort sett elles av:

- Smale rabattar (med og utan gras) med gatetre
- Mindre buskfelt her og der
- Nokre blomsterbed inntil husvegg

Elva som går gjennom sentrum merkar ein nesten ikkje noko av, og med unntak av heilt i enden av utlaupet ved Grandeparken har ein ikkje mogelegheit for å kome i kontakt med vatnet. Grønndraget langs elva i handelsdelen av sentrum er dessutan særst smalt og lite tilgjengeleg for fotgjengarar.

Etter kvart som ein kjem nærare Jølet, eit friluftsområde som ligg aust for Nordfjord Folkemuseum, vert omgjevnadane grønare og grønare. Det skal derimot seiast at uteområda i umiddelbar nærleik til skulane og Trivselshagen faktisk er mest asfalt, så det er ikkje optimalt her heller. Likevel opplever ein området som mykje mjukare og frodigare enn kva handelsdelen gjer.

Handelsdelen av Sandane har både størst behov og potensial for betring. Eg har difor valt å berre sjå nærare på dei tilrettelagde møteplassane som finnast i denne delen av sentrum.



Utsikt vestover over fjorden mot gardane på Gimmostad og Rygg (t.v.) og på Austrheim (t.v.).



Glimt av garden Holvik (raudt bygg) sett frå parkerings-plass i sentrum like ved Gjestehamna.



Smal rabatt med gras, busker og små tre. Rabatten skil mellom bussparkeringa (t.v.) og bilveg (t.h.) og fjordpromenaden i bakgrunnen.



Om ein følgjer Firdavegen frå sentrum ser ein tydeleg at omgjevnadane vert grønare di lenger vekk frå sentrum ein kjem.




Det er mykje grønare ved Nordfjord Folkemuseum enn det er i sentrum. Inngangen til Jølet går til venstre forbi museet.

GLOPPARANE

GLOPPEN KOMMUNE

Det er busett rett under 5800 glopparar i heile Gloppen kommune (Statistisk sentralbyrå 2017). Det kan vere vanskeleg å setje ei definitiv grense for tettstaden i og med at det stadig byggast fleire bustadfelt i utkantane, men kommunen seier tettstaden i hovudsak består av fire grunnkretsar. Med dette som bakgrunn kan ein seie at det er rett over 2100 fastbuande (Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017c) i tettstaden Sandane.

FOLKETAL I TETTSTADEN SANDANE OG RESTEN AV KOMMUNEN per 1. januar 2017



3666 Fordelt over heile kommunen utanom tettstaden Sandane


2117 SANDANE
Består av grunnkretsane
- Sandane nord
- Sandane sentrum
- Sandane sør
- Kleivedammen

Det bur relativt mange på Sandane i høve til resten av tettstaden når ein ser på arealet (Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017c; Statistisk sentralbyrå 2017).

POSITIV FOLKETALSVEKST

Folketalet i kommunen har gått litt opp og ned frå eitt år til eit anna dei siste åra, men jamt over har folketalet stort sett vore so smått aukande (Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017a). Dette skuldast i hovudsak innvandring (Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017b), særleg av arbeidsinnvandrarar og flyktningar (Gloppen kommune 2016c, s. 10). I 2016 utgjorde innvandrarar om lag 7,3 % av folketalet.

ETNISKE NORDMENN OG INNVANDRARAR I GLOPPEN KOMMUNE 2016



5341 Etniske nordmenn

228 Innvandrarar frå EU/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia og New Zealand


214 Innvandrarar frå Aust-Europa utanom EU, Asia (inkl. Tyrkia), Afrika, Sør- og Mellom-Amerika og Oseania utanom Australia og New Zealand

Det er takka vere innvandring at Gloppen stort sett har hatt ei positiv folketalsutvikling dei seinare åra (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet 2016).

ELDRE FOLKESETNAD

Gjennomsnittsalderen i Gloppen er 41,59 år (per 1. januar 2017) noko som er litt høgare enn landsgjennomsnittet som er 39,4 år (Sogn og Fjordane fylkeskommune 2017b), og det er om lag like mange kvinner som menn (Statistisk sentralbyrå 2017). Det må likevel nemnast at det er ein del ungdomar som ikkje syner att i statistikken av di dei gjerne ikkje registrerer flytting: kring 120 folkehøgskuleelevar og om lag 180 hybelbuande elvar som går på Firda vidaregåande skule (Gloppen kommune 2016c, s. 29).

FOLKETAL I GLOPPEN ETTER ALDER per 1. januar 2017



MENN
2921



KVINNER
2862



GJENNOMSNIITTSALDER
41,59 år

Aldersfordelinga i Gloppen kommune (Statistisk sentralbyrå 2017).

KVEN ER I SENTRUM

FÅ HAR GRUNN TIL Å VERE I SENTRUM

Hovudtyngda av dei vidaregåande elevane som bur på hybel, bur i Sandane sentrum (Gloppen kommune 2016c, s. 30). Det same gjeld dei fleste flyktningane som er komne til Gloppen (Gloppen kommune 2016c, s. 23). Elles er det særst få av dei kring 2100 sandensarane som bur i sjølve sentrum. Av desse er dei fastbuande her ofte eldre, etnisk norske.

Dette gjer at utgangspunktet for eit yrande sentrumsliv allereie er ganske tynt. Elles i tettstaden finnast det fleire gode møteplassar, både inne og ute. Dette gjer at det som regel berre er eit fåtal av innbyggjarane på Saandane som er i sentrum samstundes.

Frå då eg sjølv vaks opp på Sandane veit eg at sentrum ikkje var nokon stad nokon av oss brukte. Vi hadde mange andre stadar å samlast om, mellom anna ulike idrettslag, klubbar eller i heimane til kvarandre.



Sandane sentrum sett frå slike synsvinklar er for mange glopparar og sandensarar mykje meir appellerande enn å vere i sjølve sentrum. Dette er frå Daurmålsnibba, ein fjelltopp søraust for Sandane. Sentrum kan so vidt sjåast heilt til høgre.

I ein samtale 8. februar med Oddlaug W. Schjøberg, leiar i Butikkgruppa på Sandane, kjem det fram at glopparane generelt eigentleg ikkje har noko "tradisjon for å bruke sentrum" til noko anna naudsynte gjeremål.

Dei har mange interessefelleskap som har samlingspunkt utanfor sentrum. Dessutan er mange sandensarar særst opptekne av naturen og går difor heller i fjellet, mest uavhengig av vêrtilhøva. Unntaka er når det er skjer tilstellingar i sentrum som til dømes Sandanedagane eller Matamål.

Dei som nyttar sentrum mest i dag er innvandrarar, og desse spør seg for kvar det er nordmenna gjer av seg. Dei ynskjer seg kontakt med norske innbyggjarar, men mange av dei har ikkje den same kulturen for å bruke naturen som norske glopparar. Dei kjem frå dessutan frå samfunn der dei har sterke naboforhold. Dette har dei no mista då det nesten ikkje bur nokon i Sandane sentrum.



Elevar hjå Gloppen opplæringscenter (GOS) som nettopp er ferdige med norskundervisning. Mange av innvandrarane bur i sentrum, men nokre kjem òg frå andre stadar i kommunen eller nabokommunen Jølster.

SENTRUM ER KJERNEN I EIT LOKALSAMFUNN

Nettopp av di menneskja på Sandane, og generelt i Gloppen, har så mange interessefelleskap, er det viktig å ha eit godt sentrum. Sentrum er noko ein kan samlast om, på tvers av og på tross av ulikskapar. Utan eit attraktivt sentrum som folk har lyst å bruke har ein ikkje noko som knyt menneskja saman.

Utfordringa er då å få folk til å oppsøkje og samlast i sentrum. Friluftslivet og naturen i Gloppen i tillegg til andre interesseorganisasjonar, er eit so stort trekkplaster at dette tømmer sentrum.

Ein start er å prøve å fange opp dei som har tid å vere i sentrum, til dømes lunsjgjestar, pensjonistar og småbarnsforeldre, og få dei til å gjere opphald ute. Korleis kan dette gjerast på best mogleg måte?

Handelsdelen av sentrum treng sårt meir grønstruktur enn kva der er i dag, og mange innbyggjarar har ytra eit ynskje om dette (Gloppen kommune 2016c, s. 41). Det må vere nok til at folk som ikkje kjem seg ut i naturen òg kan få glede av å kjenne på friluftslivet. Her er det mange moglegheiter. Noko so enkelt som å lage til bål- eller grillplass ved fjordkanten vil auke folk si interesse av å vere i sentrum.


Det må likevel noko meir til enn fine uterom for at folk skal ville bruke sentrum. Det må skje noko inne òg, men det viktigaste er at det inne må spele på lag med med det utanfor.



Sentrum må kunne fungere som ein sjølvstøtt samlingsstad sjølv utan at det skjer store tilstellingar der.

Foto: Synnøve Søreide.

TENESTER OG TILBOD








GAMALT OG TRIVELEG, NYTT OG UOVERSIKTLEG
Sandane sentrum har to høgdenivå: Nordstrandsvegen med det gamle historiske sentrum i fjellsida, og flata, delvis på fyllmasser, ved sjøen med meir moderne bygg.



I Nordstrandsvegen står bygga tett og det er kort mellom inngangane. Det er ikkje alle lokala som er i bruk, men det opplevast likevel som eit hyggeleg område. Gata vart pussa opp og bilvegen smalna inn for berre nokre år tilbake. Det er likevel framleis ganske smale fortau av di ein har prioritert gateparkering på eine sida av vegen.



Flata består for det meste av parkeringsplassar og bilvegar som flyt inn i kvarandre, og bygga står langt frå kvarandre. Inngangspartia er vendt i ulike retningar slik at ein ikkje ser kvar neste inngang er. Dette området, som eigentleg utgjer det meste av sentrum, er særst uoversiktleg og lite tiltalende. Det er langt mellom tilboda, ikkje i faktisk avstand men i opplevd avstand.

-  Kvar bileta er teke frå
-  Inngangsparti for publikum
-  Tomme lokale på gateplan og ofte i heile bygget.
-  Stengde inngangsparti
-  Raud laupar

SVIKTANDE KUNDEGRUNNLAG SOM FØLGJE AV DÅRLEG ORGANISERTE PARKERINGSPLASSAR

Ved fyrste augnekast ser Sandane ut til å ha eit relativt godt utval av både daglegvarer, kulturtilbod, serveringsstadar, spesialbutikkar og kommunale tenester.

Men i samtalen Schjølberg kom det fram at kundegrønlaget på Sandane er heller svakt og at mange forretningar slite med å få alt til å gå rundt.

Noko av det skuldast handelslekkasje til kringliggjande tettstadar som Eid og Førde, samt netthandel. Ei anna årsak er at sentrum er lagt opp slik det er; ingen matbutikkar lenger nord enn til Joker.

Det er matvarebutikkane som genererer mest aktivitet på Sandane. Dei andre butikkane er derimot avhengige av at kundar hjå matbutikkane stikk "tilfeldig innom" etter eller før dei har handla mat.

Diverre er matvarer tunge og folk vil difor stå so nær butikken som mogleg. Både Rema 1000 og Coop Extra har store, romslege parkeringsplassar for å gjere det lett for kundane sine. Dette har vist seg å bli eit stort problem for butikkane i Nordstrandsvegen og inne på Sandane senter.

På parkeringsplassane er det mange som går til og frå bilen og matbutikkane, men folk går ikkje langt. Ein skulle tru at det ikkje var så langt å gå på tvers av sentrum. Men det at fotgjengartilhøva er så dårlege på flata gjer at folk let vere å ta turen til Nordstrandsvegen med mindre dei har særskilde ærend der.

Det er difor fleire butikkar som ikkje har ope kvar dag eller stengjer tidleg som følgje av at kundegrønlaget er blitt så dårleg. Mange lokale står dessutan tomme.

Biletet til høgre syner kundeparkeringa til Rema 1000. Det er ingen grense for kor lenge ein kan stå der, i likskap med alle andre parkeringsplassar i sentrum.

KOMMUNALE TILBOD

- 8 Gløppen Lensmannskontor
- 21 Gløppen Heradshus (under rehabilitering)
- 27 Banken, Sogn og Fjordane sparebåkn
- 28 Firda rutebilstasjon Sandane taxisentral
- 29 Gløppen legesenter

DAGLEGVARER

- 23 Piknikkurven (matvarer frå små norske produsentar, allergivenleg og økologisk mat)
- 26 Joker
- 30 Rema 1000
- 32 Coop Extra
- 38 Bunnpris

SERVERING/KAFÉ

- 5 Bakaren
- 11 Mona Lisa restaurant Onkel Willy Pub
- 15 Gloppebua: Pensjonistkafé og butikk
- 22 Daivas butikk og kafé
- 25 Lauget kaffi og kultur
- 32 Coop Kafé
- 34 Gløppen hotell overnatting og restaurant
- 40 Trivselskafeen (kantine)

SPESIALBUTIKKAR

- 3 Lyslo - utstilling og sal av foto Eikenæs Libris (bokhandel) Møbelringen (inngang frå flata)
- 4 Fargerike
- 5 Firda Elektro As
- 6 Sandane glasmagasin
- 8 Sandane Gullsmedforretning Fantasi- hobbyartiklar Bademiljø og rørleggarservice
- 9 Chatlet Sport (Sport 1)
- 12 Sandane Senter: Vinmonopolet, Arkja Mote, Vest Optikk, Wagner/Savoy, Sandane Omtrekking og Sandane Tekstil og Interiør, Lumens (belysning), offentleg toalett. I tillegg er det fleire tomme lokale på senteret.
- NB Senteret har fått nye eigarar, og det skal kome eit treningsstudio. Det er planlagt at det skal kome ein serveringsstad i 1. etasje, men kva slags er ikkje avgjort enda.
- 13 Vereide blomster, Interflora
- 14 Yrkes- og fritidsklær
- 16 Aagård sko
- 23 Skinnlo&Co (kle)
- 24 Henden Sport As (G-sport) Henden Elektro As
- 25 Tystad Blomster As Modehjørnet (tekstil og garn)
- 31 Europris
- 32 Senteret med Coop Extra: Apotek 1, Nille, El-kjøp, ein klesbutikk, offentleg toalett.
- 33 Bolseth Glas

ANDRE TENESTER

- 2 Frisør
- 7 Ahda Design og Arkitektur
- 10 Lokala til Firda Tidend (lokalavis)
- 12 Firda fysiklask- medisinsk senter
- 17 Frisør
- 20 Frisør
- 23 Frisør, Sandane dyreklinikk Gløppen frivillegsentral
- 32 Post-i-butikk, Frisør

SKULAR OG KULTURILBOD

- 1 Gløppen opplæringscenter (GOS)
- 19 Galleri 104
- 36 STIL-stova Klubbhus og utleigelokale
- 37 Gløppen ungdomskule
- 39 Sandane skule Trivselshagen: Bad og Idrett
- 40 Firda vidaregåande skule Nordfjord folkemuseum Trivselshagen, kultur: Kino, folkebibliotek, Gløppen kulturskule, kultursal, undervisningslokale.

TOMME BYGG

- 18 Sandane Hotell
- 35 Heimevernshus, tidl. ungdomsklubb



FÅ UTANDØRS MØTEPLASSAR



HENG DÅRLEG SAMAN

Sandane sentrum har få stadar der føremålet er opphald utandørs. Det meste av tilboda som finnast er innandørs, nokre av dei viktigaste er folkebiblioteket, frivilligheitsentralen og Gloppebua med Pensjonistkafeen.

Utandørs er det strengt tatt berre fem område som er laga til som møteplassar dersom ein ikkje reknar med uteserveringsareala til Bakaren og Daivas butikk og kafé.

Kartet syner samanhengen, eller rettare sagt mangelen på samanheng, mellom dei utandørs møteplassane i sentrum. Vi ser at møteplassane stort sett ligg og flyt for seg sjølv med dårlege gangtilhøve mellom seg.

I tillegg syner kartet inngangspartia til dei viktigaste funksjonane nær møteplassane som genererer aktivitet. Her er det store skilnader, matbutikkane har, som vi veit, høg aktivitet medan til dømes gullsmeden har mykje lågare kundetal.

I samtalar med folk på gata vart moglegheita for å kjøpe noko å ete eller drikke trekt fram som ein særskild kvalitet ved gode møteplassar. Dette gjaldt i mindre grad for daglegvarebutikkane på Sandane då ingen av dei gjev moglegheit for å setje seg, verken ute eller inne.

Det positive med matbutikkane er at dei er opne lenge på kvelden. Joker, som nyleg vart opna i vår, er dessutan den einaste butikken i sentrum som er open på søndagar.

Desse tilboda er difor òg teikna inn på kartet.

- | | | | |
|--|-----------------------------------------------------|--|--------------------|
| | Møteplassar | | Kafé |
| | Offentleg grønstruktur
(tre er ikkje teikna inn) | | Restaurant |
| | Raud laupar | | Ølservering |
| | Hyggeleg å ferdast til fots | | Matbutikk |
| | Utriveleg å ferdast til fots | | Inngang for kundar |
| | Særs Utriveleg og/eller utrygt å gå | | |

1 RASTEPLASS VED GOS



Rasteplass med to benkar med bord og ein fritståande benk. Plassen ligg rett ved Nordstrandsvegen og ein parkeringsplass.

2 BAKAREN



Benkar og bord tilhøyrande Bakaren. Ein kan sitje her utan å ha kjøpt noko og utan at det kjennest rart.

3 DAVAS BUTIKK OG KAFÉ



Uteservering med bord og stolar. Ligg inneklemt mellom parkeringsplass og veggen til kafeen.

4 GJESTEHAMNA



Området har plen og ei rekke med tre på sida mot Krånavegen. Dette er einaste staden langs promenaden det finnast benkar.

5 HERADSPLASSEN, FONTENE OG MELLOMBELS LEIKEPLASS



Austenden av Heradsplassen har nyleg fått eit leikeområde som eit mellombels tiltak for å skape aktivitet på plassen.



Fontena i vestenden av plassen skaper liv når det er vatn i ho. Plassen har elles eit knippe benkar, men desse står merkeleg plassert rundt om kring på området.

6 SKATEPARKEN



Skateparken ligg i krysset mellom Krånavegen og Grandavegen og er lite skjerma. Der er ingen primære sitjeplassar.

7 GRANDEPARKEN



Grandeparken vart ferdigstilt seinsommaren 2016. Det er ei badestrand i sørrenden av sentrum med sand, plen og ulike frukttre. Enn so lenge er der berre ein piknikbenk. Etter at eg var på staden har Hageselskapet Gloppen hagelag sett opp ei urtekaske som folk kan forsyne seg av.

DEL 3: DISKUSJON

I denne delen dskuterer eg på bakgrunn av den informasjonen eg såg på i del 1 og 2, som til slutt fører meg fram til det eg meiner prinsippa i verktøykassa bør basere seg på.



DEI GRUNNLEGGJANDE BEHOVA ER DEI SAME

ER DET EIGENTLEG SKILNAD?

Då eg byrja denne masteroppgåva var utgangspunktet mitt at skilnadane mellom mindre distriktstettstadar og større byar er so store at det burde lagast *eigne prinsipp* for korleis ein bør formgje offentlege, utandørs møteplassar i sentrum av slike tettstadar.

Etter at eg no har gått gjennom kva mellom anna Regjeringa og Distriktssenteret seier om attraktive stadar å bu, den utvalde litteraturen om kva det er som gjer byrom til gode møteplassar, og sett på korleis situasjonen er på Sandane i dag, har eg måtte justere dette inntrykket noko.

ULIKE BRUKAR, ULIKE YNSKJER

Kva som er eit godt design éin stad vil ikkje utan vidare vere ein god møteplass ein annan stad, og heller ikkje for kven som helst.

Ulike brukargrupper, born, ungdom, eldre, personar med funksjonsnedsetjing, og so bortetter, har alle ulike behov og interesser, og dei vil dermed ha ulik oppfatning av kva ein god møteplass er. Det er difor viktig å vere klar over kva brukargruppe det er ein rettar seg mot i planlegginga av møteplassen.

Dersom ein til dømes skal lage ein møteplass for ungdom, nyttar det ikkje å lage ein møteplass som viser seg å vere betre tilpassa born og som dermed er uinteressant for ungdomane. Då vil dei mest truleg ikkje nytte han.

Innan kvar brukargruppe finn ein behov som gjeld relativt generelt for dei fleste i kvar enkelt brukargruppe, men i tillegg kan ein finne særskilde interesseområde som varierer frå stad til stad.

Stadar vert forma av menneskja, men menneskja vert òg forma av stadane og dei miljøa dei bur i. I tillegg vil kulturbakgrunnen spele ei rolle. Det er med andre ord ikkje mogleg å seie at alle menneskje har dei same interessene og ynskja i høve til møteplassane sine.

LOKAL TILPASSING

Både dei nasjonale føringane og Bettum og Butenschøn peikar på at noko av det som gjer møteplassar gode er at dei er forankra og tilpassa både til staden dei ligg, og til menneskja som bur der.

Dette inneberer at planleggjarar må gjere seg kjend med staden møteplassane skal etablerast. Ein må ha eit innblikk i historia og korleis tettstaden er blitt som han er blitt, ein må kjenne til dei klimatiske og lokale vêrtilhøva, kulturen og landskapet.

Minst like viktig er det å kjenne til kva menneskje det er som bur der, særskild dei som møteplassane er tiltenkt for. “Ein må kjenne sitt publikum”. Kva forhold har dei til staden sin og til kvarandre? Kva har desse menneskja for slags behov og ynskjer i høve til møteplassane i deira eige lokalmiljø? Kva er det dei etterspør?

Ein må få tak i staden sin identitet, og så godt som mogleg synleggjere denne i utforming av møteplassar og uterom elles i sentrum. Kommunale planleggjarar har gjerne ei kjensle av kva identiteten til tettstaden er, men ein sit sjeldan med det fullstendige og einaste svaret åleine. Kva som er ein stad sin identitet kan variere alt etter kven ein spør.

Ein stor fordel mindre tettstadar har i høve til byar, er at det er relativt lett å kome i kontakt med og involvere den lokale folkesetnaden i planleggingsprosessane. Dette mogleggjer ei utforming som er skreddarsydd til både tettstaden og dei menneskja som faktisk kjem til å bruke møteplassane.

Planlegging og gjennomføring basert på medverknad og tett dialog med den lokale folkesetnaden er avgjerande for å lukkast med å lage møteplassar som innbyggjarane har lyst å bruke og som kan seiast å passe inn i tettstaden.

MENNESKJA I SENTRUM

All litteraturen eg har sett på har basert seg på korleis det er menneskja opplever omgjevnadane sine og kva behov og krav dei stiller til uteromma i byane. Og det er dette som er poenget: menneskja, same kvar ein er i verda, har dei same basisbehova i høve til omgjevnadane sine, og alle har det same bevegelsesapparatet.

I tillegg set dei folk flest pris på vakre, forseggjorte omgjevnadar som tillét folk å nyte tilværet. Men kva som er vakkert er subjektivt, er noko som vert farga av både kultur, kvar ein er vekst opp, samt at individ er ulike. Dette er dermed noko det kan vere vanskeleg å lage generelle reglar for, anna enn å seie at “omgjevnadane må appellere til menneskja som skal bruke dei”.

Derimot har alle menneskje behov for å kjenne seg trygge og å ha det behageleg der dei oppheld seg. Med andre ord er det menneskja sine sansar og bevegelsessevne ein må leggje til grunn i utforminga av uteromma på.

KVA PRINSIPPA ER BASERT PÅ

6 TEMA


For at ein offentleg utandørs møteplass skal vere “vellukka”, må menneskje oppsøkje han og ha lyst til å bruke tid der. Då er det, uavhengig av plassering, avgjerande at uterommet er komfortabelt å vere i og tillét opphald over lenger tid.

Med dette som utgangspunkt vil ein kunne bruke kunnskapen om kva det er som kjenneteiknar gode byrom og møteplassar i byar til å formgje møteplassar i sentrum av mindre, rurale tettstadar òg. Ja, kvar som helst.

Difor har eg valt å basere formgjevingsprinsippa i verktøykassa for utforming av utandørs møteplassar i mindre tettstadar på nettopp dette.

Eg har valt ut seks hovudtema basert på kva det er Lorange, Gehl og Bettum og Butenschøn legg vekt på i høve til kva det er som utgjer byrom og møteplassar gode.

LORANGE



Landskapet står sterkt i identitetsbiletet hjå menneskja som bur i dei vestlandske, rurale tettstadane. Det er difor viktig at dette vert teke med og bygd opp om når møteplassar skal formgjevast.

Korleis romma møteplassane ligg i er forma og kor store dei er, er òg avgjerande for om dei oppfatast komfortable eller ei.

GEHL



Som allereie nemnt er det alfa og omega at omgjevnadane er trygge og behagelege å vere i for at folk skal velje vere ein stad.

Gode kantar med kontakt med verksemdene og tilboda inne er avgjerande for at møteplassane skal bli levande. Aktiviteten på ein møteplass byrjar langs kantane og spreiar seg derifrå vidare til ut på møteplassane.

KVAR STAD ER UNIK

Det er likevel ikkje mogeleg å påstå at det ikkje er skilnad mellom byar og tettstadar. Det er heller ikkje slik at alle vellukka møteplassar ser like ut sjølv om dei baserer seg på so og seie universelle behov for komfort og tryggleik. Men i høve til å planleggje møteplassar, ligg ikkje desse skilnadane i korleis menneskja opplever omgjevnadane på dei aktuelle stadane.

Det handlar i mykje større grad om storleiken på folkesetnaden og kor høg tettleiken er, og særleg kva *preferansar* og vanar menneskja som bur der har. Eit anna avgjerande faktum er at *ingen stadar er like*. Alle stadar, store som små, har sine utfordringar og styrker, og sin eigen unike identitet.

Alt dette er faktorar som må takast med i planlegginga av møteplassane og som vil ha alt å seie for korleis møteplassane vert sjåande ut og kva funksjon dei får.

BETTUM OG BUTENSCHØN



Menneskja vel å kome tilbake til møteplassar dei opplever at det gjev meining å oppsøkje. Som planleggjar kan ein prøve leggje til rette for dette ved å syte for at der er mange ulike funksjonar og tilbod som overlappar kvarandre i tid appellerer til fleire typar menneskje. Offentlege møteplassar bør spegle mangfaldet i lokalsamfunnet. Dei må dessutan vere lett tilgjengelege og bør byggje på staden sin identitet og karakter.

UTGANGSPUNKTET ER IKKJE GODT NOK

LITEN GRUNN TIL Å VERE I SENTRUM

Spørsmålet er om det er nok å vere klar over kva prinsipp som bør liggje til grunn for utforming av møteplassane for at dei skal fungere godt i sentrum av mindre, rurale tettstadar slik mange av dei ser ut i dag?

Som tidlegare nemnt er den viktigaste føresetnaden for at ein stad skal fungere som ein møteplass, at menneskje oppsøker han. Folk søker seg dit andre menneskje er av di menneskje i seg sjølv er ein attraksjon. Men det fordrar at det har noko for seg å oppsøke ein stad. Tomme stadar vert som regel liggjande tomme.

Ei utfordring for typiske mindre tettstadar er at kundegrunnelaget til spesialbutikkar er relativt tynt for andre enn matbutikkar. Årsaker er mellom anna netthandel og konkurranse frå større tettstadar. Dette kan gjere at utvalet hjå dei lokale forretningane vert mindre, noko som igjen gjer at kundane lettare vel å handle andre stadar. Til slutt står butikkane att med lite utval og mange er tvungne til å stengje relativ tidleg. Då forsvinn menneskja frå sentrum.

Sandane er ikkje noko unntak. Etter stengjetid, kring fem – halv seks på kvardagar, er det mest folketomt i sentrum av di nesten ingen har nokon grunn til å vere der. Matbutikkane held ope til seint på kveld, men desse innbyr ikkje til opphald verken inne eller utanfor. Altso er det om lag ingenting å finne på i sentrum, og det er heller ikkje spesielt hyggeleg å sitje ein stad det berre er asfalt rundt seg. So kvifor gå hit? Mange vel då sjølv sagt andre alternativ.

Eit tomt sentrum opplevast som eit utriveleg og utrygt sentrum. Mange foreldre på Sandane let difor til dømes ikkje borna sine vere i sentrum. Dei vil ikkje at borna skal hengje rundt der dei uansett

ikkje har noko å gjere og det ikkje er nokon som kan halde auge med dei.

Det eg ser på som den største ulempa for dei typiske mindre tettstadane slik mange er i dag, er at det bur særskild få i sentrum. Dermed er det òg få som har nokon grunn til å vere der utanom naudsynte gjeremål.

DÅRLEGE TILHØVE FOR MJUKE TRAFIKANTAR

Eit anna problem ligg i at sjølv om sentrum er små og det er gangavstand mellom dei ulike funksjonane, er bygningane so spreidd på grunn av store asfaltareal og vegar at tilhøva for dei mjuke trafikantane særsl dårlege.

Kombinert med dårleg opparbeidde fortau og andre element som kunne hjelpt folk til å lese omgjevnadane, gjer at sentrum vert veldig uoversiktleg. Dette er gjerne eit større problem for nye på staden enn for innbyggjarar, men det gjer ikkje sentrum noko triveleg å ferdast i.

Ser ein til Sandane til dømes, gjer dette til at folk kvir seg for å gå eller sykle i sentrum. Fleire stadar er det direkte farleg å la born gå åleine. Folk tek difor heller bilen fatt, og då forsvinn livet i gatebiletet.

Noko som er problematisk av di det er dårlege gangtilhøve i sentrum, er at butikkane og tilboda er relativt dårleg organisert. Dette får negative følgjer for den lokale handelen.

I Sandane sitt tilfelle ligg forretningane ved Nordstrandsvegen tett, men der er berre éin stad ved Bakaren, ein kan setje seg og gjere eit opphald. Derimot ligg butikkar og andre tilbod på den flate delen av sentrum spreidd ut over det meste dette området, men alle matbutikkane er lokalisert nesten heilt i enden sør i sentrum.

I samtale med Schjølberg, leiar i Butikkgruppa på Sandane, kom det fram at dette går ut over omsetninga til butikkane som ligg i andre enden av sentrum. Kundegrunnelaget er så dårleg at dei fleste spesialbutikkane på Sandane er avhengige av "tilfeldig handel" frå folk som er i sentrum for å handle daglegvarer. Butikkane ved Nordstrandsvegen og inne på Sandane senter ser særsl lite av denne draghjelpa av di der ikkje er nokon matbutikk like ved.

Matbutikkane på flata har tilhøyrande store parkeringsplassar og folk set frå seg bilen der av di der er lett å parkere. Dårlege gangtilhøve gjer at folk sjeldan går langt med mindre dei har spesifikke ærend.

BILANE HAR FOR STOR PLOSS

Tilrettelegginga for bilane gjer grunnlaget for eit levande sentrum dårleg. Mange parkeringsplassar og vegar som ofte er overdimensjonerte legg beslag på areal som elles kunne blitt sett av til føremål som genererer menneskeleg aktivitet. Det at mange parkeringsplassar midt i sentrum tillét langtidsparkering gjer at bilane dominerer desto meir.

Bygningar, plassert langt frå kvarandre og tilsynelatande ikkje etter nokon plan, gjer dessutan romkjensla dårleg. På Sandane kjenner ein seg eksponert og for tett inn på trafikken på om lag alle dei tilrettelagde møteplassane som finnast. Dei er for små i høve til kva føremålet er, og folk nyttar dei sjeldan med mindre det skjer noko spesielt eller vêret er strålande.

Alt dette får meg til å tru at det ikkje er tilstrekkeleg å berre betre utforminga til dei eksisterande møteplassane.

HOVUDLÆRDOM

Det viktigaste eg har innsett i høve til det å lage gode møteplassar i sentrum av det eg i denne oppgåva kallar for *typiske* mindre, vestnorske, rurale tettstadar, er at det ikkje nyttar å utforme møteplassar isolert sett.

Med det meiner eg at det ikkje er tilstrekkeleg å fokusere på at møteplassane i seg sjølv må vere trivelege og innbydande utan å sjå dei i *samband med resten av sentrum*.

Det er kan hende ikkje noko ny, banebrytande kunnskap, men dette har for meg blitt særskild tydeleg gjennom arbeidet med masteren.

Slik eg ser det, ligg problemet i at *utgangspunktet* som sentrum i mange slike tettstadar har i dag, ofte *er for svakt* til at folk flest har lyst til å bruke tid der.

Det blir ikkje gode møteplassar utan at folk er der. Ein må med andre ord jobbe for å styrke sentrum som ein *heilskap* slik at det vert ein attraktiv stad å vere. Då er det ikkje nok å berre etablere eit par hyggelege opphaldsrom utandørs i den eksisterande strukturen.

Difor vil eg hevde at det å lage gode møteplassar i slike sentrum handlar minst like mykje om sentrumsutvikling som om den fysiske utforminga av møteplassane.

FØRESETNADAR FOR VELLUKKA MØTEPLASSAR

TENK HEILSKAPLEG

Det eg har sett i del 1 og 2 av oppgåva mi tyder på at det bør liggje nokre føresetnadar i botnen for planlegginga dersom ein skal kunne lukkast med å lage gode offentlege utandørs møteplassar i sentrum av mindre, vestnorske, rurale tettstadar.

Før ein set i verk arbeidet med utforme møteplassar må ein alltid ha ein plan for korleis alle dei ulike funksjonane i sentrum skal organiserast og korleis uteromma skal knyte dei saman og vidare; sentrum i lag med resten av tettstaden. Dette må vere ein plan som går på tvers av andre temaplanar ulike sektorar.

Den vil vere eit viktig verktøy når eksterne utbyggjarar og andre aktørar kjem inn i biletet. Slik får dei kjennskap til slike planar i forkant av sine eigne planleggingsprosessar og slik vert merksame på kva dei må rette seg etter. Dermed minimerer ein risikoen for at ein gjennomfører planar som kanskje verkar gode der og då, men som seinare viser seg å vere øydeleggjande for livet i gatebiletet.

Difor er det avgjerande at medan planleggjarane i kommunen tenkjer på korleis møteplassane skal sjå ut, handsamar dei samstundes følgjande faktorar:

1 MANGE BUSTADAR I SENTRUM OG NÆROMRÅDA

Ein må syte for at det alltid er folk i sentrum som har ein grunn for å vere der anna enn for å utføre naudsynte gjeremål. Sjølv etter at arbeidsdagen er slutt.

Det vil seie at noko av det viktigaste som må gjerast for å betre situasjonen i slike sentrum, er å etablere fleire bustadar her og i nærområda.

Det må lagast ein tydeleg plan for kvar det er ein ynskjer å samle menneskja. Den lokale handelen er særleg viktig for å generere aktivitet i sentrum, og plassering av desse tilboda må difor plasserast med omhug.

2 FÅ HOVUDGATER DER AKTIVITETSKAPANDE HANDEL OG ANDRE VIKTIGE FUNKSJONAR ER KONSENTRERT

Både sentrum og talet på folk i nærleiken er som regel for lite til at det er hensiktsmessig å spreie handelen utover heile sentrumsområdet.

Det bør difor peikast ut eit fåtal gater, gjerne ikkje meir enn éi til to, der ein konsentrerer hovudtyngda av handel og viktige aktivitetsgenererande funksjonar, og gjer dette til eit område der mjuke trafikantar har høgste prioritet.

Dermed vil folk flest som kjem til sentrum søkje seg til nettopp desse gatene. Det at folk samlast i eit par gater på same tid forsterkar inntrykket av at sentrum er ein folksam og levande stad.

3 OVERORDNA PLAN FOR MØTEPLASSAR I SENTRUM

Det har heller ikkje noko for seg å lage for mange og like store møteplassar som er spreidd tankelaust ut over busetnaden. Igjen har dette med at ein i staden må forsøke å samle folk om nokre få fellesnemnarar.

Det bør difor lagast ein overordna plan over kvar møteplassane skal liggje, kva for funksjon dei skal ha og kva målgrupper dei rettar seg mot. Det må vere eit hierarki i kor viktige møteplassane skal vere og korleis dei vert organisert.

Gode møteplassar ligg ikkje isolert, men i samband med viktige funksjonar som folk oppsøker ofte. Dei viktigaste møteplassane bør liggje i samband med hovudgatene. Her går folk på kryss og tvers til og frå butikkar og tenester. Der to gater kryssar kvarandre er det særskild mykje aktivitet. Ein møteplass her vil med andre ord vere lett tilgjengeleg for mange.

Storleiken på møteplassane er òg avgjerande for korleis dei vert oppfatta. Er ein i tvil bør ein heller lage dei litt *mindre* enn for store. Eit lite rom med få menneskje opplevast fullare enn eit stort rom med få menneskje.

4 SAMANHENGANDE NETTVERK MELLOM MØTEPLASSANE OG ANDRE MÅLPUNKT I SENTRUM OG KRINGLIGGANDE OMRÅDE

Møteplassane må hengje saman i eit nettverk som knyt dei saman med viktige funksjonar og tenester i sentrum inkludert bustadområde.

Tilgjenge er òg alfa og omega for om ein møteplass skal fungere. Dei mindre møteplassane kan gjerne vere små "kvilestopp" på vegen til dei større og meir sentrale møteplassane.

Dette nettverket må vere tilrettelagd og behageleg for fotgjengarar og syklistar slik at folk vert oppmoda til å la bilen stå. At det tek kortare tid å kome seg nokon stad til fots enn med bil er mange gongar avgjerande for om folk faktisk vel andre transportmogelegheiter enn bilen. Difor er det særskild viktig å leggje opp til mange og trivelege snarveggar mellom målpunkta i kvardagslivet til innbyggjarane.

5 ORGANISERTE PARKERINGSPLASSAR PÅ STRATEGISKE STADAR FOR Å FØRE FOLK DIT EIN YNSKJER

Ein må redusere areala i sentrum som vert brukt til parkering og frigjere dei til andre føremål. Dette må ikkje gå på kostnad av dei som er avhengige av bilen uansett kor mykje ein pratar om at fleire folk må gå eller sykle.

Altso bør ein organisere parkeringsplassane mykje meir strategisk og til fordel for sentrumslivet.

Parkeringsplassar genererer liv i den forstand at mange går til og frå bilen sin. Det som verkar inn på gatelivet er *kor langt dei går mellom bilen og målet sitt*. Ein kan soleis bruke parkeringsplassane til å sluse folk inn dit ein ynskjer. Ein kan til dømes plassere dei største langtidsparkeringsplassane i kvar sin ende av ei hovudgate, eller ved kvar sin innfartsport til sentrum.

Mindre parkeringsplassar i sentrum må òg plasserast med omhug. Langtidsparkering i sentrum, som ofte vert tekne opp av folk som jobbar der, bør unngåast. Det er kundane som skal ha første prioritet.

Samstundes som ein organiserer parkeringsplassar, må ein òg tenkje på at folk skal ha mogelegheit for å setje frå seg sykklar. For at folk skal velje å bruke sykkelen som framkomstmiddel er det ofte avgjerande at det finnast mange og trygge nok stadar å setje han frå seg.

DEL 4:

VERKTØYKASSA

Her presenterer eg mitt framlegg til ei verktøykasse med prinsipp som eg meiner bør liggje til grunn for planlegging og utforming av møteplassar i sentrumsområda i mindre tettstadar i rurale område på Vestlandet.







VERKTØYKASSA

Av di eg meiner det å lage gode møteplassar i sentrum av mindre, rurale tettstadar handlar like mykje om sentrumsutvikling som rein formgjeving av enkeltståande møteplassar, har eg valt å dele verkøtykassa i to delar.

DEL 4.1:

Denne første delen vert ein repetisjon av det som kom fram i del 1.1 og i refleksjonen, men eg meiner det høyrer heime i verkøtykassa og gjentek det dermed her.

Føresetnadar for at ein skal lukkast med å lage gode, offentlege møteplassar utandørs i sentrum.


Generelle fokusområde som kommunar og planleggjarar må ta med i alt planleggingsarbeid generelt, men som ikkje er mindre viktig i høve til møteplassar av den grunn.

DEL 4.2:

Formgjevingsprinsipp fordelt på seks tema som eg meiner bør liggje til grunn for utforming av offentlege møteplassar i sentrumsområda i mindre, vestnorske, rurale tettstadar.

4.1: FØRESETNADAR FOR VELLUKKA MØTEPLASSAR


1 MANGE BUSTADAR I SENTRUM OG NÆROMRÅDA




2 FÅ HOVUDGATER DER AKTIVITETSSKAPANDE HANDEL OG ANDRE VIKTIGE FUNKSJONAR ER KONSENTRERT




3 OVERORDNA PLAN FOR MØTEPLASSAR I SENTRUM



4 SAMANHENGANDE NETTVERK MELLOM MØTEPLASSANE OG ANDRE MÅLPUNKT I SENTRUM OG KRINGLIGGJANDE OMRÅDE



5 ORGANISERTE PARKERINGSPLASSAR PÅ STRATEGISKE STADAR FOR Å FØRE FOLK TIL EIN YNSKJER



GENERELLE FOKUSOMRÅDE

For å skape varme og inkluderande lokalsamfunn som er gode å bu i, har Regjeringa laga nokre lovar og føringar angående stadutvikling som kommunane må rette seg etter.

Dette gjeld generelt for all planlegging, og dei er ikkje mindre viktige i høve til å utvikle gode møteplassar. På stadar der folkesetnaden er låg er ein særskild avhengig av at tilhøva rundt møteplassane òg er godt utforma.

Dei følgjande punkta er oppgåver og utfordringar som kommunane har ansvaret for og som dei gjerne er klar over frå før. Eg har teke dei med i verktøykassa av di dei ikkje er mogleg å kome utanom om ein vil skape gode møteplassar.

Eg har formulert punkta til å rette seg meir mot møteplassar i sentrum heller enn generelt for all planlegging i kommunen.

KOMPAKT SENTRUM



- Opparbeide eit kompakt sentrum og samle aktivitetsgenererande funksjonar og bustadar.
- Korte avstandar gjer det enklare å vere fotgjengar og slik betrar ein grunnlaget for eit levande gatebillete i sentrum.

UNIVERSELL UTFORMING



- All planlegging skal baserast på universell utforming og tanken om at folk flest skal ha tilgjenge til dei ulike tilboda, møteplassane og ferdselsårene, og at dei skal vere lett å bruke.
- Ved å synleggjere med skilting, informasjon og god struktur gjer ein det enkelt for folk å navigere i sentrum og nærområda.

MEDVERKNAD OG LOKAL FORANKRING




- Medverknad og tett dialog med innbyggjarane i planleggingsprosessane for å styrke eigarskapskjensle og stadstilhøyrse.
- Særskild leggje til rette for at born og unge og andre utsette grupper i samfunnet får ytra synspunkta sine i saker som vedkjem dei og heimstaden deira.
- Syte for at planar og utforming vert tilpassa tettstaden og menneskja som bur der.

FYSISK AKTIVITET SOM FERDSEL



- Sikte mot å redusere klimagassutslepp ved å oppmøde folk til å gå eller sykle.
- Syte for at det er gode gang- og sykkelårer inn til tettstaden òg, ikkje berre i sjølve tettstaden.
- Dette inneberer òg planlegging av trygge og tilstrekkeleg mange sykkelparkeringar.

SAMANHENGANDE GRØNSTRUKTUR



- Sentrum må få ein tilfredsstillande grønstruktur som oppmodar folk til å vere meir fysisk aktive utandørs.
- Legge til rette for at innbyggjarane kan drive med fysisk aktivitet og friluftsliv gjennom t.d. å lage parkar og informere om turmogelegheiter tilgjengelege frå sentrum.

KLIMA



- Kjenne til noverande mikroklima i sentrum for å best plassere møteplassane, og i planlegginga ta høgde for at klimaet i framtida vert både våtare, varmare og meir ekstremt.
- Planleggje uteområda for vått vêr med relativt få soldagar, og tilbakevendande flo som stadig vert høgare.

GOD KVALITET I MATERIAL OG UTFØRING



- Kommunane må krevje god kvalitet i at all planlegging og utføring av tiltak i uteromma, både materialbruk og utforming.
- Uteområda og møteplassane kan ikkje bli saneringspostar når det innandørs vert for dyrt. Offentlege møteplassar er limet i samfunnet.

4.2: FORMGJEVINGSPRINSIPP

FORHOLDET
TIL
LANDSKAPET

s. 97

ROM-
DEFINERANDE
ELEMENT

s. 98

FORHOLDET
MENNESKJE OG
OMGJEVNAD

s. 99 -100

FORHOLDET
MELLOM INNE
OG UTE

s. 101

VARIERT
BRUK OG
FUNKSJON

s. 102

VERDI OG
HISTORIE

s. 103

FORHOLDET TIL LANDSKAPET

BRUK ELEMENT FRÅ DET NÆRE LANDSKAPET



- Renn det ei elv eller bekk gjennom sentrum må denne løftast fram som den kvaliteten ho er. Bruk elva til å knyte saman delar av sentrum og lag opphaldsrom langs med laupet.
- Der det finnast spesielle naturformar, om det er ein fjellvegg, knaus, ein stor stein eller liknande, kan dette implementerast i møteplassane for å skape større variasjon og vere med å gje kvar møteplass sitt unike særpreg.

GJER FJORDKANTEN TILGJENGELEG



- Må vere tilgjengeleg for alle.
- La folk få kome i direkte kontakt med vatnet.
- Store offentlege grøntområde og promenadar i samband med fjordkanten er ein kvalitet folk set stor pris på. Det toler dessutan å bli fløynd over og er soleis ein fordel i høve til høg vasstand.

VEGETASJON SOM INNFARTSÅRE OG INNREIING



- Trekk naturen inn i møteplassen gjennom vegetasjon som følgjer gang- og sykkelnettverket ut av sentrum.
- Klyngjer av tre, gatetre, buskfelt og stauder og plen gjer det triveleg å ferdast i og mellom møteplassane.
- Bruk vegetasjon til å mjuke opp uttrykket til møteplassane. Sjølv grå møteplassar som t.d. torg har vert trivlegare med innslag av grønt.
- Parkar i sentrum mogleggjer friluftaktivitetar for folk som av ulike årsaker er mindre mobile. Det krev at parkane er store nok til at ein kjem på tilstrekkeleg avstand frå vegar og trafikk.


KONTAKT MED DET FJERNE LANDSKAPSROMMET



- La møteplassane opne seg ut mot det store landskapsrommet i ein retning.
- Hald moglegheita opa for folk til å kome nærare naturen, både fysisk og visuelt.
- Kontrasten mellom det nære og små mot det fjerne og storslagne kan gje sær s mykje til møteplassen.
- Syt for at særeigne og identitetsskapande element i det kringliggjande landskapet som er karakteristiske for staden, t.d. fjorden eller eit spesielt fjell, er synlege frå møteplassen.
- Tenk med *omhug* på *kvar hen* og på *kva* det er ein ynskjer å rette blikka til menneskja.
- Siktliner til landemerker som ein berre ser frå utvalde plassar kan gjere det spanande å ferdast gjennom møteplassen.


ROMDEFINERANDE ELEMENT

TENK POSITIVT




- Formgje tomromma heller enn bygningane. Lag positive rom med tydeleg definerte veggjar.
- Sjå dei konkave og konvekse formane i samanheng og lag gode overgangar. Etter som ein beveger seg gjennom eit eller fleire rom opplever ein omgjevnadane som ein konstant veksling mellom konkave og konvekse formar.

SAMANHENGJANDE BYGG




- Bygg husa inntil kvarandre slik at veggane heng saman.
- Samanhengjande veggjar dannar lettare konkave veggjar. Dette betrar romkjensla i motsetnad til berre enkeltstående hus.
- Møteplassen må ha direkte kontakt med minst éin vegg, men gjerne fleire.

DIMENSJONAR OG PROPORSJONAR



- Forholdet mellom golvflata i høve til veggane avgjer om ein opplever rommet som t.d. trangt, innesteng, beskyttande eller eksponert.
- Høgda på bygga kring møteplassen bør samsvare med busetnaden elles i sentrum.
- Der det likevel vert høge bygg, kan ein trekkje etasjane over 2. etasje bakover slik at ein reduserer den opplevde høgda frå gateplan.
- Dersom det er særvisst kor mange menneskje det kjem til å vere på møteplassen samstundes mesteparten av tida, bør ein lage møteplassane heller litt mindre enn for store. Lengda av kortsida i rommet bør aldri overstige 25 meter.

DELVIS OMSLUTTA ROM LEIER INN I KVARANDRE



- Romma må ikkje vere fullstendig lukka. Ein bør unngå å lage blindgater med utgang berre i eine enden.
- I staden må det vere lett å kome seg inn i dei og vidare gjennom til neste rom.
- Lag rom som opnar seg opp mot kvarandre og fører folk gjennom sentrum dit ein ynskjer.

SMÅ ROM I STORE



- Kvant rom bør vere lett fattbart, altså ikkje større enn at folk klarer å få oversikt over heile rommet samtidig (innanfor det sosiale synsfeltet).
- Lag mindre opphaldsrom i større rom mellom anna ved å bruke vegetasjon og mindre konstruksjonar. Mindre rom kan planleggjast slik at dei fører menneskja gjennom ein større møteplass (t.d. ein park som blir delt inn i mindre delar ved hjelp av vegetasjonen).

FORHOLDET MELLOM MENNESKJE OG DEI NÆRE OMGJEVNADANE

RIKT DETALJERTE OG VARIERTE KANTAR




- Fasadane i 1. etasje må by på mange detaljar, rik variasjon og god kvalitet i både material, form og uttrykk. Det er desse folk har moglegheit for å oppleve intenst og på nært hald.
- Nye impulsar kvart 4.-5. sekund, tilsvarende kring 5-6 meter, har vist seg å vere bra.
- Lag fasadar med nisjar, sitjetersklar i ulike høgder, framstikk og holrom, overbygg, osb.

TRYGG I HØVE TIL TRAFIKK



- Mjuke trafikantar skal ha høgaste prioritet. Legg bilvegane langt frå møteplassane, eller krev låg fartsgrense på vegar som går like ved dei.

SOCIOPETALE SITJEARRANGEMENT



- Organiser sitjemøblane slik at dei dannar grupper der fleire kan vere i lag og som oppmodar til kommunikasjon og gjer det lett å halde samtalar. Vikig dersom møblane er fastlåste/for tunge til å flyttast.
- Lause stolar som folk kan flytte på sjølv.
- Sitjemøblar i seg sjølv kan òg vere sociopetalt utforma og slike er å føretrekkje.

MANGE TYPAR OPPHALD



- Lag mange ulike primære og sekundære sitjemoglegheiter med og utan bord.
- Gje folk mange ulike element å støtte og lene seg til. Særskild langs kantane, men òg ut på møteplassen.
- Pullertar, statuar, tersklar, lysstolper, osb.
- Innby til ståande opphald der folk ikkje står i vegen for ferdsele på plassen.

KOMFORTABLE SITJEPLASSAR



- Heilskapleg møblering med gjennomtenkt utsjånad som passar inn på plassen.
- **Gode møblar** for ulike brukargrupper: med og utan armlene, ryggstøtte, god vinkel mellom setet og ryggen og ulike sitjehøgder, osb.
- **Gode material.** Bruk material som er varme å stje på, t.d. tre i staden for stein.
- **God plassering**, gjerne langs kantane. Sitjeplassane bør ha vern i ryggen slik at folk ikkje treng å vere bekymra for kva som skjer bak ryggen sin. Dette kan vere husveggar, murar, buskbeplanting, osb. Ikkje la dei stå fritt midt på opne plassar.
- **Godt utsyn.** Plasser sitjeplassane med viten og vilje slik at dei har uhindra utsyn til andre menneskje og aktivitetane som går føre seg på møteplassen/området utanfor, utsikt til natur/landskapsformar.
- **Behageleg mikroklima.** Syt for at sitjeplassane er plassert slik at ein kan nyte positive sider ved vêret, t.d. sol eller skugge alt etter som. Men syt og for at dei kan skjermast for sider ved vêret ein ikkje ynskjer å vere eksponert for, t.d. regn, vind, o.l.
- **Lågt støynivå.** Syt for at det er behageleg å føre normale samtalar, dvs. ikkje legg t.d. tungtrafikktransportårar like ved.
- **God lyssetjing.** Sitjeplassane må vere lyssett nok til at folk framleis har kontroll over området, men utan at dei vert blenda eller kjenner seg eksponert.

FORHOLDET MELLOM MENNESKJE OG DEI NÆRE OMGJEVNADANE

BEHAGELEG MIKROKLIMA



- Skjerma og naturleg lune stadar i sentrum bør utnyttast til møteplassar. Kartlegg lokalklimaet og sjå kvar det er dei beste stadane ligg hen.
- Mindre, og dermed mindre eksponerte, rom gjev betre mikroklima.
- Legg opp til møteplassar og opphaldsstadar der det er mykje sol, gjerne i sør-sørvestvente veggjar. Solnedgang er ein kvalitet i likskap med ettermiddagssol.
- Siktliner mot spesielle fjellpass der sola først kjem til syne att etter vinteren.
- Møteplassar som ligg slik at dei ikkje/sjeldan får direkte sollys, kan hjelpast ved å bruke reflekterande material på moståande veggjar som t.d. glas eller lyse veggjar.
- Lag løysingar som gjer det interessant/mogleg å vere utandørs sjølv når vêret ikkje er optimalt. Overbygg, leveggjar, dukar ein kan trekkje ned mot både regn og vind, osb.
- Regnet er ein kvalitet. Bruk det til utsmykking av møteplassane gjennom t.d. regnbed og opne kanalar som samlar regnvatn frå kringliggjande flater. Bruk det til å aktivisere møteplassane.
- Lag installasjonar på møteplassane som får ein ekstra dimensjon dersom det t.d. regnar eller bles.
- Planlegg kvar snødepo skal liggje slik at dumping av snø om vinteren ikkje øydelegg for bruken av møteplassane/gjer opphald på plassen upraktisk.

VEGETASJON



- Ha rikeleg med innslag av tre, buskar, stauder og blomar på møteplassane. Natur, sjølv i små mengdar, har positiv innverknad på menneskja si helse.
- Vegetasjonen fungerer som estetiske og oppmjukande element, men kan òg nyttast for å betre mikroklimaet, t.d. ved å gje skugge, le for vind, osb.
- Vegetasjonen må vere mangfaldig. Spel på årstidvariasjonar.
- Det bør lagast ein skjøtselsplan for korleis dette skal vedlikehaldast og kven som har ansvaret for det etter at møteplassane er etablert.

LYSSETJING



- Lag ein overordna plan for korleis lyssetjinga skal vere i sentrum.
- Bruk lys til å gje ulike stadar ulik karakter, og/eller til å knyte saman stadar som høyrer i lag.
- Ikkje bruk flomlys. Lysset møteplassane slik at folk ser utan å bli blenda, og utan at dei kjenner seg eksponert eller som i eit rampelys.
- Ikkje send lyset ut i alle retningar, men rett det nedover der folk går.
- Bruk effektbelysning til å setje fokus på t.d. store tre, gamle eller viktige bygg, osb.

FORHOLDET MELLOM UTE OG INNE

OPNE FASADAR - STORE VINDAUGE



- Fasadane i 1. etasje må ha store vindauge slik at menneskja ute får kontakt med dei som er inne og omvendt.
- Serveringsstadar (spesielt men ikkje eksklusivt) bør ha moglegheit for opne vindauga/veggane heilt ut mot møteplassen utanfor. På solfylte dagar kan ein soleis trekkje verksemda heilt ut.

AKTIVE FASADAR - AKTIVITET FRAMFOR DØRA



- Trekk verksemdene ut. Bruk areala framfor inngangspartia til å setje ut varer, stolar, bord, benkar og blomar og oppmod folk til å bruke tid framfor inngangane.
- La folk få bruke meir enn berre éi av sansane sine til å oppleve kantsona med. La dei få lukte, ta og kjenne på det som måtte stå her.
- Serveringsstadar må ha tilstrekkeleg plass til bord og stolar for uteservering.

INNGANGSPARTI RETTA UT MOT MØTEPLASSEN



- Inngangar skapar aktivitet. Ein må difor leggje inngangane slik at ein kan sjå dei frå møteplassen.
- Smale fasadar (gjerne ikkje meir enn 5-6 meter) og mange inngangsdører til viktige målpunkt, er ein stor kvalitet. Dette gjev plass til mange typar tilbod som trekk fleire menneskje.

MAT OG DRIKKE LIKE VED



- Syt for å ha ein stad folk kan kjøpe mat og drikke like ved møteplassen. Dette tillét opphald over tid og genererer mykje fottrafikk.
- Det treng ikkje vere avansert, ein kiosk eller kafé held lenge. Det viktige er at denne verksemda gjev moglegheit for opphald både ute og inne, alt etter ynskje.

VARIERT BRUK OG FUNKSJONAR

BLAND BRUKARGRUPPER




- Planlegg møteplassane for fleire brukargrupper. Dei mest attraktive og spanande møteplassane er dei som kan tilby noko for menneskje med ulik bakgrunn, alder, interesser, osv. slik at folk treffast på tvers av og på tross av ulikskapar.
- Likevel: det let seg vanskeleg gjere å tilfredsstillere absolutt alle grupper samstundes. Difor er det ofte betre å fokusere på eit bestemt utval hovudgrupper.

MANGE OPPHALDSMOGLEGHEITER



- Tilby mange og ulike måtar å gjere opphald på: Stå, sitje, liggje, lene, med bord og utan.
- Lag mange minimøteplassar langs kantane, både kommersielle og slike ein ikkje treng å betale noko for å sitje ved.
- Gje folk moglegheit til å velje kor sosiale/eksponerte dei skal vere (åleine eller i lag med andre). Lause stolar eignar seg godt til dette.

BLAND FUNKSJONAR KRING MØTEPlassen



- Funksjonane kring plassen må trekke til seg folk. Kontorbygg er døme på funksjon som gjev lite liv på gata, medan ein kafé eller ein matbutikk gjev mykje meir.
- Både naudsynte tenester og andre meir lystbetonte aktivitetar bør liggje like i nærleiken.
- Verksemdar og tilbod må overlappa kvarandre i tid og rette seg mot fleire målgrupper.

MELLOMBELS BRUK



- I tilfelle der det skal etablerast ein møteplass på det som den lokale folkesetnaden ser på som ein ikkje-stad, kan ein i forkant nytte mellombelse tiltak for å skape aktivitet og styrkar forholdet mellom menneskja og staden.
- Det kan t.d. vere å bruke ein parkeringsplass til små parklet'ar (sjå biletet over) eller parsellhagar ei tid, eller ein kan plassere ein installasjon som folk kan samhandle med.


SPANANDE INNREIING



- Møteplassen må by på meir enn berre sitjeplassar eller éin spesifikk aktivitet.
- Tilfør staden noko som genererer fysisk aktivitet eller som menneskja kan ha ein interaksjon med.
- Utstyr møteplassane med møblar og andre element som er moglege å bruke på ulike måtar, kanskje ikkje berre til det dei var tiltenkt.
- Inviter til leik og fysisk aktivitet.
- Lys opp møteplassen (ikkje flomlys!) for å gje moglegheit for å bruke møteplassen på kveld/natt òg.
- Affordance – eigenskapar ved eit objekt som gjev moglegheit for eller oppmodar til ulik bruk. Ein benk er for mange noko å sitje på, men med riktig design og plassering kan den òg liggjast på, eller t.d. fungere som "safespace" i eit hav av lava.

VERDI OG HISTORIE

LETT TILGJENGELEG MED LOGISK PLASSERING



- Ikkje ekskluderande og lett tilgjengelege og enkle å bruke for fleire brukargrupper: ungdom, eldre, utlendingar, personar med nedsett mobilitet, osv.
- Legg møteplassane logisk til i lag med eller på veg til viktige målpunkt i folk sin kvardag. Kryssingspunkt mellom fleire slike ruter er gode stadar å leggje til rette for opphald.
- Materialbruk som gjer det behageleg å gå/ rulle på overflatane (ikkje glatte, ruglete, osv.)

LØFT FRAM HISTORISKE STADAR



- Undersøk om det er stadar eller bygg som har hatt særskild tyding for den historiske utviklinga til sentrum. Viktige historiske plassar kan bli viktige hovudmøteplassar.
- Møteplassar på slike stadar kan gjere folk meir merksame på historia til staden sin og auke stadstilhørsla.
- Historiske kulturklenodie og fornminner kan synleggjerast der slike finnast.

LEGG TIL RETTE FOR KULTURLIVET



- Møteplassar kan bli ein arena for kulturtilbodet i lokalsamfunnet ved å leggje til rette for behova dei måtte ha.
- Det kjem an på kva type kulturtilbod som finnast, men ein kan t.d. lage ei scene til å framføre på, eit slett dekke kvar ein kan drive med dans, eller plass til å setje opp boder for å selje lokalproduisert mat.

TA VARE PÅ BYGG MED SÆRPREG



- Gamle bygg, særskild trehus, har gjerne mykje av det ein kan kalle for "sjel" om dei er stelt godt med. Slike hus kan bidra til å gje møteplassane ein triveleg atmosfære samstundes som litt av historia til staden syner att.

BYGG OPP UNDER STADSIDENTITETEN



- Finn ut kva det er dei lokale meiner er identiteten til tettstaden. Kva er dei stolt av?
- Kva har kommunen lyst at tettstaden skal vere kjend for? Finnast det viktige næringar eller hjørnesteins-verksemder som det kan setjast lys på?
- Slike ting kan trekkjast fram og brukast som element på møteplassane for å styrke forholdet mellom dei og menneskja.

FORTEL OM DET SOM VAR



- Folk flest oppfatar ikkje linken mellom møteplassen og historia utan vidare. Til det treng dei meir informasjon.
- Lag installasjonar, tavler, o.l. som fortel om korleis tettstadane vart til, eller andre interessante hendingar frå historia.
- Gjer det interessant, og gjerne på ein måte som folk kan samhandle med. Slikt kan òg vere interessant for folk utanfrå.

DEL 5: AVSLUTNING

I denne avsluttande delen presenterer eg konklusjonen min etterfølgd av ein refleksjon.

Til slutt kjem kjelde- og figurliste.



KONKLUSJON

Problemstillinga i denne oppgåva var:
Kva for formgjevingsprinsipp bør liggje til grunn for utforming av utandørs møteplassar i sentrum av mindre, vestnorske, rurale tettstadar?

Ut frå det eg no veit om mindre, vestnorske, rurale tettstadar og det eg sjølv har erfart gjennom oppveksten på ein slik tettstad, stilt opp mot det eg har henta inn av informasjon og teori i denne masteroppgåva, vil eg hevde følgjande:

Den eksisterande kunnskapen om at utforminga av byrom og møteplassar i større byar bør basere seg på menneskja sine sansar og behov, kan òg brukast til å formgje møteplassar i sentrumsområda i mindre, rurale tettstadar på Vestlandet.

At byrom i tillegg må vere tilgjengelege og ha ei forankring til menneskja og staden dei ligg på, er òg minst like viktig for møteplassar i mindre tettstadar som for byar.

Med andre ord:

Det som finnast om formgjeving av uterom i bygde omgjevnadar for at dei skal bli behagelege og interessante for menneskja å vere i, bør òg liggje til grunn for utforming av utandørs møteplassar i sentrum av mindre tettstadar dersom ein *samstundes* ser på møteplassane i samband med resten av sentrum og jobbar mot å styrkje sentrum som ein heilskap for å få folk til å samlast her.

REFLEKSJON

Før eg byrja arbeidet med denne masteroppgåva hadde eg lyst til å forsøke å lage formgjevingsprinsipp som var spesifikt tilpassa mindre, vestnorske og rurale tettstadar. Dette har eg altso ikkje enda opp med. Framgangsmetoden eg har brukt har ikkje gjort det mogeleg for meg å peike ut formgjevingsprinsipp for møteplassar som rettar seg eine og åleine mot slike tettstadar. Til det har eg hatt eit for lite datagrunnlag.

Formgjevingsprinsippa i denne verktøykassa spelar altso ikkje i stor grad på noko som er særskilt unikt for mindre, vestnorske tettstadar i rurale omgjevnadar. Dei byggjer på det faktum at menneskje er menneskje same kvar ein er. Dermed kan dei ikkje seiast å gjelde eine og åleine for utforming av møteplassar i slike tettstadar, men kan derimot brukast om lag over alt.

Spørsmålet om kva det er som utgjer gode møteplassar i sentrumsområda i mindre, rurale tettstadar i Distrikts-Noreg er eit interessant og ikkje minst viktig emne. Eg håpar difor at nokon har lyst å ta opp att tråden der eg berre so vidt har byrja, og dykke djupare inn i kva det er som skil slike møteplassar frå møteplassar i byar og urbane tettstadar.

Då trur eg ein lurare veg å gå vil vere å ta føre seg casestudie av fleire slike mindre tettstadar for å sjå på løysingar som fungerer bra og eventuelt ikkje fungerer. Slik kan ein kanskje gjere seg opp

eit inntrykk av kva for type løysingar som har ein tendens til å fungere betre enn andre og kvifor det er slik. Om ein klarer å systematisere ein slik kunnskap på noko vis, kan dette utgjere ei stor hjelp for alle slike mindre tettstadar. Attraktive sentrum er særst viktige for at menneskje har lyst til å bu ein stad.

Når det er sagt, meiner eg denne verktøykassa, slik ho er no, likevel kan vere eit godt grunnlag å basere planlegging og formgjeving av utandørs møteplassar på. Eg både håpar og trur difor at ho kan vere til hjelp for planleggjarar til å lage gode og komfortable møteplassar i sentrum av mindre, rurale tettstadar, uavhengig av om dei er vestnorske eller ligg andre stadar i landet.

Men verktøykassa må brukast som det ho er; prinsipp og eit verktøy som må brukast korrekt. Formgjevingsprinsippa må brukast på riktig måte på riktig plass og tilpassast til staden og menneskja. Korleis desse prinsippa best kan implementerast må ein vurdere i kvart enkelttilfelle, frå tettstad til tettstad.

Ein må byggje på kvar einskilde tettstad sine styrker og moglegheit, karakter og identitet. Medverknad frå den lokale folkesetnaden vert i den samanheng særst viktig. Ein må setje seg inn i behova til ulike brukargrupper generelt, og vidare i dei faktiske ynskja til menneskja som skal bruke sentrum.

Etter at møteplassane er etablert må ein syte for at dei vert tekne vare på og heldt ved like. Dersom det ikkje er mange ressursar til slikt kan kommunane kanskje forsøkje å gjere nytte av all den dugnaden og stå-på-vilja som finnast i folkesetnaden. Kanskje kan nokre av dei lokale laga, foreiningane eller organisasjonane vere med å skjømte plassane? Uansett korleis det går føre seg, so må det skje. Ein ustelt plass vil sannsynlegvis bli mindre brukt.

Det viktigaste for å lage gode utandørs møteplassar i mindre, rurale tettstadar er truleg å syte for at sentruma styrkast som eit heile for å gje folk ein grunn til å vere der. I tillegg er det viktig å jobbe med å gjere innbyggjarane medvitne om kor avgjerande det er at dei faktisk brukar dei tilboda og tenestene som finnast i sentrum for at desse skal halde fram med å vere tilgjengelege. Dette vil gagne både menneskje og handel som igjen aukar sentrumslivet.

Til sist vil eg avslutte med seie at eg håpar Gloppen kommune finn informasjonen i denne masteroppgåva nyttig sjølv om dei no snart er komne i land med dei nye sentrumsplanane for Sandane sentrum.

KJELDELISTE

Alexander, C., Ishikawa, S. og Silverstein, M. (1977). *A pattern language: towns, buildings, construction*. Center for Environmental Structure series, b. 2. New York: Oxford University Press. 1171 s.

Bettum, O. og Butenschøn, P. (1997). *Gode byrom : verktøykasse for møtesteder i byer og tettsteder*. Oslo: Norsk form.

Butenschøn, P. og Dhal, G. (2012). *Våre gater og plasser*. Oslo: Forlaget Press. 319 s.

Carmona, M., Tiesdell, S., Heath, T. og Oc, T. (2010). *Public places - urban spaces : the dimensions of urban design*. 2 utg. Oxon: Routledge. 147 s.

Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap. (2016). *Havnivåstigning og stormflo – samfunnsikkerhet i kommunal planlegging*. HR 2329. Tønsberg: Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap.

Distriktssenteret. (2016). *Med hjerte for den rette staden – Læringshefte om stadstilhørersle* [PDF]. Tilgjengeleg frå: <https://distriktssenteret.no/2016/05/04/hjarte-rette-staden/> (Lest 6. mars 2017). 20 s.

Distriktssenteret og Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. (2017). *Innvandring, inkludering, sysselsetting og lokal utvikling* [PDF]. Tilgjengeleg frå: <https://distriktssenteret.no/2017/02/17/temahefte-innvandring-inkludering-sysselsetting-lokal-utvikling/> (Lest 6. mars 2017). 48 s.

Distrikt: landlig område. (14. februar 2009). i: *Store norske leksikon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: https://snl.no/distrikt/landlig_omr%C3%A5de (Lest 29. januar 2016).

Distrikt. (16. januar 2013). i: *Store norske leksikon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/distrikt> (Lest 29. januar 2017).

eKlima. (2017). Værdata. eKlima: Meteorologisk institutt. Tilgjengeleg frå: http://sharki.oslo.dnmi.no/portal/page?_pageid=73,39035,73_39080&_dad=portal&_schema=PORTAL (lest 26. februar 2017).

Folkehelselova. Lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid.

Føydalisme. (16. januar 2017). i: *Store norske leksikon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: https://snl.no/f%C3%B8ydalisme#-Det_f%C3%B8ydale_samfunn (Lest 06. februar 2017).

Gaarder, G. og Fjeldstad, H. (2002). Biologisk mangfold i Gloppen kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2002:10. 43 s.

Gehl architects og Distriktssenteret. (2016). Attraktive og berekraftige bumiljø i småbyar [PDF]. Tilgjengeleg frå: <https://distriktssenteret.no/2016/04/25/attraktive-berekraftige-bumiljo-smabyar/> (Lest 12. februar 2017). 31 s.

Gehl, J. (2010). *Byer for mennesker*. København: Bogværket. 273 s.

Gehl, J. (2003). *Livet mellem husene : udeaktivitet og udemiljøer*. 5. utg. København: Arkitektens Forlag. 191 s.

Gloppen kommune. (u.å.). Om Gloppen [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.gloppen.no/artikkel.aspx?Aid=6747&back=1&Mid1=1271> (Lest 25. januar 2017).

Gloppen kommune. (2009). *Gloppen kommuneplan 2008-2020: skriftleg del*. Gloppen. 37 s.

Gloppen kommune. (2016a). *Parallelloppdrag: Den urbane fjordlandsbyen Sandane*. Gloppen. 18 s.

Gloppen kommune. (2016b). *Planstrategi 2016- 2020*. Gloppen: Gloppen kommune. 19 s.

Gloppen kommune. (2016c). *Utfordringsdokument 2015: faktorar som påverkar helse og trivsel i Gloppen* [PDF]. Gloppen: Gloppen kommune. Tilgjengeleg frå: <https://gloppen.kommune.no/tenester/samfunnsutvikling-og-planar/kommuneplan/> (Lest 13. januar 2017).

Grønli, K. S. (2006). *Flytter frå Nord-Vestlandet og Nord-Norge* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://forskning.no/statistikk-demografi/2008/02/flytter-fra-nord-vestlandet-og-nord-norge> (Lest 5. mars 2017).

Hjetland, G. B. (2015). *Lokalsamfunna må forstå sin eigen situasjon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.maloy.vgs.no/?cat=329217&id=5667292&showtipform=2> (Lest 5. mars 2017).

Institutt for samfunnsforskning. (2011). *Dugnader endrer form* [Internett]. Oslo: Forskning.no. Tilgjengeleg frå: <http://forskning.no/fritid-arbeid-samfunnskunnskap/2011/05/dugnaden-endrer-form> (Lest 15. februar 2017).

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. (2016). *Opprinnelse – todelt* [Internett]. Oslo: Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. Tilgjengeleg frå: https://www.imdi.no/tall-og-statistikk/steder/K1445/befolkning/befolkning_verdensregion_todelt (Lest 24. mars 2017).



Kartverket. (2017). *Framtidig havnivå langs Norskekysten* [Internett]. Sist oppdatert: 11. april 2017. Tilgjengeleg frå: <http://kartverket.no/Kunnskap/Klimaforskning/framtidig-havniva-langs-norskekysten/> (Lest 14. april 2017).

Kjørstad, K. N. og Nilsen, J. (2012). *Forslag til ny organisering av kollektivtilbudet i distriktene* [PDF]. Rapport 32/2012. Oslo: Urbanet Analyse As. Tilgjengeleg frå: <http://www.nivianalyse.no/publikasjoner/2012.html> (Lest 5. mars 2017).

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2015a). *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging*. Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 24 s.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2015b). *Samarbeid mellom frivillige og kommuner – Råd og veiledning til kommuner som vil inngå samarbeid med frivillige* [PDF]. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/samarbeid-mellom-frivillige-og-kommuner/id2439324/?q=frivillige%20og%20kommuner> (Lest 16. februar 2017).

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2016). *Byrom - en idehåndbok: hvordan utvikle byromsnettverk i byer og tettsteder*. Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 104 s.

Kunnskapsforlaget. (u.å.). *Rural* [Internett]. Ordnett.no: Kunnskapsforlaget. Tilgjengeleg frå: <https://www.ordnett.no/search?search=rural&lang=en> (Lest 15. januar 2017).

Lorange, E. (1984). *Byen i landskapet – rommene i byen*. Oslo: Universitetsforlaget. 147 s.

Meld. St. 18 (2016 – 2017). *Berekraftige byer og sterke distrikt*.

Meld. St. 30 (2016 – 2017). *Frå mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk*.

Meld. St. 33 (2016 – 2017). *Nasjonal transportplan 2018 – 2029*.

Meteorologisk institutt (u.å.). *Klimaet i Norge* [Internett]. Tilgjengeleg frå: https://met.no/Klima/Klima_i_Norge/ (Lest 6. mars 2017).

Miljøverndepartementet. (2009). *Den europeiske landskapskonvensjonen – hverdagslandskapet* [PDF]. Oslo: Miljøverndepartementet. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/a9ac849929474654a039e63ed7a520b2/deneuropeiskelandskapskonvensjonen.pdf> (Lest 6. februar 2017). 28 s.

Miljøverndepartementet. (2013). *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv – en satsing på friluftsliv i hverdagen; 2014 – 2020*. Oslo: Miljøverndepartementet. 28 s.

Monnet, K. (1996). *Sandane sentrum ein stadanalyse – del 1*. Nordplan As. 64 s.

Norske arkitekters landsforbund. (2015). *Attraktive, bærekraftige bomiljø i småbyen* [PDF]. Tilgjengeleg frå: <https://distriktssenteret.no/utgreingar/> (Lest 12. februar 2017). 9 s.

Norsk klimaservicesenter. (u.å.). *Klima i Norge 2100* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://klimaservicesenteret.no/faces/desktop/article.xhtml?uri=klimaservicesenteret/klima-i-norge-2100> (Lest 14. april 2017).

Norsk klimaservicesenter. (2015). *Klima i Norge 2100 – Kunnskapsgrunnlaget for klimatilpasning oppdatert i 2015*. NCCS report no. 2/2015. Norsk klimaservicesenter. 204 s.

Norsk institutt for by- og regionsforskning. (2014). *Bolipreferanser i distriktene* [PDF]. Oslo: Norsk institutt for by- og regionsforskning. Tilgjengeleg frå: <https://distriktssenteret.no/2014/02/19/bolipreferanser-distrikta/> (Lest 7. mars 2017). 12 s.

Norsk telegrambyrå. (1999). *Nordmenn på verdenstoppen i dugnadsjobbing* [Internett]. Sist oppdatert 25. februar 2003. Verdens Gang. Tilgjengeleg frå: <http://www.vg.no/nyheter/innenriks/nordmenn-paa-verdenstoppen-i-dugnadsjobbing/a/788576/> (Lest 15. februar 2017).

Norsk telegrambyrå. (2017). *Rapport: Oslo-borgere sitter mest i kø i Norden* [Internett]. Oslo: Kommunal rapport. Tilgjengeleg frå: <http://kommunal-rapport.no/energi-og-miljo/2017/02/rapport-oslo-borgere-sitter-mest-i-ko-i-norden> (Lest 5. mars 2017).

NOU 2013: 10. *Naturens goder – om verdier av økosystemtjenester*.

Regjeringen. (2015). *Hvorfor stedsutvikling?* [Internett]. Oslo: Regjeringen.no. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/sub/stedsutvikling/om/stedsutvikling-mellomside/id2362955/> (Lest 10. januar 2017).

Regjeringen. (2017). *Uterom* [Internett]. Oslo: Regjeringen.no. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/sub/stedsutvikling/ny-emner-og-eksempler/uterom/id682367/> (Lest 02. februar 2017).

KJELDELISTE

Ruud, M. E., Schmidt, L., Sørli, K., Skogheim, R. og Vestby, G. M. (2014). *Boligpreferanser i distriktene. NIBR-rapport 2014:1*. Oslo: Norsk institutt for by- og regionsforskning. 173 s.

Skomakerstuen, B. (2016). *Frykter butikkdød og øde kjøpesentre* [Internett]. Netthandel.no. Tilgjengeleg frå: <https://netthandel.no/frykter-butikkdod-og-ode-kjopesentre/> (Lest 5. mars 2017).

Sogn og Fjordane fylkeskommune. (u.å.a). *Alderssamansetjing* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://statistikk.fylkesatlas.no/statistikk/84e86c48-1b07-4a06-bcb4-c0c0c0e82de8> (Lest: 6. mars 2017).

Sogn og Fjordane fylkeskommune. (u.å.b). *Friviljuge lag og foreiningar som får kommunalt tilskot* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://statistikk.fylkesatlas.no/statistikk/5e371de1-850f-4592-8716-369f6ec60131> (Lest 28. februar 2017).

Sogn og Fjordane Fylkeskommune. (2017a). *Folketalutvikling dei siste åra for Gloppen* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://statistikk.fylkesatlas.no/statistikk/bd1521a2-8e6b-402e-a0f6-a100c632e9f0> (Lest 6. mars 2017).

Sogn og Fjordane fylkeskommune. (2017b). *Gjennomsnittsalder per kommune* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://statistikk.fylkesatlas.no/statistikk/e4eddea2-c271-4199-827a-24ea92fccb2d> (Lest 6. mars 2017).

Sogn og Fjordane fylkeskommune. (2017c). *Grunnkrets kart detaljert - Gloppen kommune* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://statistikk.fylkesatlas.no/statistikk/89eafe92-bb2c-438c-af8d-d76fa038dd3b> (Lest 6. mars 2017).

Statens vegvesen. (2012a). *Nasjonal gåstrategi – strategi for å fremme gåing som transportform og hverdagsaktivitet*. Statens vegvesen rapporter Nr. 87. Oslo: Statens vegvesen. 180 s.

Statens vegvesen. (2012b). *Nasjonal sykkelstrategi – grunnlagsdokument for Nasjonal transportplan 2014 - 2023*. VD rapport, Vegdirektoratet Nr. 7. Oslo: Statens vegvesen. 45 s.

Statistisk sentralbyrå. (2016). *Befolkning og areal i tettsteder, 1. januar 2016* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/befteft?fane=om> (Lest 04. januar 2017).

Statistisk sentralbyrå. (2017). *Folkemengde og befolkningsendringar - Tabell: 07459: Folkemengde, etter kjønn og ettårig alder. 1. januar (K)* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/statistikkbanken/SelectVarVal/Define>.

Søholt, S., Tronstad, K. R., Bjørnsen, H. M. (2014). *Innvandrere og sysselsetting i et regionalt perspektiv – En kunnskapsoppsummering*. NIBR-rapport 2014:25. Oslo: Norsk institutt for by- og regionsforskning. 152 s.

Tvinnereim, J., Folkestad, S. & Djupedal, T. (2016). *Nordfjordboka: kulturhistorisk vegvisar*. Førde: Selja Forlag as. 512 s.

Urban. (15. februar 2009). i: *Store norske leksikon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/urban> (Lest 06. februar 2017).

Viste, E., Sorteberg, A. og Furevik, T. (2015). *Vestlandsregnet – blir der våtere enn før? Årbok for Universitetsmuseet i Bergen 2015* [Internett], 20, s. 22 – 27. Tilgjengeleg frå: <http://www.uib.no/universitetsmuseet/94055/%C3%A5rbok-2015-klima-i-endring> (Lest 6. mars 2017).



FIGURLISTE

Figur 1: Svartplan over Parma (Italia), eiga framstilling av svarplan i Carmona mfl. 2010, s. 78.

Figur 2: Svartplan over Saint-Dié (Frankrike), eiga framstilling av svarplan i Carmona mfl. 2010, s. 78.

Figur 3: Tre formar for aktivitetar. Eiga framstilling basert på Gehl 2010, s. 31.

Figur 4: 12 kvalitetskriteria, eiga framstilling abasert på Gehl 2010, s. 249.

Figur 5: Sekundær og primær sitteplass, foto: Project for public spaces, tilgjengeleg frå: <https://www.pps.org/reference/placemaking-as-community-creativity-how-a-shared-focus-on-place-builds-vibrant-destinations/>

Figur 6: Lause stolar, foto: Andrew Lloyd, tilgjengeleg frå: http://www.landezine.com/index.php/2015/11/monash-university-caulfield-campus-green-by-taylor-cullity-lethlean/tcl_monash-uni-caulfield-campus-green_andrew-lloyd-02/

Figur 7: Etasjehøgder. Eiga framstilling basert på Gehl 2010, s. 50.

Figur 8 : Sandane, Skjermdump og frå www.norgebilder.no

Figur 9: Faksimile av teikning i Monnet 1996, s. 5 (Monnet, K. (1996). Sandane sentrum ein stadanalyse – del 1. Nordplan As. 64 s.)

Figur 10: Faksimile av teikning i Monnet 1996, s. 5 (Monnet, K. (1996). Sandane sentrum ein stadanalyse – del 1. Nordplan As. 64 s.)

Figur 11: Nedbørdata, tabell henta frå eKlima 2017. (eKlima. (2017). Værdata. eKlima: Meteorologisk

institutt. Tilgjengeleg frå: http://sharki.oslo.dnmi.no/portal/page?_pageid=73,39035,73_39080&_dad=portal&_schema=PORTAL (lest 26. februar 2017).)


Figur 12: Nedbørdata, tabell henta frå eKlima 2017. (eKlima. (2017). Værdata. eKlima: Meteorologisk institutt. Tilgjengeleg frå: http://sharki.oslo.dnmi.no/portal/page?_pageid=73,39035,73_39080&_dad=portal&_schema=PORTAL (lest 26. februar 2017).)

Figur 13: Skjermdump frå <http://www.romvesen.as/Prosjekt/Camping.html>, tilgjengeleg frå <http://www.gloppen-camping.com/>.

Figur 14: Ortofoto over Sandane sentrum. Skjermdump og frå www.norgebilder.no

Alle fotografia i verktøykassa er private bilete.





Norges miljø- og biovitenskapelig universitet
Noregs miljø- og biovitenskapelige universitet
Norwegian University of Life Sciences

Postboks 5003
NO-1432 Ås
Norway